

Eg eller jeg?

Ein studie av forhold som kan påverke valet mellom nynorsk og bokmål
hos ungdom i Indre-Agder

Ingunn Kleggetveit

Rettleiar:
Ernst Håkon Jahr

*Masteroppgåva er gjennomført som ledd i utdanninga ved
Universitetet i Agder og er godkjent som del av denne utdanninga.
Denne godkjenninga inneber ikkje at universitetet står inne for dei
metodane som er nytta og dei konklusjonane som er trekte.*

INNHOLD

INNHOLD.....	I
TABELLAR OG FIGURAR	VI
FORORD	VIII
1 INNLEIING.....	- 1 -
1.1 Nynorsk – ein representant for det tradisjonelle og rurale?.....	- 1 -
1.2 Språk og individ.....	- 2 -
1.3 Problemstilling.....	- 3 -
1.4 Avgrensing.....	- 3 -
1.5 Perspektiv og metode.....	- 4 -
2 SPRÅK OG SAMFUNN PÅ AGDER - MED VEKT PÅ STUDIEOMRÅDET I INDRE-AGDER	6 -
2.0 Innleiing.....	- 6 -
2.1 Topografi og demografi.....	- 6 -
2.2 Næringsverksemd, pendling og utdanningsnivå.....	- 7 -
2.3 Det religiøse og politiske landskapet på Agder	- 9 -
2.4 Mangfold i tale og skrift	- 11 -
2.4.1 Variasjonar i talemålet	- 11 -
2.4.2 Opposisjonen mellom nynorsk og bokmål	- 13 -
2.5 Vidaregåande opplæring i Indre-Agder	- 19 -
3 TEORETISK OG METODISK RAMMEVERK.....	- 21 -
3.0 Innleiing.....	- 21 -
3.1 Sosiolinguistisk tradisjon.....	- 21 -
3.2 Språk og identitet.....	- 23 -
3.2.1 Det vanskelege identitetsomgrepet.....	- 23 -
3.2.2 Språk som identitetshandlingar	- 25 -
3.2.3 Tilpassing og nettverk	- 27 -
3.3 Tradisjon og modernitet.....	- 28 -
3.3.1 Omgrepa tradisjon og modernitet.....	- 28 -
3.3.2 Modernitetens kjenneteikn	- 29 -
3.3.3 Stad og tilhøyrslle i eit moderne samfunn	- 30 -
3.3.4 Rural og urban livsstil i eit moderne samfunn	- 31 -
3.4 Bourdies kultursosiologi.....	- 31 -

3.4.1	Kapitalomgrepet	- 32 -
3.4.2	Habitus	- 32 -
3.4.3	Sosiale felt	- 33 -
3.4.4	Symbolsk makt i eit moderne samfunn	- 34 -
3.5	Talemål og livsstil	- 35 -
3.6	Språk og personlegdom	- 36 -
3.7	Nynorsk som uttrykk for tradisjon og ein eigen identitet.....	- 37 -
4	METODE OG FELTARBEID.....	- 40 -
4.0	Innleiing.....	- 40 -
4.1	Metodetriangulering	- 40 -
4.2	Spørjeundersøkinga	- 42 -
4.2.1	Val av informantar	- 42 -
4.2.2	Gjennomføring av spørjeundersøkinga	- 43 -
4.2.3	Kvantitative analysemetodar	- 44 -
4.2.3.1	Bivariate analysemetodar	- 44 -
4.2.3.2	Koding og kategorisering	- 46 -
4.3	Den kvalitative undersøkinga	- 47 -
4.3.1	Val av informantar	- 47 -
4.3.2	Gjennomføring av intervjua	- 47 -
4.3.3	Transkripsjon.....	- 48 -
4.3.4	Informantportretta	- 49 -
4.4	Språklege og sosiokulturelle variablar	- 51 -
4.4.1	Språklege variablar.....	- 52 -
4.4.1.1	Bruk av skriftleg målform	- 52 -
4.4.1.2	Haldning til skriftleg målform.....	- 53 -
4.4.2	Sosiokulturelle variablar og indeksar	- 53 -
4.4.2.1	Kjønn	- 55 -
4.4.2.2	Sosial bakgrunn	- 56 -
4.4.2.3	Studieretning.....	- 56 -
4.4.2.4	Foreldras geografiske bakgrunn	- 57 -
4.4.2.5	Lokalisering	- 57 -
4.4.2.6	Lokal dialekt	- 57 -
4.4.2.7	Lokal orientering og haldning til heimstaden.....	- 58 -

4.4.2.8	Rural/urban orientering.....	- 59 -
4.4.2.9	Tradisjon/modernitet	- 59 -
5	PRESENTASJON OG DRØFTING AV RESULTATA FRÅ SPØRJEUNDERSØKINGA	- 60 -
5.0	Innleiing.....	- 60 -
5.1	Argumentasjon for val av skriftmålsform	- 60 -
5.1.1	Datamaterialet	- 60 -
5.1.2	Fem hovudkategoriar.....	- 62 -
5.1.3	Årsaker til å halde på nynorsken	- 63 -
5.1.3.1	Av gammal vane.....	- 64 -
5.1.3.2	Meistrar nynorsk betre	- 64 -
5.1.3.3	Brei kompetanse og mengdetrening	- 64 -
5.1.3.4	Eit skriftspråk nær dialekten.....	- 65 -
5.1.3.5	Nynorsk kjennest mest naturleg	- 65 -
5.1.3.6	Nynorsk er mykje finare	- 66 -
5.1.3.7	Protest	- 66 -
5.1.3.8	Opptekne av å ta vare på målforma og kulturen i bygda.....	- 67 -
5.1.4	Argument hos bokmålsinformantar.....	- 67 -
5.1.4.1	Bokmål som ein konsekvens av påverknad frå nær omgjevnad.....	- 68 -
5.1.4.2	Bokmål er enklare.....	- 68 -
5.1.4.3	Kompetanse i bokmål er meir nyttig	- 69 -
5.1.4.4	Tilhørysle og identitet.....	- 70 -
5.1.4.5	Estetikk og språkpolitikk	- 70 -
5.1.5	Samanlikning og kort drøfting av argumentasjonen	- 71 -
5.1.5.1	Styrt av vane og nær omgjevnad	- 72 -
5.1.5.2	Kompetanse	- 73 -
5.1.5.3	Identitet og tilhørysle	- 73 -
5.1.5.4	Estetikk	- 74 -
5.1.5.5	Språkpolitiske argument	- 75 -
5.1.6	Oppsummering av argumentasjonsanalysen	- 76 -
5.2	Språklege forhold	- 77 -
5.2.1	Frå nynorsk til bokmål	- 77 -
5.2.2	Nynorskinformantar meir usikre på val av målform.....	- 79 -
5.2.3	Nynorskinformantane mindre lojale mot hovudmålet	- 80 -

5.2.4	Chatting og SMS-språk er på dialekt	- 81 -
5.2.5	Kva målform er elevane mest komfortable med?	- 82 -
5.2.6	Nynorsk som hovudmål er ingen garanti for nynorskbruk i framtida	- 84 -
5.2.7	Nynorsk er ein del av den heimlege kulturen.....	- 85 -
5.2.8	Kort oppsummering og drøfting av vidare kategorisering av språklege variablar	- 86 -
5. 3	Samanheng mellom målformval og sosiale variablar på gruppenivå	- 87 -
5.3.1	Kjønnsskilnadar i val av målform	- 87 -
5.3.2	Foreldras skriftspråklege bakgrunn	- 89 -
5.3.3	Målform og utdanning.....	- 90 -
5.3.4	Er nynorsk eit bondemål?.....	- 91 -
5.3.5	Ein samanheng mellom målform og bruk av lokal dialekt?.....	- 94 -
5.3.6	Lokal tilhøyrsla og syn på heimstaden	- 96 -
5.3.6.1	Deltaking i lokale felt	- 96 -
5.3.6.2	Nynorskgruppa er meir bunden til heimstaden.....	- 97 -
5.3.7	Er bokmålsgruppa meir urbant orientert?.....	- 99 -
5.3.8	Bokmålsinformantar er noko meir opptatt av motar og merkevarer	- 99 -
5.4.	I eit språkleg og sosiokulturelt landskap	- 100 -
5.4.1	Språkleg indeks	- 101 -
5.4.2	Lokal orientering	- 102 -
5.4.3	Urban/rural orientering.....	- 105 -
5.4.4	Tradisjonell orientering	- 106 -
5.4.5	Samanhengen mellom livsorientering og skriftspråk	- 107 -
6	INFORMANTPORTRETT	- 110 -
6.0	Innleiing.....	- 110 -
6.1	To gutar med sterke røter til heimstaden	- 112 -
6.1.1	Kristian	- 112 -
6.1.2	Ole	- 115 -
6.1.3	Samanlikning av Kristian og Ole	- 120 -
6.2	Urbant orienterte jenter.....	- 121 -
6.2.1	Rebekka.....	- 121 -
6.2.2	Frøydis.....	- 123 -
6.2.3	Samanlikning av Rebekka og Frøydis.....	- 126 -
6.3	Gjennomsnittet representert ved Eirik	- 127 -

6.4	Oppsummering av intervjua	- 130 -
7	SAMANFATNING OG KONKLUDERANDE MERKNADER	- 132 -
7.1	Resultat i høve til problemstillingane	- 132 -
7.2	Skriftspråk og livsverd.....	- 135 -
	SAMANDRAG	- 137 -
	LITTERATURLISTE.....	- 139 -
	VEDLEGG	
	Vedlegg 1: Informasjon og førespurnad til aktuelle informantar	
	Vedlegg 2: Spørjeskjema	
	Vedlegg 3: Intervjuguide	
	Vedlegg 4: Konstruksjon av dei additive indeksane	
	Vedlegg 5: Tabellar og figurar	

TABELLAR OG FIGURAR

Tabell 2.1	Sysselsette per 4. kvartal 2011, etter næring og bustadkommune.....	- 8 -
Tabell 2.2	Personar, 16 år og over, etter utdanningsnivå og bustadkommune.....	- 9 -
Tabell 2.3	Resultat frå Stortingsvalet 2009, prosentvis fordeling på partia	- 10 -
Tabell 4.1	Oversikt over informantane, delt inn etter målform, programområde og kjønn.....	- 43 -
Tabell 5.1	Samanlikning av kor sikre nynorsk- og bokmålselevar er på val av hovudmål.....	- 79 -
Tabell 5.2	Val av hovudmål og bruk av målform i andre skulefag.....	- 80 -
Tabell 5.3	Val av hovudmål og bruk av målform på lengre tekster utanom skulen....	- 81 -
Tabell 5.4	Val av hovudmål og målform i chatting og SMS	- 81 -
Tabell 5.5	Samanhengen mellom val av hovudmål og kva målform informantane likar best å skrive	- 82 -
Tabell 5.6	Samanhengen mellom val av hovudmål og kva målform informantane likar best å lese	- 82 -
Tabell 5.7	Samanhengen mellom val av hovudmål og kva målform informantane tykkjer er lettast å skrive	- 83 -
Tabell 5.8	Samanhengen mellom val av hovudmål og kva målform informantane tykkjer er lettast å lese	- 83 -
Tabell 5.9	Sannsynleg målformbruk i framtida, etter val av hovudmål.....	- 84 -
Tabell 5.10	Synet på nynorsk som ein del av kulturen i heimbygda.....	- 85 -
Tabell 5.11	Synet på nynorsk som den mest naturlege målforma å skrive.	- 85 -
Tabell 5.12	Synet på nynorsk som opplæringsmål på barneskulen i heimbygda	- 86 -
Tabell 5.13	Utdanningsplanar, etter val av hovudmål	- 91 -
Tabell 5.14	Gardsdrift blant foreldra til nynorsk- og bokmålsinformantane	- 91 -
Tabell 5.15	Bruken av lokal dialekt, etter val av hovudmål.....	- 94 -
Tabell 5.16	Haldning til lokal dialekt, etter val av hovudmål.....	- 95 -
Tabell 5.17	Tankar om lokalisering av framtidig arbeidsstad.....	- 97 -
Tabell 5.18	Tankar om lokalisering av framtidig bustad.....	- 98 -

Figur 2.1	Indre-Agder med kommuneinndeling.....	- 6 -
Figur 2.2	Prosentvis fordeling av elevar som nyttar nynorsk som opplæringsmål i grunnskulen i dei ulike kommunane i Vest-Agder i 1945, 1975 og 2012....	- 18 -
Figur 2.3	Prosentvis fordeling av elevar som nyttar nynorsk som opplæringsmål i grunnskulen i dei ulike kommunane i Aust-Agder i 1945, 1975 og 2012	- 18 -
Figur 4.1	Ei oversikt over ulike datatypar	- 40 -
Figur 4.2	Forklaringar til transkripsjonen	- 49 -
Figur 5.1	Årsaker til å halde på nynorsk som hovudmål.....	- 63 -
Figur 5.2	Årsaker til å skifte til bokmål som hovudmål.....	- 67 -
Figur 5.3	Nynorsk- og bokmålsinformantanes fordeling av type argument.....	- 71 -
Figur 5.4	Samanlikning av argumentasjonen mellom dei to informantgruppene.....	- 76 -
Figur 5.5	Tidspunkt for skifte frå nynorsk til bokmål som hovudmål.....	- 77 -
Figur 5.6	Ulike argument fordelt på kjønn	- 88 -
Figur 5.7	Fordeling av informantane etter kva språkområde foreldra kjem frå.....	- 89 -
Figur 5.8	Prosentvis fordeling av nynorsk- og bokmålsinformantar etter den høgaste utdanninga til minst ein av foreldra.....	- 90 -
Figur 5.9	Val av hovudmål etter bustadområde	- 92 -
Figur 5.10	Val av målform inndelt etter lokalisering for dei som ikkje bur på gard... ..	- 93 -
Figur 5.11	Innstilling til framtidig gardsdrift hos nynorsk- og bokmålsinformantar....	- 93 -
Figur 5.12	Deltaking i kristne aktiviteter i lokalmiljøet.....	- 96 -
Figur 5.13	Bruk av naturen i lokalmiljøet til jakt- og fiske.....	- 97 -
Figur 5.14	Haldning til motar og merkevarer	-100-
Figur 5.15	Samanhengen mellom bruk av og haldning til dei to målformene.....	-101-
Figur 5.16	Samanhengen mellom språkorienteering og lokal tilhørysle	-103-
Figur 5.17	Samanhengen mellom språkorienteering og haldning til heimstaden.....	-104-
Figur 5.20	Samanhengen mellom språkorienteering og rural/urban orientering	-105-
Figur 5.21	Samanhengen mellom språkorienteering og tradisjonsorientering	-106-
Figur 5.22	Samanhengen mellom språkorienteering og livsorientering	-107-
Figur 6.1	Bruk av og innstilling til dei to målformene i ulike samanhengar	-110-
Figur 6.2	Skår på 5 ulike sosiokulturelle indeksar hos fem informantar	-111-

FORORD

I mange år har eg arbeidd som lærar på ein vidaregåande skule i Indre-Agder. I løpet av denne perioden har eg registrert ein markert nedgang i talet på elevar som vel nynorsk som hovudmål når dei startar i vidaregåande, sjølv om fleirtalet har hatt nynorsk som opplæringsmål i grunnskulen. Gjennom samtalar med elevar fekk eg inntrykk av at grunnane for å velje det eine framføre det andre, var mange og ulike. Samtidig tykte eg å ane enkelte fellestrekk ved personane i dei to gruppene, avhengig av kva målform dei valte som hovudmål. Med dette som utgangspunkt sette eg i gang med å utforske årsaker til målformval og relasjonen mellom skriftspråklege strategiar og identitet.

Mange har gitt meg råd og praktisk hjelp underveis i arbeidet. Først og fremst vil eg takke Ernst Håkon Jahr for god og raus fagleg rettleiing og støtte. Martin Skjekkeland gav meg nyttige innspel i oppstarten, i tillegg til god inspirasjon og mykje tankegods frå studien sin om Kvinesdalsmålet (Skjekkeland 2009). Embret Nesse stilte opp med datateknisk hjelp til SPSS-programmet, og lærarar ved Setesdal vidaregåande skule, Reidar Ågedal og Rita Flottorp, hjelpte meg å kome i kontakt med aktuelle informantar. Vidare vil eg takke dei 49 informantane mine som var både positive og grundige i arbeidet med å svare på undersøkinga mi. Ein særleg takk til dei fem som stilte opp til oppfølgingsintervju. Takk også til Språkrådet for mastergradsstipendet som eg fekk hausten 2012.

Eiken, april 2013

Ingunn Kleggetveit

1 INNLEIING

1.1 Nynorsk – ein representant for det tradisjonelle og rurale?

Om nynorsken skal kunne representerer en reell motkraft til majoritetsspråket bokmål, må den [...] signalisere verdier som mer eksplisitt er tilknyttet "det moderne". [...] Nynorsken må fristilles fra sin dominerende rurale tradisjonstilknytning, for slik også å bli assosiert med praksisformer og verdisett som mer eller mindre entydig oppleves som urbane – og moderne (Mæhlum 2007:198).

Sitatet er henta frå Brit Mæhlums bok *Konfrontasjoner*, der ho drøftar kva for krefter som verkar når ulike språk møtest. Motsetninga mellom tradisjon og modernitet er ein sentral dimensjon i drøftingane, og ho knyter desse omgropa direkte til språk og språkutvikling for å gje ei forståing av motsetningsforholda mellom ulike former for talemål og skriftspråk.

Brit Mæhlum er ikkje åleine om å peike på den utfordringa nynorsken har i forhold til å bli assosiert med det tradisjonelle og rurale. Frå 1987 og utover på 90-talet var det eit større forsøk med fellesspråklege lærebøker i samfunnsfag på vidaregåande skular. Rapporten frå den språkvitskapelege delen av prosjektet trekkjer fleire stader fram elevars haldningar til nynorsken som ei større utfordring enn dei vanskane dei møter i språket. I oppsummeringa blir det peikt på at ein stor del av informanataane oppfattar nynorsk som eit bygdespråk og eit gammaldags språk:

Denne førestellinga synest å vere nokså sterkt, faktisk så sterkt at ho også eksisterer blant bokmålselever som sjølv kjenner til språket, men utan at dei set nynorsk i samband med sin eigen situasjon (Berge, Solheim og Torvatn 1998: 367).

Blant informantane som har danna seg bilete av den typiske nynorskbrukaren, er oppfatninga splitta, men det blei funne mange eksempel på sterke stereotypiske førestillingar av prototypen på nynorskbrukaren som ein gammal bonde som er busett langt borte frå folk.

Lars Vikør (1997) drøftar i ein artikkel det særnorske fenomenet med to likestilte skriftspråk og hevdar at nynorsken gir ei djup identitetskjensle som har gjort det mogleg for nynorsken å bli tradert og internalisert og dermed overleve som både bruksspråk og kulturspråk. Han peikar i artikkelen sin på seks faktorar som skapar denne nynorske identiteten, der regionalisme og bygdepatriotisme er dei klart viktigaste. I kjerneområda til nynorsken sikrar nynorsken ein regional identitet, noko bokmål ikkje klarar. Endå viktigare, meiner Vikør, er momentet bygdepatriotisme, "[...] ikkje lokalpatriotisme, men kjensla av å vere frå bygde-

Noreg og dermed marginalisert i storsamfunnet. Nynorskens sosiale identitetsfunksjon har bestått i at han har fungert som eit sjølvhevdingsmiddel for bygdefolk" (Vikør 1997:124).

1.2 Språk og individ

I *Konfrontasjonar* forsøker Brit Mæhlum å vise at møte mellom tradisjonelle, lokale talemålsformer og nyare, meir regionale former, på same måte som nynorsk versus bokmål, i stor grad dreier seg om kontrasten mellom det tradisjonelle og det moderne. Denne tanken kan synast å ligge til grunn i ein del av dei seinare norske sosiolinguistiske studiane der siktemålet er å undersøkje relasjonen mellom talemål og informantens identitet og sosiale røyndom.

Gunstein Akselberg har i doktoravhandlinga si frå 1995 sett fram følgjande påstand: "Eg meiner at menneske sin måte å konstituera livsverda på òg styrar deira bruk av språket" (Akselberg 1995:65). Livsverd er eit komplekst omgrep, men ganske kort kan ein seie at eit menneske si livsverd er eit uttrykk for korleis det forstår omverda og korleis verda blir "[...] konstituert gjennom samspel og gjensidig korrektur mellom dei individua som lever i henne" (Akselberg 1995:68). Livsverda er ei dynamisk eining i kontinuerleg endring. Dei daglege og gjentatte erfaringane i menneskeleg aktivitet er med på å konstituere eller vedlikehalde livsverda, samtidig som nye erfaringar og opplevingar er med på å endre og skape ny forståing av røyndommen.

Omgrepa tradisjon og modernitet er sentrale i Akselbergs doktoravhandling, og han forsøker å vise at det er ein samanheng mellom bruk av tradisjonelle, lokale taleformer og ein tradisjonell, lokalforankra livsverd på den eine sida og bruk av nyare og meir regionale former og ei mindre tradisjonell og lokalforankra livsverd på den andre sida.

Dikotomien tradisjon-modernitet blir også tatt opp i doktoravhandlinga til Unn Røyneland (2005). I granskninga av talemålet til ungdom på Røros og Tynset er ho opptatt av korleis sosiokulturell orientering, identifikasjon til staden, haldningar til dialekten og tilhørsle i og identifikasjon med ulike sosiale grupper er med på å påverke dialektbruken. Ho viser til Giddens forståing av modernitetsomgrepet og det posttradisjonelle samfunnet (jf. pkt. 3.3.2) når ho hevdar at "[...] interesse, bevisstheit og vilje er heilt nødvendig i dag for å kunne bevare tradisjonelle dialekttrekk" (Røyneland 2005:102). Både den lokale dialekten og nynorsk som målform blir utsett for sterke homogeniserande krefter som verkar i motsett lei,

og tradering skjer ikkje automatisk, men er avhengige av bevisste val. Desse vala viser seg blant anna gjennom kva for livsstil ein vel og korleis ein konstituerer livsverda, meiner Røyneland.

Martin Skjekkeland (2009) byggjer vidare på tankegangen om språkbruk som uttrykk for ulike livsstilar når han undersøkjer talemålet blant ungdom i Kvinesdal. Også han ønskjer å finne ut om det er nokon samanheng mellom bruk av lokale språkvariantar og ein lokal identitet. Motsetninga mellom by og land er ein av dei sentrale dimensjonane i dette prosjektet. Martin Skjekkeland opererer med to ulike personlegdommar i arbeidet sitt. Den eine gruppa kallar han for *homo domesticus*. I denne gruppa finn vi ungdommar med eit positivt syn på heimbygda si. Dei har dei fleste av vennene sine frå bygda, er nøgd med kulturtilbodet på staden og kan tenkje å slå seg ned der etter avslutta utdanning. I den andre gruppa, *homo dynamicus*, er ungdommar som har ein mindre lokalorientert livsstil. Dei reiser gjerne til nærmeste by i helgene, for å treffe venner og delta på aktivitetar der. Dei har eit mindre positivt syn både på heimstaden og den lokale dialekten, og ser mange fordelar ved å bu i ein by.

1.3 Problemstilling

Avhandlinga mi tar i stor grad utgangspunkt i tankane som er skisserte i førre avsnitt, men medan Akselberg, Røyneland og Skjekkeland har undersøkt forholdet mellom talemål og livsverd/identitet, ønskjer eg å undersøkje om det kan vere liknande samanhengar mellom val av skriftleg målform (bokmål/nynorsk) og språkbrukarens sosiokulturelle orientering og livsverd. Problemstillinga for oppgåva mi har eg formulert i følgjande to spørsmål:

- I kva grad er det samanheng mellom å halde fram med nynorsk som skriftleg målform og å uttrykkje ei tradisjonell, lokalforankra og rural livsverd?
- Kva for argument brukar ungdom med nynorsk som opplæringsmål i grunnskolen for val av hovudmål i vidaregåande skule?

1.4 Avgrensing

Undersøkinga mi vil bli gjennomført på elevar som går på vidaregåande skule i Indre-Agder, og som har vakse opp med nynorsk som opplæringsmål i barneskulen. Det er ofte i

overgangen mellom ungdomsskulen og vidaregåande skule at elevar vel å skifte målform, og eg meiner av den grunn at akkurat denne aldersgruppa kan vere interessant å sjå nærare på. Samtidig er det viktig allereie her å understreke at dei resultata eg kjem fram til, ikkje nødvendigvis vil stemme for andre aldersgrupper og i andre regionar av landet.

Eg har valt ut to vidaregåande skular, Byremo vidaregåande skole i Audnedal kommune i Vest-Agder og Setesdal vidaregåande skule, avdeling Hornnes som ligg i Evje og Hornnes kommune i Aust-Agder. Heimkommunane til dei fleste av desse elevane ligg i randsona for det som er nynorskens område, der nynorsk er opplæringsmål i grunnskulen, men i seinare tid har vore på vikande front som målform blant ungdom og vaksne.

1.5 Perspektiv og metode

Sosiolingvistikk er "[...] the study of language in relation to society" (Hudson 1996:1). Studieobjektet er altså språket som sosialt fenomen i samfunnet, enten ein vel å studere det med utgangspunkt i språksamfunnet, slik som t.d. William Labov har gjort, eller ein vel å ta utgangspunkt i språkbrukaren, som mange har gjort innafor nyare sosiolingvistiske studiar. I denne oppgåva tar eg først og fremst utgangspunkt i språkbrukaren, og studieobjektet er det skriftlege språket, avgrensa til to avhengige variablar: bokmål og nynorsk.

I studien kombinerer eg ein kvantitativ og ein kvalitativ metode. Innleiingsvis vil eg gjennomføre ei spørjeundersøking på ca. 50 elevar, der informantane bruk av nynorsk og bokmål, og argumentasjon for dei ulike vala, blir kartlagt. Gjennom denne undersøkinga vil eg også forsøke å få eit inntrykk av informantane livsstil (Om omgrepet livsstil, sjå pkt. 3.5 s. 35), orientert rundt dikotomien modernitet-tradisjon, forholdet til by og bygd, lokal tilhøyrslle og syn på heimstaden. Dei makrososiologiske teoriane til Anthony Giddens og Pierre Bourdieu vil vere sentrale innfallsvinklar for studien.

Med eit lite utval av informantane vil eg gjennomføre eit meir inngående intervju. Informantane vil bli valt på bakgrunn av det som kjem fram i den første spørjeundersøkinga. Avhengig av kvar dei plasserer seg både i det språklege og sosiokulturelle landskapet, vil dei i nokon grad vere representantar for ulike kategoriar. Gjennom informantportretta er det eit mål å stifte nærare kjennskap med den typiske nynorskbrukaren, den sikre målformskiftaren og den meir ambivalente språkbrukaren, men òg med enkelte av dei som ikkje høyrer heilt til i

nokon av desse gruppene.

I arbeidet med dei kvalitative intervjua vil eg ha ei hermeneutisk tilnærming, der eg legg vekt på både mine eigne observasjonar og informantane sine røynsler og oppfatningar av språket og den sosiale røyndommen. På kvar sitt vis kan informantane kaste lys over ulike aspekt, og dermed gje ei djupare forståing av siktemålet for dette prosjektet: å finne ut noko om samanhengen mellom val av skriftspråk og ungdommens livsverd, og å forstå korleis språklege handlingar kan vere meiningsbestemte.

2 SPRÅK OG SAMFUNN PÅ AGDER -MED VEGT PÅ STUDIEOMRÅDET I INDRE-AGDER

2.0 Innleiing

Indre-Agder består av 14 innlandskommunar, frå Sirdal i vest til Gjerstad i aust. Dei 49 informantane som eg har brukt i denne studien, kjem frå ulike bygder i Indre-Agder, fordelt på 8 av dei 14 kommunane, dei fleste frå Vest-Agder, men nokre få av dei kjem frå Aust-Agder. I dette kapittelet vil eg forsøke å presentere noko av det som kjenneteiknar samfunnsforholda i desse bygdene, både dei motsetningsfylte og dei meir homogene trekka.



Informantoversikt fordelt på bygder i Indre-Agder:

Fjotland (Kvinesdal)	2
Eiken (Hægebostad)	14
Hægebostad	4
Grindheim (Audnedal)	12
Åseral	11
Evje (Evje og Hornnes)	1
Byglandsfjord (Bygland)	1
Valle	1
Bykle	3
Sum	49

Figur 2.1 Indre-Agder med kommuneinndeling

2.1 Topografi og demografi

Topografisk er Agder karakterisert av mange nord-sørgåande dalføre med relativt store vassdrag. I innlandet er dalane forholdsvis trонge og djupe, og mange stader har dette vore ei utfordring for ferdsel på tvers av dalføra. Mellom dalane er det store heiestrekningar, og mot nord går landskapet over i vide fjellområde med toppar på 13-1400 meter over havet. Den

høgaste toppen, Sæbyggjenuten i Bykle, ruvar 1507 meter over havet.

Folkeveksten i Agder er noko over landsgjennomsnittet, men det er i dei bynære områda langs kysten veksten er størst, og då særleg rundt Kristiansand og Grimstad. I innlandet har folketalet i dei fleste kommunane halde seg relativt stabilt dei siste 20 åra, og innbyggjartalet i dei 14 kommunane er per 1.1.2012 28714 personar, noko som svarar til ca. 10 % av folketalet i dei to fylka (SSB 2012a). Informantane mine kjem med andre ord frå små bygdesamfunn, der to av kommunane, Åseral og Bykle, begge har under 1000 innbyggjarar. Utviklinga av busetjingsmønsteret har vore prega av sentralisering, men framleis bur berre 1/4 av innbyggjarane i Indre-Agder i det ein definerer som tettbygd strøk (Kommunal- og regionaldepartementet 2004:199).

2.2 Næringsverksemd, pendling og utdanningsnivå

Historisk sett har skogbruket vore den viktigaste inntektskjelda for mange av dei indre bygdene, særleg i austre del. Det har samanheng med skipsindustrien, jernutvinning og nærleiken til kystbyane som hamner for eksport av tømmer ut til Europa. I dag er også energi frå kraftindustrien ein svær viktig eksportartikkel frå Indre-Agder, og mange kommunar, deriblant Åseral, Valle og Bykle, har sikra seg ein god kommuneøkonomi gjennom kraftinntektene. Inntektene har gjort det mogleg å ha mange tilsette i offentleg administrasjon og tenester, og tal frå SSB viser at mange av desse kommunane har forholdsvis stor del av sysselsettinga innafor offentleg verksemd (jf. tabell 2.1).

Indre-Agder har elles vore sterkt knytt til jordbruksnæringa, men mange av driftseiningane er små og vanskelege å få til å bli økonomisk lønsamme. Dei fleste som driv jordbruk, er deltidsbønder som har ei anna hovudinntektskjelde. Dei siste åra har svært mange slutta med husdyrhald, og stadig færre av dei unge veks opp med gardsdrift. Frå 1970 til århundreskiftet er primærsysselsettinga i regionen redusert med 2/3, medan sysselsettinga i tertiar næringa er meir enn fordobla i same periode (Kommunal- og regionaldepartementet 2004:198). Framleis er det nedgang i talet på sysselsette i primær næringa på Agder, som ein konsekvens av både effektivisering og nedlegging av driftseiningar.

Evje og Hornnes kommune ligg sentralt i Indre-Agder og er handelssenter og skulesenter for regionen. Varehandelen er den nest største næringa i kommunen, og også elles i Setesdal-regionen er omsetjinga i varehandelen høgare enn landsgjennomsnittet. Årsaka til dette er

turisme og dei mange hytteeigarane som legg att mykje pengar gjennom kjøp av varer og tenester. Både Setesdal og Åseral satsar sterkt på turisme, og det har vore store utbyggingsar i desse kommunane. Denne utbygginga har også gitt positiv effekt for byggje- og anleggsverksemda, som er ei av dei andre viktige næringane i heile området. Elles er mekanisk industri relativt viktig for regionen, blant anna med Eiken mekaniske verksted i Hægebostad kommune. Mykje av den mekaniske industrien er knytt opp mot olje- og gassverksem, og mange menn er sysselsette innafør oljeindustrien, ikkje minst gjennom National Oilwell, nokre som dagpendlarar, men dei fleste periodependlarar, både innanlands og utanlands.

	Audnedal	Hægebostad	Kvinesdal	Åseral	Bygland	Bykle	Evje og Horn.	Valle
Jordbruk, skogbruk og fiske	6	7,8	4,3	11,5	8,3	2,7	4,2	5,8
Bergverksdrift og utvinning	0,8	1,2	3,9	1,5	0,8	0,7	1,3	1,9
Industri	15,4	23,1	16,2	8,5	10,4	2,5	8,5	7,7
Elektrisitet, vatn og renovasjon	0,5	0,5	1,2	3,8	2,3	3,4	1,4	3,8
Byggje og anleggsvirksem	14,1	15,1	12,4	16,8	12,9	19,6	10,8	16,2
Varehandel, motorvognrep.	10,6	5,7	12	5,9	9	10,3	15,2	11,4
Transport og lagring	6,6	3,7	3,6	3,8	5,7	2	6,1	2,5
Overnatting og serveringsverks.	0,8	1,1	4,2	3,2	1,5	9,8	4,7	4,2
Informasjon og kommunikasjon	0,3	0,3	0,9	0	2,8	1,4	1,2	0,7
Finansiering og forsikring	0,6	0,7	1,2	0,4	0,7	0,8	1,5	2,3
Tekn. tenesteyt, eide domsdrift	4,5	3,8	2,7	3,1	3,3	1,7	3,0	2
Forretningsm. tenesteyting	1,6	1,6	1,7	5,9	1,3	2,9	3,5	2
Off. adm, forsvar, sos.forsikring	4,2	4	3,6	4,5	6,4	6,3	4,8	6,1
Undervisning	9,8	6,8	7,3	9,6	7,7	11,5	9,7	7,8
Helse og sosialteneste	21,6	21,8	20,8	18	23,6	14,9	20,2	21,3
Personleg tenesteyting	2,1	1,7	2,8	2,5	2,9	9,1	3,6	2,9
Ikkje oppgitt	0,5	0,9	1	0,8	0,5	0,3	0,5	1,3
SUM	100	99,8	99,8	99,8	100,1	99,9	100,0	99,9

Tabell 2.1 Sysselsette per 4. kvartal 2011, etter næring og bustadkommune (SSB 2012b)

Om lag 10 000 sysselsette har arbeidsplassen sin i Indre-Agder, mens det er ca. 12000 busette arbeidstakrar i same region (Leksnes 2003:13). Det betyr ein netto eksport av arbeidskraft frå Indre-Agder på ca. 2000 personar. Bruttotala for pendling er større, med ca. 3300 som pendlar ut av regionen og 1350 som pendlar inn. I mange av kommunane er det over 20 % av dei sysselsette som pendlar ut, og utpendlinga er størst i kommunane som ligg like nord for byane langs Sørlandskysten, særleg i områda Arendal-Mandal. Halvparten av pendlinga går til Kristiansand, men også andre sørlandsbyar og Oslo er viktige arbeidsplassar for folk frå Indre-Agder. Det er også ein del pendling mellom kommunane i Indre-Agder, særleg finn ein mykje av dette lengre inn i landet.

Utdanningsnivået er noko lågare i Agder-regionen enn landsgjennomsnittet, og dei indre bygdene skårar jamt over därleg her, spesielt når ein tar utgangspunkt i høgare utdanning.

Samtidig ser ein at det lokale næringslivet har eit stort behov for handverkarar og andre med yrkesfagleg bakgrunn, og særleg for menn har det vore relativt lett å skaffe seg arbeid utan ei lang, akademisk utdanning. På landsbasis er det ein sterk tendens til at fleire kvinner enn menn tar høgare utdanning, 60 % av dagens studentar er kvinner. I indre bygder er denne skilnaden endå større. Eksempelvis kan eg nemne at i Hægebostad kommune bur det 12 % menn med høgare utdanning mot 20 % kvinner. Tilsvarande tal på landsbasis er 25,6 og 30 (SSB 2010a). Eit lite etterhald skal ein likevel ta i denne samanlikninga. Ein del unge reiser ut av bygdene nokre år i samband med studie og jobbtilbod, men kjem seinare attende til heimbygda for å slå seg ned. Dette viser seg også igjen i aldersfordelinga i befolkninga.

	Åseral	Audnedal	Hægebostad	Kvinesdal	Evje- Horn.	Bygland	Bykle	Valle	Landsgj.sn.
Grunnskule:	34,1	29,9	32,2	35,3	31	26	24,9	28,6	29,4
Vidaregående skule:	49	51,3	50,7	49,9	49,5	51	43,8	50,7	42,7
Høgskule/universitet:	16,8	18,8	17,1	14,8	19,6	23	31,2	20,8	27,8
Totalt	99,9	100	100	100	100,1	100	99,9	100,1	99,9

Tabell 2.2 Personar, 16 år og over, i prosent, etter utdanningsnivå og bustadkommune, per 2011 (SSB 2011a)

2.3 Det religiøse og politiske landskapet på Agder

«Det pietistiske Sørlandet» er ein karakteristikk som ofte blir brukt om landsdelen i sør, for Agder-regionen blir gjerne forbunde med stor religiøs aktivitet, politisk konservativisme og tradisjonelle verdiar. Ifølgje ein rapport om levekårsutfordringar i region Agder (Ellingsen 2008:11) er det to av ti som reknar seg som personlege kristne på landsbasis, i Vest-Agder gjeld dette dobbelt så mange. Egdene går oftere i kyrkja og deltar meir på kristne møte utanfor statskyrkja. Bedehuskulturen og det lågkyrkjelege miljøet står sterkt på Sørlandet, sterkare i vest enn i aust. Samtidig som dette er ein realitet, ønskjer Bjørg Seland å nyansere denne situasjonen ved å peike på "ein gløymt kulturkamp" (Seland 2010). Ho understrekar at den lågkyrkjelege rørsla var solid etablert i regionen då den frilynte ungdomsrørsla voks fram i tida kring førre hundreårskifte. Motstanden frå pietistisk hald har fått mykje av skulda for at det frilynte arbeidet gjekk trått i denne perioden, men motstanden kunne også motivere for auka innsats i dei frilynte laga. Striden mellom bedehusfolk og dei frilynte var ikkje berre ein ideologisk konflikt, "[...] men også ein kamp om symbolsk makt" (Seland 2010:139). Dei som kom sigrande ut i denne kulturkonflikten, vann også herredømme over bygdesamfunnets meir offisielle rom. Desse to folkerørslene stod steilt mot kvarandre i ein kamp som blei kjempa både på nasjonalt og lokalt plan. På Sørlandet var det heilt klart den kristelege rørsla

som hadde størst ankerfeste, men Seland meiner ein ikkje skal undervurdere den første organiserte opposisjonen mot pietismen:

Brytningane mellom dei kristelege og dei frilynte peikar fram mot det meir pluralistiske samfunnet vi ser i dag, med større breidde i tru og livssyn, og med auka toleranse for ulikskap – ein meir fleirtydig og dynamisk sørlandsk kultur (Seland 2010:144).

Også politisk skil Agder seg frå landsgjennomsnittet. Den politiske geografien i Noreg har lange tradisjonar. Mykje av mønsteret går attende til mellomkrigsåra, og nokre trekk kjem til syne så tidleg som rundt partidanninga i 1880-åra. Det er sjølv sagt ein del variasjonar, både mellom Aust- og Vest-Agder og mellom dei ulike kommunane, men ser ein agderfylka under eitt, er dei viktigaste særtrekka ved det partipolitiske mønsteret den svakare oppslutninga Arbeidarpartiet får og den store oppslutninga rundt Venstre, og seinare Kristeleg Folkeparti. Ved sist stortingsval (2009) hadde Arbeidarpartiet 35,4 % oppslutning på landsbasis, medan dei fekk 32,5 % av stemmene i Aust-Agder og 26,5 % av stemmene i Vest-Agder (jf. tabell 2.3). Endå meir karakteristisk for landsdelen er den store oppslutninga Kristeleg Folkeparti har. I 2009 fekk partiet 15,5 % av stemmene i Vest-Agder, noko som er nesten det tredobbelte av landsgjennomsnittet (5,5 %), medan Aust-Agder fekk 11,2 %. Både den relativt svake stillinga for Arbeidarpartiet og oppslutninga om Kristeleg Folkeparti er eit trekk Agder har felles med Rogaland i vest.

	R	SV	A	SP	KRF	V	H	FRP	DEM	KSP	KYST	MGD	PP	ANDRE	SUM
Aust-Agder	0,6	4,3	32,5	4,4	11,2	3,4	16,3	26,1	0,1	0,3	0,1	0,2	0,5	0	100
Vest-Agder	0,5	3,9	26,5	3,6	15,5	3,1	17,6	27,4	0,5	0,3	0,1	0,3	0,7	0	100
Landsgj.sn.	1,3	6,2	35,4	6,2	5,5	3,9	17,2	22,9	0,1	0,2	0,2	0,3	0,4	0,2	100

Tabell 2.3 Resultat frå Stortingsvalet 2009, prosentvis fordeling på partia (Kommunal- og regionaldepartementet 2009)

Dei nasjonale svingingane frå val til val vil ein sjølv sagt også finne i Agder, men avvika frå landsgjennomsnittet kan ein likevel seie har stått ved lag. Helge Røed hevdar i artikkelen *Sørlandet – et politisk annerledesland* at det er ein stor samanheng mellom det partipolitiske mønsteret og den solide stillinga frikyrkja og det lågkyrkjelege miljøet har hatt i landsdelen, men også andre motkulturar, som avhaldssaka og nynorsken, har betydd mykje (Røed 2010: 158). Under punkt 2.5.1 vil eg kome nærmare inn på korleis dei religiøse og politiske kreftene kan ha hatt påverknad på skriftspråkssituasjonen i Agder.

2.4 Mangfold i tale og skrift

Det er vanskeleg å snakke om Agder som eit samanhengande og avgrensa språkområde. Kanskje kan ein seie at det som kjenneteiknar regionen mest, er variasjon, særleg i talemål, men også i skriftspråk. Her møtest austnorske og vestnorske dialektdrag. I tillegg finn vi store skilnader mellom kystdialektane, som er prega av nyare dialektdrag og utjamningar, og dei meir arkaiske dialektane i innlandet, der ein mellom anna har fleire bøyingskategoriar og -endingar, ikkje minst gjeld dette Åseral og delar av Setesdal. Heller ikkje i bruk av skriftmål kan ein sjå på egdene som ei einsarta og homogen gruppe. Det både har vore og er framleis eit språkkløyd område med mykje usemje kring skriftmålsform i skule, kyrkje og kommuneadministrasjon.

2.4.1 Variasjonar i talemålet

Både Martin Sjekkeland (2009:103) og Rune Røsstad (2010:98) peikar på at dialektgrensene i Agder går langs to aksar, ein som går aust-vest og skil kyst og innland, og ein som går nord-sør og skil austlege og vestlege strøk. Men dei ulike isoglossane følgjer ikkje kvarandre, og språkgrensene på Agder "[...] blir som renninga og innslaga i ein vev: Grensene som skil aust frå vest blir kryssa av grenser som skil nord frå sør, til eit rutenett" (Skjekkeland 2009:103). Desse grensene speglar både dei topografiske og historiske forholda, og viser korleis folk i dalane har hatt samband seg imellom i varierande grad.

Eit av dei viktigaste skilja mellom aust- og vestnorsk er bruken av e-mål og a-mål. Medan bygdene i aust har *e* i trykklette utlydande vokalar i infinitiv, har bygdene i vest *a* (t.d. *å kaste/å kasta*). Det same gjeld ubunden form eintal av svake hokjønnsord (t.d. *ei jente/ei jente*), som i stor grad følgjer dei same grensene som infinitivsendinga. Nokre få bygder i Agder, deriblant Evje og Hornnes, har e/a-mål med *-e* i infinitiv og *a*-ending i svake hokjønnsord, men denne skilnaden er i ferd med å forsvinne ved at e-endinga også blir brukt i substantiva. Fleire språkforskarar har i seinare tid rapportert om at e-målet breier seg sakte vestover (jf. Skjekkeland 2009:105).

Eit anna viktig skilje mellom aust og vest gjeld tonaliteten. Nesten heile Aust-Agder følgjer det austnorske systemet med lågtone i tonem 1, der den lågaste tona ligg på førstestavinga i ord som *sola* og *huset*. Vest-Agder og Høvåg i Lillesand kommune like over fylkesgrensa har høgtone med tonetoppen på førstestavinga i desse orda. Dette er det einaste velkjende dialekt-

merket som så å seie følgjer fylkesgrensa (Røsstad 2010:95).

Når det gjeld skilnadene mellom nord og sør i regionen, er det knapt nokon stad i Noreg ein finn så store forskjellar over korte avstandar som på Agder. Dersom ein kører riksveg 9 frå Kristiansand og opp til Valle i Setesdal, ei strekning på ca. 15 mil, endrar talemålet seg så mykje at det "[...] vel kan svare til et halvt årtusen – 500 år – med "normal" språkutvikling på ett og samme sted", skriv Arne Torp i sin omtale av måla på Agder (Torp 1990:32). Medan ein langs Sørlandskysten har eit av dei mest moderne talemåla i Noreg (moderne i tydinga nye utviklingstrekk), både fonologisk og morfologisk, finn ein nokre av dei mest arkaiske dialektane øvst i Setesdal, blant anna med mange bøyingskategoriar og -endingar. Andre skilnader mellom kyst og innland er bruken av blaute/harde konsonantar (sjølv om nyare forsking nå viser at blaute konsonantar er på retur i kristiansandsdistriktet), realiseringa av den gammalnorske *ll* til *dd* slik som i *fjellet/fjedde* og omlyd i presens av sterke verb (*kommer/kjem*). Men på same måte som austlege dialektdrag breier seg vestover, trekkjer kystdraga seg stadig lenger inn i landet. Eksempel på dette registrerer eg dagleg i omgang med elevane mine på skulen. Tradisjonelt har åsdølar og eikdølar hatt ulik bøyning av sterke og svake hokjønnsord i bunden form eintal (t.d. *sengæ/jentå*), men i dag brukar mange ungdommar svak bøyning i begge formene, og ofte registrerer eg at å-endinga blir bytt ut med ei a-ending (*senga/jenta*), slik som vi finn både lenger aust og lenger sør.

Den store variasjonen vi finn i agdermåla, har si forklaring i både topografi og historisk-kulturelle forhold. Ute ved kysten har sjøvegen vore den viktigaste ferdelsåra. Dei har hatt meir kontakt både innanlands og med utlandet, og språk Kontakt stimulerer gjerne til forandringar. Inne i landet har det vore kontakt både nedover dalane og på tvers av dalføra, men nokre av desse dalføra har vore meir isolerte enn andre. Mest isolert har nok Setesdal vore, der det knapt var skikkeleg veg utover dalen før langt ut på 1800-talet. I øvre del av Setesdal hadde dei meir kontakt vestover til Sirdal og Ryfylke og austover mot Telemark, og talemålet her har fleire språklege drag felles med dialektar i Vest-Telemark.

I nordisk talemålsforskning har ein i fleire år hatt fokus på språkleg regionalisering og standardisering. Også på Agder er det mykje som tyder på at dialektane blir meir like kvarandre, men korleis denne tilnærminga skjer, er ikkje alltid like eintydig. Både Skjekkeland og Røsstad har i sine studiar stilt seg spørsmålet om kva for drivkrefter som ligg bak utviklinga av talemålet i Vest-Agder, Røsstad (2005) med utgangspunkt i talemålet i austre Vest-Agder og Skjekkeland (2009) med forsking på kvinesdalsmålet. Det er ikkje plass

til nokon utdjuping av desse problemstillingane her, men mykje tyder på at talemålet i Kristiansand, som er fylkeshovudstad, først og fremst har stor påverknadskraft på utviklinga av dialektane i dei nærmaste bygdene (Finsland og Søgne), medan småbyane Mandal og Flekkefjord lenger vest fungerer på same måte for sine nærområde. Samtidig skjer det i nokon grad ei tilnærming til såkalla standard austnorsk i heile området. Forandringane kjem gjerne først i byane, og om påverknadene som skjer i bygdene, er eit resultat av direkte påverknad frå standardmålet (horizontal nivellering), eller om forandringane skjer via kontakten med byen (vertikal nivellering), eventuelt som ein kombinasjon og gjensidig forsterking av begge desse prosessane, er vanskeleg å gje eit eintydig svar på (jf. Røsstad 2005:278 ff.).

2.4.2 Opposisjonen mellom nynorsk og bokmål

Agder ligg i det vi gjerne kallar randsona for nynorskens område, dvs. "[...] det området av landet der nynorsken står svakt, men der ein kjenner godt til ein nynorsk tradisjon" (Sandøy 1998:62). Setesdal er det området på Agder der nynorsken har stått aller sterkest, og som den første kommunen i landet tok Bygland alt i 1889 til å føre heradsstyreprotokollen på landsmål (kalla nynorsk frå 1929). Året etter innførte dei landsmål i folkeskulen, også dette som den første kommunen i landet, og to år før målparagrafen om skulestyrets rett til å velje målform for den enkelte skulekrets vart vedtatt (Homme 2006:97). Fram mot andre verdskrig blei nynorsk det dominerande språket i alle innlandskommunane på Agder, både som administrasjonsspråk, kyrkjespråk og skolemål. Valet av skolemålsform i dei ulike kommunane gir eit godt bilet av situasjonen, då det var stort samsvar mellom bruken av målform i skulen og bruken i meir offentlege og kulturelle samanhengar (sjå fig. 2.2 og 2.3 s. 18). På det meste hadde 41 prosent av elevane i folkeskulen i Aust-Agder nynorsk som målform (1935-38), i Vest-Agder var nynorskprosenten på sitt høgaste i 1944, med 45 prosent nynorskelever (Homme 2006:104).

I Aust-Agder kom landsmålet/nynorsken i bruk relativt tidleg, både i skule, kyrkje og kommuneadministrasjon. Vest-Agder var noko seinare, men her fekk målforma ein endå raskare framgang. Både enkelpersonar, politisk dominans og lag- og organisasjonsbygging er viktige å seie noko om når ein skal forsøke å forklare den utviklinga nynorsken fekk i dei forskjellige områda. Her vil eg berre ganske kort trekkje fram nokre moment som kan ha vore med på å styre utviklinga på Agder.

Som nemnt var Bygland tidleg ute med å ta i bruk landsmålet. Ein viktig person i denne samanhengen var Lars Knutson Liestøl (1839-1912). Han var fødd i Åseral, men flytta til Bygland der han vart både lensmann og ordførar. I 1874 kom han inn på Stortinget og var i 1876 den første som tala nynorsk der (Homme 2006:98). I Stortinget var målsaka ei av dei sakene som engasjerte Liestøl mest, og i fleire stortingsdebattar argumenterte han for å legge betre til rette for at landsmålet skulle blir tatt i bruk både i tale og skrift, ikkje minst i skulen. Liestøl representerte frå 1884 det nystifta partiet Venstre i Stortinget. Han var ein av initiativtakarane til jamstillingsvedtaket i 1885, og han var med i den parlamentariske skulekommisjonen som førebudde den nye folkeskuleloven som kom i 1889. Det nynorskvenlege fleirtalet i kommisjonen kom med framlegg til målparagraf, men paragrafen vart først vedtatt i 1892 .

Venstre samla målfolk frå heile landet, og partiet blei svært viktig i kampen mellom dei to skriftspråka. Partiet hadde lenge ein sterk posisjon i agderfylka, og dei indre bygdene fostra fleire stortingspolitikarar som var med på å styrke nynorskens framvekst, både på nasjonalt og lokalt plan. Her nemner eg ganske kort namn som Aasulv Bryggesa frå Eiken, stortingsrepresentant i 13 år og kyrkjeminister i den tida dei første landsgymnasa vart skipa, og Jørgen Løvland frå Evje, som var både utanriksminister og statsminister. Løvland var dessutan kyrkjestatsråd frå 1915-20, og dermed ansvarleg statsråd for målreforma i 1917.

Det vart arbeidd for målsaka frå mange hald. Noregs Mållag, der Løvland var leiar frå 1909-12, blei stifta i 1906, og før den tid vart det danna mange mållag lokalt. På Agder vart det òg starta fleire lokale lag, men få av dei var særleg livskraftige og aktive. "Totalt sett stod den organiserte målrørsla på Agder ikkje særleg sterkare enn ho gjer i dag", skriv Olav Arne Kleveland i ein artikkel om målreisinga på Agder 1900-1940 (Kleveland 2006:24). Av lokallaga har Mållaget i Kristiansand, stifta i 1900, vore både det største og mest aktive av lokallaga på Agder.

Etablering og framveksten av den frilynte ungdomsrørsla har vore vel så viktig for målsaka. Mållaget og ungdomslaget stod kvarandre svært nære ideologisk, og på denne tida rådde nynorsken grunnen i ungdomslaga. Det var gjerne målfolk som var aktive i leiinga her, men ungdomslaga bygde på ein større breidde og arbeidde på fleire felt, og kunne derfor nå lettare ut.

Målrørsla og den frilynte ungdomsrørsla var aktive på heile Agder, om enn i varierande grad,

og verken organisasjonsbygging eller partioppslutning kan derfor gje ei fullstendig forklaring på framveksten av nynorsk i Indre-Agder. Truleg må noko av forklaringa ligge i det som skil kystbygdene og byane frå innlandet. Det er naturleg å tenkje at nynorsken som uttrykk for bondestandens sjølvhevding og nye sosiale og politiske rolle spelar ei viktig rolle her (jf. pkt. 1.1 og 3.7), men kanskje kan noko av årsakene også ligge i sjølve språket. Eg har tidlegare vore inne på at kystområda hadde meir kontakt med utlandet, og den lågtyske påverknaden på norsk var sterkare her enn i innlandet. Frå siste halvdel av 1500-talet var det stor handelskontakt mellom egdene og hollendarane, og det er naturleg å tru at denne direkte kontakten sette spor også i språket, slik hansaspråket gjorde. På eit spesielt område kompliserer denne påverknaden forholdet mellom talemål og nynorsk, nemleg bruken av dei såkalla "anbehetelseorda", som av puristiske grunnar ikkje fekk innpass i nynorsk. Det kan ha ført til at språkforma for mange verka framand og nærmast vart eit "forbodsspråk", der desse vanlege orda ikkje kunne nyttast. Martin Skjekkeland (1999) har i ei gransking av tysk-danske lånord i bygdemål dokumentert at det er langt fleire av "anbehetelseorda" i Kvinesdalsmålet enn i jamføringsmålet Bø i Telemark. Hans teori er at "[...] hopehavet mellom Sørlandet og Holland har vore med på å fasthalde dei tidlegare innlånte lågtyske orda, og mange nye har nok kome til i denne perioden fram mot 1700-talet" (Skjekkeland 1999: 97-98).

Også kristendommen og lekmannsrørsla kan ha forsterka og påverka det lågtyske ordtilfanget i talemålet. Som eg tidlegare har vore inne på, har pietismen og bedehuskulturen sterke røter i Agder, særleg langs kysten og i vestre del. Både danske bibeloversettingar og religiøs litteratur har hatt store innslag av lågtyske konstruksjonar og lånord, og fordi bedehuskulturen har stått så sterkt fleire stader, har mange av desse orda glide naturleg over i talemålet. Skjekkeland nemner *forgjengelighet, fullkommenhet, skrøpelighet, bekjennelse, fortapelse og legeme* som eksempel på slike ord i Kvinesdalsmålet (Skjekkeland 1999:103). Bedehuskulturen og lekmannsrørsla fekk innverknad på utviklinga av nynorsken i Agder også på ein annan måte. Mållaget, og særleg den frilynte ungdomsrørsla, stod i kraftig opposisjon til bedehusmiljøet, og mange stader utvikla denne opposisjonen seg til ein ideologisk tufta kulturmamp (jf. pkt. 2.3). Nynorsken blei gjerne assosiert med den frilynte ungdomsrørsla og i nokon grad ein ikkje-kristen radikalisme, og det kan ha gjort det vanskeleg for nynorsken å få innpass mange stader, særleg tidleg på 1900-talet, og i størst grad langs kysten og i vestre del av regionen.

Kontakten mellom kyrkja og målrørsla var langt betre. I ein viktig periode for nynorskens

framvekst, frå 1914-1930, var målmannen Bernt Støylen biskop i Agder Bispedøme (Kleveland 2006:38). Målrørsla var svært opptatt av å ha eit godt og nært forhold til kyrkja, og på årsmøta sine la dei gjerne inn ein gudsteneste i programmet, "[...] i alle fall dersom dei kunne få ein prest som tala det målet dei ynskte" (Kleveland 2006:38). Dei arbeidde for at nynorsken skulle få eit breitt rom i kyrkja, både i liturgi, forkynning og salmesong, og på det meste, i 1945, hadde 29 kyrkjesokn i Agder nynorsk (Grepstad 2005, tabell 10.9). Framleis har mange kyrkjer nynorsk liturgi, sjølv der kommunen er språknøytral og opplæringsmålet på skulen er bokmål. I dag har 22 kyrkjesokn nynorsk, medan 64 har bokmål i dei to agderfylka (Grepstad 2010, tabell 9.2).

På dei fleste områda skjedde likevel tilbakegangen for nynorsken relativt fort på Agder, ikkje minst på dei stadene der den var komen inn seint eller hadde få nynorske skulekretsar i kommunen. Skulesentraliseringa sette fart i nedgangen ved at bokmål ofte var det dominerande språket, og dermed blei einerådane i mange av dei nye skulekretsane. Noko av den same verknaden fekk ein av den store kommunesamanslåinga på 1960-talet, særleg der heradskommunar gjekk inn i større bykommunar. Men mye av nedgangen var og er framleis eit resultat av dei mange lokale målrøystingane som har vore rundt om i dei forskjellige skulekretsane. Ordninga med at opplæringsmålet skulle avgjera med folkerøysting, kom i 1915, men reglane for kven som har hatt røysterett, og om resultatet skal vere bindande eller rådgjevande, har variert i løpet av dei nesten 100 åra vi har hatt ordninga. I perioden 1965-2008 var det 45 folkerøystingar om skolemål i agderfylka, 18 i aust og 27 i vest. 23 av desse har gått i favør av bokmål (Grepstad 2010, tabell 5.1). Den siste folkerøystinga (per mars 2013) var i Åmli i 2010, då det var folkerøysting om både skolemål og administrasjonsmål. Resultatet vart eit klart fleirtal for å gjere kommunen språknøytral, medan det var eit lite fleirtal for å halde på nynorsk som opplæringsmål i begge barneskulene. Kommunestyret vedtok likevel å innføre bokmål ved skulene, samtidig som kommunen blei gjort språknøytral. Også i ein del av skulekretsane der informantane mine har hatt grunnopplæringa si, har det vore målrøystingar i seinare år: Byremo i Audnedal kommune i 1999, Kollemo skulekrets i Hægebostad i 2000 og Kvinlog skule i Kvinesdal i 2007 (Grepstad 2010, tabell 5.4). I alle desse var det nynorsken som fekk fleirtal, og framleis har dei nynorsk som opplæringsmål ved desse skulane.

Setesdal har eg tidlegare karakterisert som det området på Agder der nynorsken er best forankra, men i Bykle kommune øvst i dalen var likevel administrasjonsmålet oppe til

drøfting i kommunestyret i februar 2012. Bakgrunnen for denne saka var at enkelte politikarar meinte det var vanskeleg å skaffe kvalifiserte folk til stillingane i kommunen fordi mange reserverte seg mot ein jobb der dei var pålagt å skrive nynorsk. Saka vekte stort engasjement, kanskje særleg blant nynorsktihengjarane. Ordføraren i kommunen, Rolf Næss (A), som eigentleg ville ha ein språknøytral kommune, stemte likevel mot, fordi han erfarte kva dette betydde for ein del innbyggjarar i kommunen:

Jeg oppdaget etter hvert at for en gruppe mennesker er dette snakk om kultur, identitet og historiske linjer på en helt annen måte enn det jeg forestilte meg. Det har jeg respekt for, og det gjorde at jeg snudde, sier Næss (NRK Sørlandet 2012).


Resultatet vart at eit stort fleirtal røysta for å halde fast på nynorsk som administrasjonsspråk, som ein av dei tre kommunane i Aust-Agder fylke som framleis har nynorsk. Også dei to andre, Valle og Bygland, ligg i Setesdal.

Nedst i Setesdal finn ein Evje og Hornnes kommune. Her er situasjonen ein annan. Kommunen er språknøytral, og frå hausten 1993 har det vore parallelle klassar for nynorsk- og bokmålselever ved fleire skular i kommunen. Bakgrunnen for at denne kommunen skil seg frå ein del av dei omliggjande kommunane, er nok først og fremst opprettinga av Evjemoen militærleir som førte til mange innflyttarar i kommunen. Innflyttarar er generelt ei utfordring for nynorsken som minoritetsspråk, og Agder er såleis sårbar sidan dei fleste kommunane eller skulekretsane i ei eller anna retning grensar opp mot eit bokmålsområde og gjerne har ein del innflyttarar med bakgrunn i bokmål. Ein del av desse ønskjer bokmål som opplæringsmål for barna sine, og ofte er det innflyttarar som går i spissen for å krevje folkerøysting om målform i skulen.

Begge agderfylka er språknøytrale i administrasjonen, men bruken av nynorsk er liten, og dei vidaregåande skulene i Agder har små tradisjonar for nynorsk (jf. pkt. 2.5). Dei fleste som opp gjennom tidene har tatt vidaregåande utdanning, og eventuelt har studert vidare på høgskule og universitet, har gjort dette i eit miljø der bokmål dominerer, ein tendens som sjølv sagt har forsterka seg etter kvart som nynorskprosenten har gått ned. Mange elevar og studentar opplever truleg at det er vanskeleg å halde fast på nynorsk når skulebøkene er på ei anna målform, og når både lærarar og dei fleste medelevane brukar bokmål.


I dag er Agder eit av dei områda der nynorskbruken har gått mest attende. For skuleåret 2012-13 er det 3,2 % av grunnskuleelevarane i Vest-Agder og 5,4 % av grunnskuleelevarane i Aust-Agder som brukar nynorsk som hovudmål (SSB 2012c). Det er berre fem kommunar i heile

Agder som har nynorsk som administrasjonsspråk: Åseral og Hægebostad i Vest-Agder og Bygland, Valle og Bykle i Aust-Agder. Eg har informantar med bustad i alle desse kommunane, i tillegg har eg ein del informantar frå Audnedal, to informantar frå Fjotland i Kvinesdal og ein informant frå Evje og Hornnes, som alle er språknøytrale kommunar.



Figur 2.2 Prosentvis fordeling av elevar som nyttar nynorsk som opplæringsmål i grunnskulen i dei ulike kommunane i Vest-Agder i 1945, 1975 og 2012. (Merknad: Årsaka til at Hægebostad er markert med 100 % nynorsk i 2012, er at elevane går på ungdomsskule i Audnedal kommune og er rekna med i den statistikken.)

(Kjelde: Skulemål i Agder og Telemark 2013)



Figur 2.3 Prosentvis fordeling av elevar som nyttar nynorsk som opplæringsmål i grunnskulen i dei ulike kommunane i Aust-Agder i 1945, 1975 og 2012.

(Kjelde: Skulemål i Agder og Telemark 2013)

2.5 Vidaregåande opplæring i Indre-Agder

Informantane mine har eg fått tilgang til gjennom to vidaregåande skular i Indre-Agder: Byremo videregående skole og Setesdal vidaregående skule, avdeling Hornnes.

Byremo videregående skole ligg i nordre del av Audnedal kommune og er ein av dei minste i Vest-Agder med omlag 100 elevar. Skulen starta opp med filialklassar under Kristiansand Katedralskole og Mandal Gymnas, men har vore sjølvstendig skule sidan 1987. Skulen tilbyr vg1 og vg2 innafor helse- og sosialfag, tekniske og industrielle fag og byggfag. Dessutan har skulen vg1 studiespesialisering. Flesteparten av elevane ved Byremo videregående skole kjem frå kommunane Audnedal, Hægebostad og Åseral. Hægebostad og Åseral er som nemnt tidlegare, dei to einaste nynorskkommunane i Vest-Agder, medan Audnedal er språknøytral. I Audnedal kommune er det to barneskular, ein på Byremo nord i kommunen, der opplæringsmålet er nynorsk, og ein sør i kommunen, Konsmo Barneskole, med bokmål som opplæringsmål. Ungdomsskulen ligg på Byremo og er eit interkommunalt samarbeid mellom Audnedal og Hægebostad. Det betyr at alle ungdomsskuleelevane frå dei to kommunane møtest her. To av respondentane frå Byremo videregående skole kjem frå Fjotland i Kvinesdal kommune. Kvinesdal er språknøytral og har både nynorsk og bokmål som opplæringsmål, men Kvinlog Skule, der desse to elevane har gått, har nynorsk som opplæringsmål.

Dei fleste elevane som tar vg1 studiespesialisering på Byremo videregående skole, går vidare på vg2 og vg3 ved Setesdal vidaregående skule, avdeling Hornnes. I tillegg til studiespesialisering og vg3 påbygg til generell studiekompetanse tilbyr denne skulen yrkesfaglege programområde innafor helse- og sosialfag, tekniske og industrielle fag og byggfag. Setesdal vidaregående skule marknadsfører seg sjølv som «den største skulen i Noreg – i alle fall i lengda» og er ei samanslåing av tidlegare Hovden Skigymnas, Valle vidaregåande skule og Hornnes vidaregåande skule. Skulen ligg i Setesdal i Aust-Agder, og det er 15 mil mellom Hornnes i sør og Hovden i nord. I denne samanheng kan det vere interessant å merke seg at avdelinga på Hornnes starta opp som landsgymnas i 1918. Landsgymnasa var eit viktig skule- og kulturpolitisk element i nasjonsbygginga i Noreg, og dei hadde opphavet sitt i målrørsla, som frå starten såg på skule og utdanning som eit nøkkelfelt i samfunnet. Ungdom frå bygdene skulle få lettare tilgang til examen artium.

Dei nye gymnasa skulle reisast i bygdemiljøet, og ungdom skulle sleppe å gå den kostbare vegen om "middelskoleeksamen". Viktigast var det at dei unge frå landsbygda skulle få bygge

si utdanning på sitt eige målgrunnlag, sitt eige miljø (Eldar Molaug 1969).

Skulen på Hornnes var landsgymnas fram til 1975. Som det siste landsgymnaset i landet gjekk det då over til å bli Hornnes Gymnas, i 1995 vart skulen til Hornnes vidaregåande skule, og frå 2006 vart det ein del av Setesdal vidaregåande skule. Det er eit mindretal av elevane ved skulen som har nynorsk som hovudmål i dag, men administrasjonsspråket har i hovudsak vore nynorsk heilt fram til nyare tid. I dei siste åra har det vore nytta både nynorsk og bokmål i administrasjonen, avhengig av kven som skriv. Størstedelen av elevane kjem frå kommunane i Setesdal og nærliggjande bygder som Iveland, Engesland i Birkenes Kommune, og Øvrebø og Hægeland i Vennesla kommune i Vest-Agder. I tillegg kjøper Vest-Agder fylke skuleplass til vg2- og vg3-elevar på studiespesialisering og vg3 påbygg frå Åseral, Audnedal og Hægebostad. Fleirtalet av informantane mine frå Setesdal vidaregåande skule er busette i Åseral, Hægebostad og Audnedal i Vest-Agder, men eg har også nokre informantar frå dei tre nynorskkommunane i Setesdal, dessutan ein elev frå Evje og Hornnes kommune.

3 TEORETISK OG METODISK RAMMEVERK

3.0 Innleiing

I dette kapittelet vil eg presentere det teoretiske og metodiske rammeverket som blir brukt i oppgåva mi. Ikkje alle dei nemnte teoriene vil bli direkte operasjonaliserte, men eg tar dei med fordi eg ser dei som nødvendige for ei heilskapleg forståing av prosjektet. Først vil eg seie noko om ulike tradisjonar innanfor sosiolinguistisk forsking, deretter vil eg drøfte identitetsomgrepet og forholdet mellom identitet og språk. I den samanheng vil individual- og sosialpsykologiske teoriar i nokon grad bli trekte inn. Andre teoriar som står sentralt i denne studien, er dei makrososiologiske teoriene til Anthony Giddens og Pierre Bourdieu. Medan Giddens er opptatt av korleis individet i eit moderne samfunn blir fristilt frå tradisjonelle rammer og kan ta individuelle val, har Bourdieu fokus på korleis ulike sosiale og samfunnsstrukturelle forhold er med på å setje grenser for dei same vala. I sluttelen av kapittelet vil eg kome inn på nynorskens identitet og tilknyting til tradisjonelle og rurale verdiar i samfunnet.

3.1 Sosiolinguistisk tradisjon

Sosiolinguistikken kan ein definere som studiet av "[...] det kulturellt, socialt och psykologiskt betingade utnyttjandet av de språkliga och kommunikativa resurserna i den dagliga interaktionen människor emellan" (Nordberg 1985:38). Ut frå denne generelle og vide definisjonen vil også dette prosjektet om val av skriftleg målform høyre til under sosiolinguistisk forsking.

Sosiolinguistar har nærma seg forskingsfeltet frå ulike ståstedar og med ulike metodar, frå William Labows kvantitative studiar av forholdet mellom språkbruk og statiske sosiale makrostørleikar på 1960-talet til ei sterkare dreining mot den interaksjonelle sosiolinguistikken frå 1990-talet og utover, der ein i større grad legg vekt på kvalitative metodar og den individuelle språkbrukaren i interaksjon med dei nære sosiale omgjevnadene.

Generelt sett representerer den labovske sosiolinguistikken ein positivistisk vitskapeleg tilnærningsmåte. Innsamlingsmetodane kan gjerne vere inspirerte av kvalitative,

sosialantropologiske studiar, men datamaterialet blir analysert kvantitativt i form av korrelasjonsanalyse mellom språklege variablar og sosiale grupper. Korrelasjonsanalysen blir ei kartlegging av kva for sosiale forhold som fører til ein viss type språkbruk. Sjølv om denne forskingstradisjonen er svært utbreidd, har den vore utsett for kritikk frå fleire hald, spesielt fordi desse samvariasjonane som uttrykkjer sosiolingvistiske mønstre, nærmast har fått status som forklaringar. "But most importantly, statistical correlations do not explain anything within their own domain, [...], they are themselves facts to be explained" (Faarlund 1990:38).

Suzanne Romaine peikar også på at denne sosiolingvistiske tradisjonen ikkje forklarar, men berre beskriv korleis språkbruk går føre seg: "Such correlations between language and social categories do not tell us what kind of language an individual will choose on any particular occasion, or why" (Romaine 1994:223). Ho meiner at menneska er frie aktørar som kan gjere val og reflektere over handlingane sine. Det gjer det vanskeleg å påvise lovmessige forklaringar ved menneskelege handlingar.

Den interaksjonelle sosiolingvistikken tar i bruk intensjonalforklaringa for å kome eit skritt vidare. Å sjå på språkbruk som ei intensjonal handling betyr at språket er meiningsbestemt, ikkje årsaksbestemt. Enkeltindividet blir viktig for å kunne forstå språkbruk, og det subjektive får stor fokus.

Disse enkeltstående individenes språklige ytringene blir innenfor denne tradisjonen satt inn i en utpreget hermeneutisk ramme, der en har lagt vekt på å skaffe seg en inngående innsikt i hvilke psykologiske og sosiale mekanismar som kan ha motivert de ulike verbale strategiene, og likeså hvilken intensjonell funksjon og betydning disse strategiene har innenfor gitte interaksjonelle sammenhenger (Mæhlum 1996: 202).

Ei intensjonal handling treng ikkje å vere bevisst, men er i like stor grad relevant som beskriving av ubevisste eller underbeviste, ikkje-planlagte handlingar.

Og nettopp i tilknytning til språklig atferd og språklige endringer er det grunn til å tro at denne ubevisste, men altså like fullt intensjonale dimensjonen har en avgjørende betydning på det individuelle språkbrukernivået (Mæhlum 199:186).

Brit Mæhlum understrekar at det ikkje er tale om absolutte og eintydige motsetningar mellom dei to tradisjonane, men at ein gjerne vil finne att komponentar frå den labovske sosiolingvistikken i interaksjonelt baserte studiar, og vice versa (Mæhlum 1996: 201).

Ein prinsipiell skilnad mellom dei to ulike sosiolingvistiske tradisjonane er fokus på det kollektive kontra det individuelle, og den interaksjonelle sosiolingvistikken har blitt kritisert

for å leggje for stor vekt på individuelle forhold, ikkje minst med tanke på at språkbruk i høg grad er eit sosialt fenomen. Mange språkforskarar tar i bruk ei parallel utnytting av desse tilnærtingsmåtane, slik blant andre Unn Røyneland gjer i studien om språknivellering på Tynset og Røros (Røyneland 2005). Når ein studerer språkbruk og språkendringar, må ein trekkje inn både mikro- og makrososiologiske perspektiv, i tillegg til individual- og sosialpsykologiske forhold, meiner Røyneland. Ho understrekar at det er viktig å få tak på *både* dei psykologiske forholda som er med på å styre individets val, og dei meir overordna samfunnsstrukturelle forholda som set rammene for og avgrensar dei individuelle vala. "Val av språkleg tilpassing, variasjon og endring skjer nettopp i dialektikken mellom individet og kollektivet, mellom det individuelle og det samfunnsstrukturelle" (Røyneland 2005: 95).

Også Ragnhild Haugen (2004:3) understrekar at ein kombinasjon av kollektive og individuelle forhold må til for å oppnå kunnskap om sosiale fenomen. Ho opererer med tre ulike nivå: mikro-, meso- og makroplan. På mikroplan finn ein subjektive forhold knytte til enkeltindividet, slik som haldningar, verdisyn og identitet. På mesonivå kan ein plassere nettverk og fritidsaktivitetar som er individuelle fordi dei er sjølvvalte, men kollektive fordi dei skjer i samhandling med andre. Sosiale samfunnsstrukturar som skule og politiske vedtak høyrer til på makronivå. Det same gjeld sosiale bakgrunnsvariablar som individet ikkje kan velje, for eksempel kjønn og alder. Eg er innom alle desse tre nivåa i studien min.

Sjølv om ein i dette arbeidet også vil sjå ein meir positivistisk tilnærningsmåte, særleg i den innleiande undersøkinga der eg forsøker å finne samanhengar på makronivå, vil eg først og fremst plassere prosjektet mitt innafor interaksjonell tradisjon. Gjennom ein hermeneutisk tilnærningsmåte ønskjer eg å forklare og forstå korleis psykososiale faktorar og intensjonsbestemte handlingar påverkar skriftspråk.

3.2 Språk og identitet

3.2.1 Det vanskelege identitetssomgrepet

Omgrepet identitet er komplekst, og forståinga og bruken varierer gjerne avhengig av fagtradisjon og teoretisk ståstad. Identitetssomgrepet er sentralt i dette prosjektet, og det er derfor nødvendig med ei avklaring rundt omgrepet og kva for oppfatning som blir lagt til grunn her.

Sjølve omgrepene identitet kjem av det latinske ordet *idem* som betyr “den eller dei same”, men kven eller kva er ein den same som?

Identity is a concept that holds together two quite distinctive dimensions. On one level it means identification with something collective, cultural or social. On the other it denotes a sense of self and a sense of continuity within that self (Krane & Øia 2005:53).

På den eine sida handlar identitet om stabilitet eller kontinuitet i ein og same person over tid, der kvart individ er genuint og ulikt alle andre. Samtidig er individet del av eit sosialt eller kulturelt univers, der identiteten blir knytt til ulike roller og grupper. Ein er lik eller den same som nokon, og dermed også ulik andre som ikkje er medlem av dette fellesskapet. Innafor sosialpsykologiske tradisjonar blir denne tosidige identitetsforståinga gjerne uttrykt som personleg og sosial identitet. Det individuelle og det relasjonelle er gjensidig avhengige av kvarandre, og eit individs identitet blir danna i denne interaksjonen.

Tradisjonelt har ein skilt mellom ei essensialistisk og ei konstruktivistisk oppfatning av identiteten. Ut frå ein essensialistisk tankegang er identiteten ein genuin, permanent og uforanderleg storleik, immun mot ytre påverknad og sosiale impulsar. Mennesket blir fødd med eit sett kjerneegenskapar, og ut frå denne kjernen blir identiteten konstituert, til ein integrert og heilskapleg instans i eg-personen. Innafor konstruktivistisk identitetsoppfatning manglar den statiske kjernen. Identiteten er noko individet konstruerer og konstituerer over tid, som ein meiningskapande prosess gjennom handling, praksis og interaksjon med omgjevnadene. Innafor ei slik forståing er identiteten omskifteleg og heterogen, sett saman av ulike delidentitetar eller roller som individet veksler mellom, avhengig av situasjon og sosial kontekst.

Mange tar til orde for ein syntese av desse to oppfatningane. "Kun i forhold til noget som står relativt fast, kan vi få blik for det relativt flydende", har filosofen Hans Fink sagt (Fink og Hauge 1991). Han meiner at identiteten er både fast og omskifteleg, og at den blir utforma i gjensidig påverknad av kvarandre. Eit slikt syn kjem også fram hos Randi Solheim (2010). Ein kan sameine det essensialistiske og det konstruktivistiske identitetsskapet ved å tenkje at individet har visse predisposisjonar som blir aktiverte gjennom sosiale prosessar. Ho meiner ein slik syntese og vekselverknad vil gje ein viss grad av stabilitet og kontinuitet samtidig som det opnar for aktiv deltaking i og påverknad frå omgjevnadene. Dette synet ligg til grunn for at ein i sosiolinguistikken gjerne snakkar om språket som både identitetsskapar og identitetsuttrykk (Solheim 2010:131).

Sjølv om eit individs identitet består både av meir faste og meir omskiftelege element, er det særleg eit konstruktivistisk identitetssyn som ligg til grunn for prosjektet mitt, då eg her er mest opptatt av identitet som ein sosial konstruksjon som vi stadig er i forhandlingar med omgjevnadene våre om. Eg vil i det følgjande derfor gå noko nærare inn på dette identitetssynet.

Konstruktivistisk identitetsteori kan førast tilbake til George Herbert Mead (1934) sine teoriar om sjølvet, der blant anna speglingsteorien er sentral for å forstå korleis sjølvet, eller identiteten, blir forma. Det er gjennom samhandling med andre vi blir i stand til å oppdage eller erkjenne kva for ein identitet vi blir tillagt, og dette influerer i neste omgang på vår eiga sjølvforståing. Den kontinuerlege vekselverknaden mellom eit eg og dei andre som vi speglar oss i, blir gjerne kalla for identitetsforhandlingar, sidan vi alltid vil forsøke å oppnå konsensus med andre om vår eigen identitet. Brit Mæhlum hevdar at mange av dei eigenskapane og handlingsmønstera som er konstituerande for identiteten, ikkje er så lette å gjere til gjenstand for forhandlingar, fordi det er knytt sterke stereotypiske førestellingar og forventningar til desse (Mæhlum, Røyneland, Akselberg og Sandøy 2008:111). Makrososiale tilhørsle som alder, kjønn og etnisitet er eksempel her, men truleg kan også tilknyting til bygda og bruk av nynorsk som skriftspråk framkalle forventningar om bestemt rolleåtferd (jf. pkt. 3.7). Slike delidentitetar kan vere gjenstand for ei hierarkisk plassering, og identitetsforhandlingane blir dermed ikkje berre ei forhandling om kven vi er, men også kva for ein verdi vi har. "It may be discomforting to disagree about what or who we are, but it is even more discomforting to disagree about what it is worth to be what we are" (Liebkind 1989:52).

3.2.2 Språk som identitetshandlingar

Samanhengen mellom språk og identitet har stått sentralt i mykje av den nyare sosiolingvistiske forskinga, og to av dei forskarane som har vore med på å prege den interaksjonelle sosiolingvistikken mest, er lingvisten Robert Le Page og psykologen Andrée Tabouret-Keller. Le Page og Tabouret-Keller meiner at all språkleg åtferd er individuelt motiverte identitetshandlingar, der eit individ gjennom språklege val synleggjer si tilhørsle og sine sosiale roller.

[...] the individual creates for himself the patterns of his linguistic behaviour so as to resemble those of the group or groups with which from time to time he wishes to be identified, or so as to be unlike those from whom he wishes to be distinguished (Le Page & Tabouret-Keller 1985:181).

Dei språklege vala det her er snakk om, treng ikkje å vere bevisste, men viser til den grunnleggjande tesen innanfor fenomenologien om at all menneskeleg verksemd er intensjonal. Språket blir ein viktig identitetsmarkør, og dei lingvistiske vala viser kva for ei gruppe språkbrukaren vil assosiere eller disassosiere seg med. Le Page og Tabouret-Keller (1985) set opp fire vilkår som må vere oppfylte for at ein kan tilpasse seg åferdsmønster til ei gruppe ein ønsker å identifisere seg med. For det første må ein vere i stand til å identifisere den aktuelle gruppa. Det andre er at ein både må ha tilgang til gruppa og evne til å setje seg inn i åferdsmønsteret gruppa er prega av. Det tredje punktet gjeld motivasjonen. Han må vere sterkt nok hos individet, og anten bli styrkt eller svekt av tilbakemeldinga ein får frå gruppa. Det fjerde og siste vilkåret er at språkbrukaren må ha evne til å endre åferda si.

Teorien om språk som identitetshandling ligg i stor grad til grunn for mi tenking i dette prosjektet. Spørsmålet om kva og kven dei ulike informantane ønsker å identifisere seg med, er eit sentralt punkt i undersøkinga mi. Mesteparten av forskinga på dette området, iallfall innanfor norsk sosiolingvistikk, har fokusert på forholdet mellom identitet og talemål. Eg tykkjer derfor det er spesielt spennande og interessant å sjå om det er mogleg å finne liknande samanhengar mellom identitet og bruk av skriftspråk.

Sjølv om språk og identitet fungerer i interaksjon med kvarandre, er det rimeleg å tru at dei to storleikane er relaterte til kvarandre med ulik styrke, og kanskje på ulik måte, hos ulike individ og i ulike område. Sosiolingvisten John Edwards meiner at identiteten i størst grad er knytt til "non-standard varieties":

All language varieties can reflect identity. There is a regularity in research findings here: non-standard forms attract high rating in terms of group solidarity, while standard ones seem to reflect higher competence (Edwards 1985:167).

Edwards legg vekt på symbolfunksjonen språket kan ha og meiner at det er den symbolske sida av språket som identiteten helst er knytt til. For mange vil nok nynorsk representere den markerte, avvikande målforma som samtidig har ein sterkt symbolfunksjon. Dette synet samsvarer med det Jon Peder Vestad fann ut gjennom ei granskning av språkbruk blant journalistar:

Det er viktigare for nynorskbrukarane å bruke nynorsk enn det er å bruke bokmål for bokmålsbrukarane. Nynorskbrukarane er kryare, stoltare av språket sitt, og uttrykkjer sterke identitet som nynorskbrukarar enn tilfellet er for kollegaene. [...] Bokmålsbrukarane er meir overbeviste om at målforma dei bruker er praktisk og upersonleg, og nynorskbrukarane synest nynorsken er meir personleg (Vestad 2001:7).

3.2.3 Tilpassing og nettverk

Tilpassingsteorien, som først blei utvikla av Howard Giles og hans forskarkollegaer, har utspring i sosialpsykologien. Det teoretiske rammeverket er utvikla ut frå eit ønske om å vise korleis sosialpsykologiske prosessar kan forklare dei språklege tilpassingane som blir gjort mellom to eller fleire personar i ulike kommunikasjonssamanhangar. Teorien tar utgangspunkt i prinsippet om at det alltid vil gå føre seg ei språkleg tilpassing, enten i form av konvergens, der det skjer ei språkleg tilnærming som eit uttrykk for sosial godkjenning, eller ein divergens for å markere avstand og ulikskapar til kommunikasjonspartnaren. Teorien har vore mest nytta i konkrete interaksjonssituasjonar der partane har vore fysisk til stades, såkalla ansikt-til-ansikt-situasjonar, men har sidan den vart introdusert på 1970-talet, vorte utvikla til også å gjelde meir abstrakte einingar som underliggende forventingar, haldningar og sosiokulturelle tilhøve (jf. Røyneland 2005:122). Dette gjer avstanden mellom identitetsprosjeksjonsmodellen til Le Page og Tabouret-Keller og tilpassingsmodellen mindre, og teorien kan dermed også nyttast som ein forklaringsmodell på den språklege tilpassinga som mange hevdar går føre seg når nynorskbrukarar går over til å nytte bokmål i fleire samanhengar.

Den sosiale nettverksteorien, som er henta frå sosialantropologien, er mykje brukt innafor sosiolinguistikken for å forklare språkbruken til ein person. Sosialt nettverk refererer til det kontaktnettet vi har av uformelle sosiale kontaktar, der familie, venner, skolekameratar og kollegaer utgjer dei viktigaste grupperingane. Ein av dei mest kjente nettverksstudiane innafor sosiolinguistikken er Lesley Milroy sin studie av språkbruk og sosiale nettverk i tre arbeidarstrok i Belfast (Milroy 1980). Eit viktig mål her var å finne ut kva for eigenskapar ved eit sosialt nettverk som fungerer som "a norm maintenance mechanism". Ho viser at tette og multiplekse nettverk, dvs nettverk der personane er knytte til kvarandre gjennom fleire roller samtidig, har ein viktig funksjon som sosial korrigerings- og kontrollinstans når det gjeld å halde fast ved det lokale talemålet.

Det er mykje diskutert om teorien også kan brukast til å forklare språkendringar. Unn Røyneland (2005:124) meiner at det er rimeleg å anta at innovasjon kan initierast gjennom individ med svak nettverkstilknyting som søker utover mot nye grupper. Ho viser blant anna til Kerswill og Williams (1999) sin studie om forholdet mellom sosialklasse, nettverkstruktur og mobilitet, der dei konkluderer med at sterke nettverksband held oppe den lokale norma, medan lause nettverksband opnar for og favoriserer endring.

Tradisjonelt sett blir bygdemiljø karakterisert ved å ha tette og multiplekse nettverk, medan innbyggjarane på meir urbane stader gjerne har eit mindre tett nettverk. Innafor moderne samfunn har dette endra seg noko, og nettverka på bygdene er blitt langt meir opne og mindre multiplekse (jf. pkt. 3.3.3). I studien min har eg ikkje operasjonalisert nettverksteorien i form av nettverksindeksar, men i undersøkinga har eg med fleire spørsmål som går på informantens nettverk, då særleg med fokus på nettverk i lokalmiljøet kontra nettverk utafor lokalmiljøet og meir knytt til urbane strøk. Bygdene som eg hentar informantane mine frå, ligg i ei randsone for det som er nynorsken sitt område, og det er slik sett rimeleg å anta at kontrollinstansen for bruk av nynorsk fungerer mindre sterkt her enn for eksempel i kjerneområda i Sogn og Fjordane. Tilpassingsteorien og teorien om sosiale nettverk kan vere relevante supplement for å forklare eventuelle samanhengar mellom informantens språkval og sosiale nettverk og tilpassingar til dei miljøet dei har kontakt med.

3.3 Tradisjon og modernitet

3.3.1 Omgrepa tradisjon og modernitet

Forholdet mellom tradisjon og modernitet er ein sentral dimensjon innafor human- og samfunnsvitskapen. Omgrepa vert gjerne brukt som motsetningar, også innafor sosiolingvistisk forsking. Brit Mæhlum (2007) hevdar at når ulike språk blir konfrontert med kvarandre, enten det er møte mellom dialekt og standardtalemål, minoritets- og majoritetsspråk, nasjonalspråk og globalspråk eller mellom nynorsk og bokmål, vil konflikten mellom tradisjon og modernitet vere ein viktig dimensjon. Gjennom analysar av ulike språkmøte peikar ho på eit gjennomgåande mønster der språkvariteten "[...] som i en gitt historisk og sosiokulturell kontekst blir betraktet som sinnbildet på *det moderne*, tenderer å inneha visse fortrinn på det lingvistiske markedet, og dermed står i en gunstig posisjon til å overta andre varieteters markedsandeler" (Mæhlum 2007:199). Mæhlums synspunkt om konflikten mellom det moderne og det tradisjonelle som ein viktig dimensjon i ulike språkmøte, også i møtet mellom nynorsk og bokmål, er eit viktig utgangspunkt for studien min.

Omgrepet tradisjon har røter i det latinske ordet *tradere* som betyr å overlevere. Mæhlum brukar omgrepet om skikkar, førestellingar og sosiale praksisformer som er nedarva, overlevert og lokalt forankra (Mæhlum 2007: 64). Ho legg vekt på at praksisen dermed blir

knytt til ein bestemt geografisk lokalitet – ein stad. Akselberg fokuserer mindre på staden, men i den definisjonen han brukar, refererer tradisjonen til element i kulturen som blir oppfatta som felles arv i ei sosial gruppe (Akselberg 1995:169). Han presiserer at overleveringa skal ha skjedd gjennom relativt mange generasjonar. Ein kombinasjon av desse to definisjonane er nok det som passar best for slik eg forstår og brukar tradisjonsomgrepet i prosjektet mitt.

Akselberg definerer modernitet til å vere det motsette av tradisjon i avhandlinga si. Denne definisjonen er noko problematisk, fordi den ikkje seier noko om kva modernitet er, berre kva det ikkje er. Også hos Mæhlum representerer moderniteten eit motstykke til tradisjonen, men ho presiserer også at både den historiske og geografiske forankringa manglar:

Moderniteten impliserer at praksisformer og verdigrunnlag nettopp peker *ut over* det spesifikt lokale, og der samtidig historisk forankring enten er fraværende eller irrelevant (Mæhlum 2007: 64).

3.3.2 Modernitetens kjenneteikn

Mæhlum peikar vidare på at brotet med dei meir eller mindre reflekterte bindingane til tradisjonen er eit av modernitetens viktigaste kjenneteikn, og viser dermed til Giddens og hans "disembedding"-omgrep. Det er vanskeleg å finne eit godt og dekkjande uttrykk for dette omgropet på norsk. Brit Mæhlum forklarar omgropet som "en slags kulturell og sosial *fristilling, frisetting*" (Mæhlum 2007:64), medan Are Eriksen bruker *utleiring* i si oversetjing av Anthony Giddens *The Consequences of Modernity* frå 1990: "Med utleiring mener jeg at sosiale relasjoner "løftes ut" av lokale interaksjonssammenhenger og restruktureres på tvers av uendelig spenn av tid og rom" (Giddens 1997:24).

Giddens hevdar at det moderne samfunnet skil seg dramatisk og kvalitativt frå alle tidlegare samfunnstypar ved *modernitetens dynamiske karakter* (Giddens 1997). Moderne samfunn forandrar seg i eit tempo og med ein intensitet og ei rekkevidde som er heilt ukjent for tidlegare epokar. Utleiring ("disembedding") er eit av dei tre grunnleggjande strukturelle trekka som forklarar den dynamiske karakteren ved moderne sosialt liv. Ein føresetnad for at desse frikoplingsmekanismane skal tre i kraft, er eit anna grunnleggjande trekk: *åtskiljing av tid og rom*. I moderne samfunn er presis soneinndeling av tid og rom mogleg, og denne klassifiseringa blir dermed lausriven frå lokale kontekster og gjort abstrakt og uavhengig av stad. Konsekvensen av desse frikoplingsmekanismane er at menneskelege relasjonar kan

oppstå sjølv om avstandane er store, i både tid og rom. Det tredje hovudelementet som forklarar modernitetens dynamikk, er *institusjonell refleksivitet*. Eit moderne samfunn produserer store mengder kunnskap som kontinuerleg vert undersøkt og revidert på bakgrunn av ny informasjon eller viten. Førmoderne samfunn var sterkt regulerte gjennom tradisjonar, men modernitetens institusjonelle refleksivitet fører til at tradisjonen mistar den naturlege autoriteten. Giddens bruker omgrepet posttradisjonelt samfunn for å vise korleis val og refleksivitet har erstatta tradisjon i den nye moderniteten frå 1970 og framover (jf. Aakvaag 2008:274).

3.3.3 Stad og tilhørysle i eit moderne samfunn

Omgrepa *lokalforankra* og *lokal tilhørysle* er sentrale i studien min, og i dei nemnde samansetjingane refererer *lokal* til heimstaden til informantane. Lokal tilhørysle blir rekna som ein grunnleggjande identitetsskapande faktor, ein faktor som kanskje står ekstra sterkt i Noreg (jf. Gullestad 1997:48). Den lokale identiteten kan synast å vere noko ein nærast får med seg i fødselsgåve, frå staden der ein er født og oppvaksen, og den er vanskeleg å tileigna seg seinare i livet. "Ein stad, og ikkje minst ein heimstad, ber [...] i seg ei rekkje viktige eigenskapar som er viktige for enkeltmennesket. Det dreiar seg om relasjonar, miljø og omgivnader,[...] slik dei har utvikla og endra seg over tid (Solheim 2010:120). Folk si kjensle av å vere *heime* i eit område stammar ifølgje geografen Robert Mugerauer delvis frå eksistensen av eit felles språk, der måten ein snakkar på skapar og reflekterer ei felles oppleving av staden (jf. Røyneland 2005:129).

I tradisjonell dialektologi har omgrepa stad og heimstad vore forstått som konkrete, fysiske og objektive stader, geografiske avgrensa ved hjelp av lingvistiske skiljelinjer. I sosiolingvistisk tradisjon finn ein, i tråd med store delar av den postmoderne samfunnsteorien, ei meir konstruktivistisk og fenomenologisk basert forståing av omgrepene. Her er staden primært ein meiningsfull kontekst for menneskeleg samhandling, ikkje først og fremst fysisk gitt, men med eit sosialt og kulturelt innhald. Mange tar elles til orde for å definere *stad* både som ein fysisk og ein kulturelt definert kategori, der omgrepet omfattar både materielle og opplevingsmessige aspekt (jf. Røyneland 2005:127 ff.).

I eit bygdesamfunn i dag er det ikkje nødvendigvis slik at du har mykje kontakt med naboen. Ein vel venner og omgangskrets meir etter interesse enn etter bustad, og dermed blir den

konkrete staden mindre viktig for utviklinga av den individuelle identiteten (jf. Giddens 1991: 147). Giddens hevdar at folk i aukande grad orienterer seg mot såkalla livsstilsenklavar i staden for lokalitetar.

3.3.4 Rural og urban livsstil i eit moderne samfunn

Some people are of the city, but not in it, whereas others are in the city, but not of it (R.E. Pahl 1970:101).

Rurale område har tradisjonelt sett blitt knytte til landbruk og fiske, men Halfacree og Boyle (1998) hevdar at landsbygdene i stadig større grad blir prega av konsumpsjon framfor produksjon og at det er "postproduktivistiske" landsbygder som veks fram (Her etter Lysgård og Berg 2004:18). Bygdene er blitt meir heterogene, både når det gjeld næringsliv, yrke og levesett, og skilnadene mellom by og bygd er på mange område i ferd med å bli viska ut. Ut frå ein demografisk og strukturell definisjon av omgrepet ruralitet, er det liten tvil om at rurale område framleis finst i Noreg, men innbyggjarane i bygda har ikkje nødvendigvis lokalsamfunnet som den primære referanseramma. Generelt sett kan ein seie at den psykologiske bindinga til ein bestemt stad har blitt lausare (jf. frikoplingsmekanismar i 3.3.2 og avsnittet over), og mange identifiserer seg heller med ei større geografisk eining, eit regionalt, nasjonalt eller til og med eit internasjonalt fellesskap.

Ein del av den urbaniseringa som kjenneteiknar moderne samfunn, skjer på mentalt plan ved at urbane haldninga og urban livsstil blir spreidd frå by til land utan at det skjer nokon fysisk urbanisering i samfunnet. Dette inneber at mange bygdeungdommar føler seg like urbane som ungdom i byen, og at deira innstilling, interesser og livsstil er like moderne og trendy som hos byungdom.

3.4 Bourdieus kultursosiologi

Medan Giddens er opptatt av korleis individet i eit moderne samfunn blir fristilt frå tradisjonelle rammer og kan ta individuelle val, har Bourdieu fokus på korleis ulike sosiale og samfunnsstrukturelle forhold er med på å avgrense desse vala. I dette delkapittelet skal vi bruke Bourdieus sine teoriar til å sjå nærmare på kva for sosiale føringar og rammer som kan vere med å styre språklege realiseringar.

3.4.1 Kapitalomgrepet

Den franske sosiologen Pierre Bourdieu (1930-2002) blir gjerne sett på som ein typisk konfliktteoretikar som gjennom arbeidet sitt forsøker å skildre og avdekkje underliggende strukturar og sosiale relasjonar som finst mellom aktørane i samfunnet. Bourdieu bruker omgrepet *det sosiale rom* om den hierarkiske og relasjonelle strukturen i samfunnet. Den hierarkiske strukturen er basert på kapitalmengde som aktørane har tilgang til, der kapitalen gir makt i eigenskap av å vere ein ressurs som kan brukast til å oppnå fordelar i det sosiale livet. Bourdieu opererer med ulike former for kapital: økonomisk, sosial, kulturell og symbolsk kapital. Økonomisk kapital er ressursar i form av pengar, aksjar, eigendommar og det som elles kan gje økonomisk avkasting, medan sosial kapital består i tilgang til sosiale nettverk, slik som familie, venner, kollegaer og frivillige organisasjonar. Kulturell kapital kan delast i to undergrupper: ein uformell og ein formell type, der den uformelle kan kallast danning og god smak, medan den formelle av og til blir kalla utdanningskapital fordi den viser til kunnskap, utdanning og titlar (jf. Aakvaag 2008:149 ff.).

Den siste forma for kapital, symbolsk kapital, er den mest sentrale hos Bourdieu og er "[...] det som av sociale grupper igenkänns som värdefullt og tillerkännes värde" (Broady 1991:171). Symbolsk kapital kan vere ulike eigenskapar av fysisk, kulturell, sosial eller økonomisk art som andre aktørar kan anerkjenne på ein måte som gjer at den får verdi. Kva som blir sett på som verdifull symbolsk kapital, vil variere innafor ulike miljø, men det er gjerne ein maktelite som definerer og får andre til å tru på si eiga verdsoppfatning. Gjennom slike prosessar får ei gruppe menneske *symbolsk makt*, og kan til dømes etablere oppfatningar om kva for språknormer som er mest legitime på den språklege marknaden (jf. pkt. 3.4.4).

3.4.2 Habitus

Omgrepet *habitus* heng nøye saman med kapitalomgrepet ved at personar tileignar seg habitusen i det sosiale rommet på grunnlag av den kapitalen dei har til disposisjon. Bourdieu definerer habitus som "[...] et integrert system av varige og kroppsliggjorte disposisjoner som regulerer hvordan vi oppfatter, vurderer og handler i den fysiske og sosiale verden" (Aakvaag 2008:160). Det er habitus som avgjer korleis vi tenkjer, kva vi gjer og kven vi er. At den er kroppsleggjort, betyr at åferda ikkje er basert på grundig refleksjon, men på meir ubevisste handlingsmønster der vi har ei nærast instinkтив forståing av korleis vi skal opptre i

ulike situasjonar. Fordi habitus er stabil og varig, utgjer den ein viktig del av ein persons identitet.

3.4.3 Sosiale felt

Innafor det sosiale rommet finn vi mange ulike sosiale felt. Ikkje alle sosiale arenaer er eit sosialt felt i Bourdieus terminologi. Eit sosialt felt er "[...] ett system av relationer mellan positioner besatta av specialiserade agenter og institutioner som strider om något för dem gemensamt" (Broady 1990:270). Slike felt kan vere knytte til for eksempel politiske, religiøse, kunstnariske og vitskapelege arenaer, og for å vere deltakar i eit felt må ein ha ein bestemt habitus og kapital som er feltspesifikk. Posisjonane i det sosiale rommet er basert på mengde og samansetning av generell kapital, medan posisjonane i eit sosialt felt er bestemt av mengda ein aktør har av den feltspesifikke kapitalen (jf. Aakvaag 2008:155).

I avhandlinga om sosiolingvistiske tilhøve på Voss nyttar Gunstein Akselberg i stor grad Bourdieus feltenking, men med ei modifisering og tilpassing til det lokalsamfunnet han studerer. Akselberg kallar felta sine for sosiale aktivitetsfelt og definerer desse som "[...] ein arena der heile bygdefolket kan ta del *utan noko formelt krav* om utdanningskapital eller krav om *nokon større økonomisk kapital* som *inngangsbillett*" (Akselberg 1995:165). Han samanliknar aktivitetsfelta med det Bourdieu kallar for camp, som er ein del av eller ei underavdeling av eit sosialt felt, og han presiserer vidare at det er lite innbyrdes strid, men heller rolege og stabile forhold i slike leirar. I si operasjonalisering har Akselberg delt dei sosiale aktivitetsfelta inn i tradisjonelle og moderne felt for å teste ut ein av dei sentrale hypotesane i studien som seier at informantane som er særleg aktive innafor dei tradisjonelle felta, vil nytte fleire tradisjonelle språklege former enn dei informantane som er særleg aktive innafor dei moderne felta (jf. Akselberg 1995:72). Ut frå problemstillinga i mi eiga oppgåve er det nærliggjande å tenkje at eg kunne ha nytta den same operasjonaliseringa av feltomgrepet. Når eg ikkje har gjort dette, har det først og fremst to årsaker. For det første hentar eg informantane mine frå fleire bygdemiljø i Indre-Agder. Sjølv om eg meiner at desse bygdemiljøa har svært mykje til felles, vil det sosiale miljøet og dei ulike aktivitetstilboda variere noko frå bygd til bygd. For det andre har Akselberg henta informantane sine frå Vossebygda, ei bygd som han sjølv karakteriserer som eit takknemleg studieobjekt for å granske tilhøva mellom tradisjon og modernitet. Tradisjonen er blant anna representert ved bondekultur, folkemusikk og husflid, medan moderniteten kjem til uttrykk gjennom

alpinsport, jazzfestival, restaurant og uteliv. Desse motsetningane er langt mindre tydelege i bygdene i Indre-Agder, særleg blant ungdommen, fordi dei er mindre mobile og derfor i stor grad er prisgitt dei tilboda som finst på den lokale staden. Når eg likevel har gjort såpass grundig greie for Bourdieus teoriar og vist til Akselbergs avhandling, er det fordi at mykje av den same tenkinga ligg bak prosjektet mitt. Operasjonaliseringa vil bli gjort nærmere greie for i kapittel fire.

3.4.4 Symbolsk makt i eit moderne samfunn

Bourdieu har ikkje utvikla nokon heilskapleg teori for det moderne samfunnet, slik som for eksempel Giddens, men spreidd i Bourdieus tekster finst det ulike element som gjer det mogleg å rekonstruere hovudtrekka i ein slags modernitetsteori (jf. Aakvaag 2008:164 ff.). Eit av dei viktigaste kjenneteikna ved det moderne samfunnet er institusjonell differensiering, som inneber at dei ulike sfærane er blitt skilt frå kvarandre ved å ha utvikla sine eigne normer, krav og standardar. Den institusjonelle differensieringa vil Bourdieu beskrive gjennom at det har vakse fram ei rekkje sjølvstendige og autonome felt, deriblant økonomiske, politiske og kunstnarlege felt, med eit hovudskilje mellom dei økonomisk-administrative og dei symbolske. Bourdieu uttrykkjer bekymring for at dei økonomisk-administrative felta i eit moderne samfunn skal leggje under seg dei symbolske, slik at det blir den økonomiske kapitalen eller marknadskrefte som vil rå i alle felt etter kvart.

I enkelte analysar av den norske språksituasjonen blir motsetninga mellom bokmål og nynorsk sett inn i eit allment sosialøkonomisk marknadsperspektiv. Fløgstad (2004:117 ff.) meiner at den frie konkurransen krev einsretting, og hevdar at det ligg ein totalitær marknadslogikk bak den nye offensiven i kampen mot nynorsk. Også Walton (1991) peikar på den utfordringa nynorsken har i eit marknadsstyrt samfunn, men meiner samtidig at nynorsken byggjer på andre verdiar enn dei materielle:

Det finst knapt noko produkt som er så totalt mistilpassa, udugande og useljeleg på marknaden som nynorsken. Det var ikkje nokon som vart målmenneskje av di det var lønsamt [...] I eit marknadstyrt Noreg ville nynorsken kjapt kvelast som synleg medspelar i samfunnslivet (Walton 1991:37).

3.5 Talemål og livsstil

Livsstil er eit allment omgrep som gjerne blir forbunde med livsførsel i eit moderne forbrukarsamfunn, der både livsførsel og dei materielle goda ein omgir seg med, ber bod om kven ein er og kva gruppe ein ønskjer å identifisere seg med.

Hos Giddens blir livsstilsomgrepet knytt til det han kallar individets refleksive prosjekt (t.d. Giddens 1991). I eit posttradisjonelt samfunn er ikkje identitet eit resultat av tradisjon og sosiale forventingar, men av refleksive val og aktive avgjersler. Det refleksive prosjektet går ut på å etablere og oppretthalde samanhengande sjølvbiografiske forteljingar for å knytte fortid, nåtid og framtid saman. Desse forteljingane blir kontinuerleg redigerte i lys av ny informasjon, nye hendingar og nye erfaringar, og dei handlar om kvar ein kjem frå og kor ein er på veg, altså kven ein er. Dei refleksive vala blir knytte til ein meir heilskapleg livsstil, som ifølgje Giddens kan definerast som eit meir eller mindre integrert sett av praksisformer som individet følgjer. Ein livsstil blir valt gjennom livsplanar som er eksistensielle livsutkast, og til grunn for vala ligg gjerne moralske og verdimessige ideal og førestellingar om kven ein ønskjer å vere.

Medan Giddens og andre modernitetssosiologar fokuserer på korleis moderniteten krev at individet vel mellom ulike livsstilar og i stor grad konstituerer si eiga livsverd, er Bourdieu opptatt av avgrensingane og reproduksjonen som ligg både i habitus og sosial struktur. Hos Bourdieu har livsstil med eit menneske sin praksis eller praksismåte å gjere, og livstilen heng nøye saman med kapitalsamansetting og sosial klasse i vid forstand, formidla gjennom habitus. Personar som tilhører same sosiale gruppe og er aktive innafor same sosiale felt, vil ha stort samanfall av ulike vanar, til dømes fritidsaktivitetar, klesstil, matvanar og musikksmak. Dette betyr ifølgje Bourdieu at ein kan plassere ulike personar i eit relasjonelt tilhøve til kvarandre etter deira system av praksismåte eller livsstil, i det han kallar *livsstilens rom* (jf. Akselberg 1995:161). Det er ein slik forklaringsmodell som ligg bak Akselbergs hovudhypotese om samvariasjon mellom aktivitetsfelt/livsstil og språklege realiseringar. Studien bekreftar særleg at det samvariasjon mellom aktiviteten i tradisjonelle felt og bruken av tradisjonelle talemålsformer (Akselberg 1995:419).

Ingunn Stokstad brukar den same tilnærminga i si masteroppgåve, der ho ser på samanhengen mellom å realisere lokaltilknytte språktrekk og å konstituere ei lokalt orientert livsverd hos ungdom (Stokstad 2007). På populasjonsnivå er det ein tydeleg samvariasjon her, og på

individnivå er det tendens til samanfall hos eit stort fleirtal av informantane (Stokstad 2007:117).

Også Unn Røynelands studie om dialektnivellering blant ungdom på Røros og Tynset viser samanhengar mellom språkbruk og livsstil. I granskingsi har ho delt informantane sine inn i fire ulike grupper på bakgrunn av interesser og aktivitetar dei deltar i. Dei ulike gruppene kallar ho soss/skatar, bus/rånar, skole/idrett og skole/kultur (Røyneland 2005:191). Ungdommen i soss/skater-miljøet og ungdommen frå bus/rånar-miljøet dannar ytterpunktata på ein tradisjons- og modernitetsskala, og dei språklege motsetnadane er særleg store mellom desse to gruppene. I oppsummeringa konkluderer ho med at det er tydelege samanhengar mellom språkbruk og plasseringa i eit sosiokulturelt rom:

Avhandlinga har vist at tilhørslle i eller identifikasjon med ulike sosiale grupper, sosiokulturell orientering, kjensle av lokal tilhørslle og stadens etnolingvistiske vitalitet og posisjon alle er heilt avgjerande faktorar for å forstå dei varierande språklege vala ungdom på Tynset og Røros gjer (Røyndeland 2005:542).

3.6 Språk og personlegdom

I si granskning av kvinesdalsmålet går Martin Skjekkeland eit skritt vidare i denne "livsstilstenkinga" og klassifiserer informantane ut frå "[...] kva for "personlegdomstype" dei representerer" (Skjekkeland 2009:57). Han deler informantane inn i to grupper, *homo domesticus* og *homo dynamicus*, etter kva tilknyting og forhold dei har til heimstaden sin. Informantane som høyrer til den første gruppa, er den heimekjære typen som er stolte av heimbygda si og gjerne vi halde fram med å bu der. Dei får dekte kulturelle og sosiale behov på heimstaden og har dei fleste av vennene sine frå bygda. Informantane i den andre gruppa, *homo dynamicus*, orienterer seg i større grad bort frå bygda og lokalmiljøet. Dei har eit mindre positivt syn på heimstaden, reiser mykje ut av bygda i helgene og har mange venner utanfor lokalmiljøet.

Skjekkelands granskning viser ein nokså klar skilnad i språket mellom dei to gruppene. "Homo domesticus"-gruppa har gjennomsnittleg 59,5 % tradisjonelle former, medan "homo dynamicus"-gruppa har 37,2 % (Skjekkeland 2009:170). Dei siste tiåra er det gjort mange studiar som stadfestar det nære forholdet mellom talespråket og identiteten til eit menneske. Skjekkeland meiner at ein ved å trekke inn eit meir psykososialt perspektiv, her kategorisert i to "personlegdomstypar", vil kome eit steg vidare for å forstå dei språklege strategiane ved

bruk av talemål.

Arbeidet til Skjekkeland harmonerer i stor grad med mi eiga tenking rundt forholdet mellom språk og identitet/personlegdom. I studien min er det ikkje talemål, men bruk av nynorsk og bokmål som står i fokus. Kan ein finne liknande samanhengar mellom skriftspråk og livsstil/livsverd som det ein finn innafor talemålsforsking, og kan det tenkjast at det til dels er dei same strategiane som ligg til grunn når ein vel mellom bokmål og nynorsk, som når ein vel mellom tradisjonelle og meir modererte talemålsformer (jf. Mæhlum 2007)?

I studien min opererer eg ikkje med personlegdomstypar, slik Skjekkeland gjer, men informantane mine plasserer seg langs tre ulike sosiokulturelle aksar, moderne/tradisjonell, lokaltilknytt/ikkje lokaltilknytt og urban og rural, avhengig av korleis dei orienterer seg i det sosiokulturelle rommet. Det er ein nær samanheng mellom dei tre aksane. Ut frå definisjonen som er brukt på moderne-tradisjonell (jf. delkapittel 3.3), ser vi at rural og lokaltilknytt er aspekt ved ei tradisjonell livsverd, medan urban og mindre lokaltilknytt er aspekt ved ei meir moderne livsverd. Ein person som er *tradisjonell, rural og lokalorientert* (jf. problemstillinga mi, s. 3), samsvarar i stor grad med informantane som Skjekkeland vil plassere i gruppa "homo domesticus", medan ein person som er meir urban og mindre tradisjonell og lokalorientert, vil høyre til i gruppa "homo dynamicus".

3.7 Nynorsk som uttrykk for tradisjon og ein eigen identitet

Eg starta denne avhandlinga med eit sitat av Mæhlum (2007:198), der ho peikar på at nynorskens største utfordring er å frigjere seg frå si dominerande rurale tradisjonstilknyting, for dermed å bli assosiert med meir urbane - og moderne - praksisformer og verdisett. Det er ikkje plass for ei utførleg drøfting av nynorskens tilknyting til det rurale og tradisjonelle her, men ganske kort vil eg trekke fram nokre få punkt som kan forklare korleis nynorsken for mange representerer det tradisjonelle, og underforstått, at bokmål representerer det meir moderne.

Fleire forskrarar, særleg i nyare tid, meiner at Aasens språkprosjekt først og fremst var eit moderne prosjekt. I kontrast til den tradisjonelle tolkinga av Ivar Aasen som nasjonalromantisk symbol vert språkprosjektet hans sett inn i ramma av den tidlege framveksten av det moderne samfunnet. Apelseth (1997) peikar på at den som ville vere deltagar i eit moderne samfunn, måtte meistre både skriftsspråk og kjenne dei rette

språkkodane. Det danske språket, som gjerne var akademisk københavnsk, fungerte som ei hindring for ei slik deltaking.

[...] det er såleis både rimeleg og relevant å knyte Aasens språkprosjekt til moderniserande faktorar som folkesuverenitet, folkestyre og idear om allmenn politisk deltaking, til økonomiske, estetiske, forfatningsmessige og intellektuelle endringar, til skuleutvikling folkeopplysning og effektivisering av innanlands kommunikasjon (Apelseth 1997:6).

Stephen Walton (1996: 263-64) viser til at Aasen sjølv tidleg tok avstand frå det nasjonale prosjektet, som han oppfatta som ei rørsle *for* og *av* byborgarskapet, og heller argumenterte for landsmålet som eit klassepråk for bebruarane i heile landet.

Når det ikkje er dette, men nynorskens tilknyting til andre og meir tradisjonelle sosiokulturelle praksisformer som har festa seg, meiner Mæhlum (2007:192) at noko av forklaringa ligg heilt tilbake til sjølve etableringa av landsmålet på midten av 1800-talet. Eit skriftspråk som tok utgangspunkt i talemålet til bonestanden, eller meir generelt i allmugen, i staden for eliten og borgarskapet, var ikkje berre heilt uvanleg, men stridde også mot ei utbreidd oppfatning av språket som eit uttrykk for folks danning. Det sosiokulturelle verdigrunnlaget har fått prega mykje av debatten heilt frå starten og fram mot våre dagar.

Ei anna viktig årsak til at nynorsk gjerne blir assosiert med landsbygda, bønder og tradisjonelle verdiar, er den geografiske dimensjonen. Sjølv om "nynorskland" er eit område som har endra seg mykje sidan målforma blei tatt i bruk, er det ingen tvil om at nynorsk står generelt sterke i periferien enn i sentrale område. Målforma har sterkest posisjon i det vi gjerne kallar for nynorskens kjerneområde på Vestlandet, og elles i ein god del kommunar i mindre sentrale strøk (jf. Mæhlum 2007:195). Dermed har nynorsken lett for å få ein bestemt territorial tilknyting, medan bokmålet gjerne blir sett på som ei målform med relevans for heile nasjonen, og blir geografisk umarkert.

Lars Vikør (1997) drøftar den norske språksituasjonen i eit internasjonalt perspektiv. Det mest særegne ved språksituasjonen i Noreg er ikkje at vi har to språk, men at vi har eit språk som ikkje representerer verken ein elite eller ein etnisitet, hevdar han:

Det er noko av det mest eineståande ved nynorsken at den, som det einaste standardspråket eg veit om, har greidd å etablere seg som bruksspråk med offisiell status og kulturell prestisje over fleire generasjonar utan fotfeste i det urbane borgarskapet i det aktuelle landet (Vikør 1997:126).

Han meiner at nynorsken gir ei djup identitetskjensle, på lik linje med dei etnisk-nasjonale banda i andre land, som har gjort det mogleg for nynorsken å bli tradert og internalisert og

dermed overleve som både bruksspråk og kulturspråk. Han peikar på seks faktorar som skapar denne nynorske identiteten, der *regionalisme* og *bygdepatriotisme* er dei klart viktigaste. I kjerneområda til nynorsken sikrar nynorsken ein regional identitet, noko bokmål ikkje klarar. Endå viktigare, meiner Vikør, er momentet bygdepatriotisme, "[...] ikkje som lokal-patriotisme, men kjensla av å vere frå bygde-Noreg og dermed marginalisert i storsamfunnet" (Vikør 1997:125). Nynorsken får dermed ein funksjon av å vere eit sjølvhevdingsmiddel for bygdefolk.

Den tredje identitetsskapande faktoren som Vikør trekkjer fram, er nynorsk som *felleskulturvern*, der nynorsken er ein del av den nasjonale litterære felleskulturen, som i særleg grad har blitt ivaretatt av nasjonalinstitusjonar som forlaget Det Norske Samlaget og Det Norske Teatret i Oslo. For nokre nynorskbrukarar er målforma eit uttrykk for eit personleg val, og dermed eit uttrykk for ein personleg identitet. Desse, som han vil plassere under kategorien *individualisme*, meiner han er relativt få. Kategori fem kallar han for *dialektuttrykk*, og her finn vi dei som baserer seg på nynorskens rolle som skriftleg uttrykk for dialektane. Mange av desse vil ha ein individuell nynorsk med sterkt dialektpreg. I den siste kategorien, *nasjonalhistorisme*, finn ein den gruppa som legg hovudvekta på den historisk-nasjonale identiteten med band attende til norrønt.

At regionalisme og bygdepatriotisme ikkje berre representerer sentrale identitetskomponentar for nynorsken, men også kan ha vore med på å skape stereotypiske haldningar om nynorskingen som ein gammal bonde, busett på landsbygda, såg vi i rapporten frå forsøk med fellesspråklege lærebøker i samfunnsfag på vidaregåande skuler (jf. innleiinga s. 1). Om dette også gjeld for ungdom i Indre-Agder, skal vi snart sjå nærmare på. Enn så lenge held vi fast ved Mæhlums konklusjon frå drøftinga av nynorsken som uttrykk for det tradisjonelle og rurale:

Nynorsk blir opplevd som et språk med en nokså spesifikk geografisk tilknytning, og der denne tilknytningen først og fremst blir assosiert med periferien, distriktene og det ikke-urbane. I et storsamfunnsperspektiv oppleves dette språket som markert og avstikkende, noe som også skyldes den i numerisk forstand minoritetsposisjonen som nynorsk har. Nynorsk som språk, og nynorskingen som person, tenderer dermed å bli forbundet med et knippe tradisjonelle, tradisjonalistiske verdier. I kraft av sin stilling som nynorskens motstykke eller pendant vil bokmål nærmest uvilkårlig bli tillagt et sett motstående verdier. (Mæhlum 2007: 196).

4 METODE OG FELTARBEID

4.0 Innleiing

I kapittel 3 presenterte eg ulike sosiolingvistiske tradisjonar. Her vil eg kome meir konkret inn på kva for metodar eg nyttar i denne studien, og grunngje desse vala opp mot problemstillinga og teoretiske tilnærmingar. Eg vil vidare gjere greie for informantutvalet og gjennomføringa av feltarbeidet, både når det gjeld den elektroniske spørjeundersøkinga og djupintervjuet. I nokon grad vil eg også kome inn på ulike analyseteknikkar som er bruker i arbeidet mitt. Til slutt vil eg gje ein presentasjon av dei språklege og sosiokulturelle variablane og forklare korleis dei er relevante i studien min.

4.1 Metodetriangulering

Kvalitativ og kvantitativ forsking representerer ulike tenkemåtar og ideal for korleis ein genererer og analyserer informasjon. Som eg var inne på i kapittel 3.1, er det ei vanleg oppfatning at den kvantitative metoden representerer eit positivistisk vitskapssyn og gjerne er knytt til årsakssamanhangar, medan den kvalitative metoden har utgangspunkt i eit fenomenologisk vitskapsideal der ein er opptatt av meiningssamanhangar. I realiteten er ikkje motsetningane like store og skiljet like eintydig, og dei to metodane blir gjerne brukte i eitt og same forskingsprosjekt. Sigmund Grønmo er ein av dei som meiner at kvantitativ og kvalitativ forsking står i komplementært forhold til kvarandre, og at det er mykje å vinne på å kombinere metodane (Grønmo 1996:98ff.). Han understrekar at omgrepssparet kvantitativ/kvalitativ i første rekkje refererer til ein eigenskap ved dei data som blir samla inn

KVANTITATIVE DATA	KVALITATIVE DATA
Metriske data	Ikkje-metriske data uttrykt ved tal

Figur 4.1 Ei oversikt over ulike datatypar (Etter Grønmo 1996:74)

og analyserte, avhengig av om dei kan uttrykkjast ved tal og andre mengdeterminar eller ved tekst, lyd og bilet. Dei ulike typane data kan plasserast langs ein skala frå reint kvantitative til reint kvalitative data (sjå fig. 4.1). I praksis vil mange kvalitative forskingsopplegg også ha innslag av kvantitative element, og omvendt.

Grønmo er inne på ulike former for metodetriangulering, og meiner at det i første rekke er strategiske vurderingar, meir enn prinsipielle, som bør ligge til grunn for både valet og kombinasjonen av ulike metodar. Kva for ein metode eller metodetriangulering som er mest fruktbar, må vurderast i forhold til den konkrete problemstillinga som undersøkinga tar sikte på å kaste lys over.

I arbeidet mitt nyttar eg ulike tilnærningsmåtar, både i innsamlinga og i analysen, og datamaterialet strekkjer seg langs heile skalaen. I den første delen av undersøkinga mi bruker eg eit spørjeskjema (vedlegg 2). Formålet er først og fremst å få ei oversikt over dei fenomena eg vil studere, og alle spørsmåla, med unntak av eitt, er prekoda i skjemaet. Det finst ikkje nokon klar fasit for kor mange respondentar /informantar (her brukt synonymt) ein bør ha, verken i ein kvantitativ eller kvalitativ studie, då dette vil variere, avhengig av blant anna metode, problemstilling og utvalskriterium. Svara frå dei 49 respondentane som deltar i undersøkinga, bør gi godt grunnlag for å danne seg eit bilet av både skriftmålsorientering og sosiokulturell orientering i den populasjonen eg undersøker. Samtidig er ikkje talet på respondentar større enn at det innafor dei tidsrammene eg har, er mogleg å gå inn på kvar informant å gjere ein nærmare analyse av den enkeltes språk- og livsstilsorientering, og samanhengen mellom desse. Spørjeskjemaet er relativt omfattande, med mange spørsmål rundt same fenomen. Dermed gir spørjeundersøkinga rom for fyldige beskrivingar, avhengig av kor omfattande og fortolkande materialet blir handsama. Det siste spørsmålet i skjemaet er eit ope spørsmål der respondentane med eigne ord grunngir skriftspråkval. Desse data vil bli delte inn i ulike kategoriar og handsama kvantitativt, men dei vil i stor grad også bli brukte i ein meir hermeneutisk analyse, der eg forsøker å finne fram til intensjonen bak ulike val.

Portrettintervjuha har ein kvalitativ tilnærming, og føremålet er å få ei grundigare forståing rundt dei fenomena som vert tekne opp i undersøkinga. Gjennom samtalar med eit lite utval av informantane forsøker eg å kome meir i djupna på kva intensjonar som ligg bak språkvala, og korleis livsverda til desse personane er med på å påverke eller styre dei språklege vala. Både beskrivinga og analysen av desse er av kvalitativ art, men samtidig fungerer dei som eit supplement til dei meir kvantitative analysane som er gjort på bakgrunn av spørjeskjemaet.

4.2 Spørjeundersøkinga

4.2.1 Val av informantar

I studien har eg fokus på bruk av skriftleg målform blant elevar i vidaregåande skule som har hatt nynorsk som opplæringsmål i grunnskulen. Valet av informantar er sjølvsagt styrt ut frå problemstillinga mi, men har også ei praktisk side. Eg arbeider sjølv i ein vidaregåande skule, Byremo videregående skole i indre Vest-Agder. Skulen rekrutterer i stor grad elevar med nynorsk som opplæringsmål, og dermed har eg hatt aktuelle informantar lett tilgjengeleg. Talet på elevar som held fram med nynorsk på Byremo videregående skole, varierer frå år til år, men er ikkje større enn at eg såg det som nødvendig å supplere med elevar frå ein annan skule. Eg har valt Setesdal vidaregåande skule, avdeling Hornnes, fordi denne skulen rekrutterer frå same område som Byremo. I tillegg har skulen elevar frå indre bygder i Aust-Agder. Dei to skulene ligg i randsona til nynorskens område, og mange av elevane har fleire gonger i løpet av skuletida tatt stilling til kva målform dei ville ha som hovudmål.

Samtidig som det har vore praktisk å ha informantane så lett tilgjengeleg, ser eg at det kan vere ulemper ved å bruke elevar frå eigen skule. Den største delen av stillinga mi er administrativ, og dei fleste kjenner meg nok meir som avdelingsleiar enn som lærar. Men eg underviser også, og ein av dei klassene der eg henta informantar frå, hadde meg som norsklærar dette året. Dersom eg skulle bruke informantar frå vidaregåande skular i området, var dette umogleg å unngå, då det er relativt få som har nynorsk som hovudmål. Med tanke på granskinga mi har eg vore svært bevisst på alt eg har sagt rundt temaet bokmål og nynorsk, for i størst mogleg grad å unngå å påverke elevane i bestemte retningar. Sjølv om ein veit at elevar gjerne har oppfatninga om kva ein lærar meiner eller forventar av svar, håper og trur eg at relasjonane eg har hatt til informantane, i liten grad har spelt inn på korleis dei har svara på undersøkinga. Eg har vore svært tydeleg på at denne undersøkinga ikkje har noko med skulen og faget å gjere, og at ikkje noko svar er meir rett enn andre. Det ærlege svaret er det beste svaret, har eg brukt å runde av med før undersøkinga vart sett i gang.

At eg arbeider og bur i same området som informantane mine, gir meg også mange fordelar. Eg har gode lokalkunnskapar og kjenner i stor grad til dei ulike miljøa i desse bygdene. Med eigne barn i den aktuelle aldersgruppa, har eg fått kjennskap til ungdomsmiljøa både gjennom jobb og som privatperson. Dette har vore til stor nytte, både då eg skulle utforme spørjeskjemaet og førebu det kvalitative intervjuet.

	Bokmål				Nynorsk			
	Studieførebuande		Yrkesfagleg		Studieførebuande		Yrkesfagleg	
	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter
Byremo vgs.	1	7	4	5	8	2	4	2
Setesdal vgs.	6	0	0	2	1	6	0	1
Totalt	7	7	4	7	9	8	4	3

Tabell 4.1 Oversikt over informantane, delt inn etter målform, programområde og kjønn

Det konkrete utvalet av informantar blei gjort noko ulikt på dei to skulene. På eigen skule, Byremo videregående skole, tok eg utgangspunkt i kor mange elevar som brukte nynorsk som hovudmål, og deretter supplerte eg med om lag like mange nynorskelevar som hadde skifta over til bokmål, stort sett henta frå dei same klassene. På Setesdal vidaregåande skule fekk eg hjelp av to norsklærarar til å kome i kontakt med aktuelle kandidatar. I utgangspunktet ønskte eg omlag like mange informantar frå studieførebuande og yrkesfaglege programområde. Dei to elevgruppene representerer ikkje berre ulike grupper innanfor utdanning og framtidig yrke, men står også i to vidt forskjellige situasjonar når dei skal velje skriftspråk. Medan elevar på studieførebuande programområde skal nytte begge målformene, den eine som hovudmål og den andre som sidemål, skal yrkesfagelevane berre bruke *ei* målform i det skriftlege norskarbeidet sitt. Talet på elevar som vel nynorsk, varierer ein del frå år til år, og det viste seg at det var vanskeleg å få tak i nok nynorskelevar frå yrkesfaglege programområde. At yrkesfaglege elevar er i mindretal som nynorskbrukarar, er i seg sjølv interessant og vil bli noko kommentert i drøftinga av resultata. Eg meiner elles at datamaterialet med 49 respondentar frå ulike bygder i Indre-Agder, 29 frå studiespesialisering og 20 frå yrkesfaglege programområde, og med ei relativ jamm fordeling mellom kjønna, gir eit representativt og godt grunnlag for å kaste lys over dei problemstillingane eg tar opp.

4.2.2 Gjennomføring av spørjeundersøkinga

Ein månad før eg gjennomførte undersøkinga, hadde eg ein informasjonsrunde på dei to skulane og spurde potensielle informantar om dei var villige til å delta i prosjektet. Eg hadde med meg eit informasjonsskriv der elevane måtte kvittere dersom dei ønskta å delta (sjå vedlegg 1). Eg la vekt på å ha dette møtet med informantane på førehand, fordi eg tenkte at det ville gjere avtalen meir forpliktande og føre til at dei tok undersøkinga på alvor. Eg

opplevde elevane som svært imøtekome, og alle som stilte opp, var positive til å svare på spørjeskjemaet. Tre av elevane, alle frå yrkesfaglege programområde på Setesdal vidaregåande skule, var borte den dagen eg gjennomførte undersøkinga der. Desse fekk eg ikkje inn svar ifrå, sjølv om eg sende dei eit par påminningar via SMS.

Spørjeskjemaet var elektronisk og blei distribuert via e-post, men eg valde likevel å vere til stades då informantane, delt inn i mindre grupper, svarte på undersøkinga. Det gav meg høve til å gje litt kort informasjon på førehand, samtidig som informantane kunne spørje dersom noko var uklart i skjemaet. Før dei starta, fekk dei beskjed om å hoppe over spørsmål dei ikkje visste svaret på (til dømes foreldras utdanning). Det kunne dei også gjere dersom det var eit spørsmål dei av ulike årsaker ikkje ønskte å svare på. To omgrep i spørjeskjemaet (vedlegg 2) vart dessutan presiserte. Å *drive gard* (spørsmål 8) blei forklart med at det skulle vere inntekter på garden, og *faste aktivitets- og fritidstilbod* i spørsmål 17a vart avgrensa til å gjelde aktivitetar som dei var påmeldte til, eller eventuelt deltok på gjennom lag og foreiningar der dei var medlemmar. Det kom svært få spørsmål frå informantane undervegs, men når det gjaldt friluftsaktivitetar (spørsmål 20 i vedlegg 2) blei eg spurt om trening i oppkjørte skiløyper og snøscooterkjøring kunne definerast som friluftsliv. I begge desse tilfella svarte eg at dei måtte avgjere dette sjølve ut frå føremålet med aktiviteten.

Informantane skreiv ikkje namn på spørjeskjemaet, men sidan eg ville ha nokre av desse til eit oppfølgingsintervju, noterte dei ein talkode som gjorde det mogleg for meg å finne fram til informantane gjennom eit koplingsskjema.

4.2.3 Kvantitative analysemetodar

Datainnsamlinga blei gjort med SurveyXact, og datamaterialet vart deretter overført til statistikkprogrammet SPSS. Dei ulike analysane er stort sett utførte i SPSS, og dei fleste tabellane er laga i dette programmet. Diagramma er laga i Excel, då eg opplevde at grafikken var både enklare og betre her.

4.2.3.1 Bivariate analysemetodar

I den kvantitative analysen brukar eg i stor grad bivariat analyse der resultata blir presenterte ved hjelp av krysstabellar, og eventuelt grafisk framstilte. Når det er mange verdiar på

variablane som skal samanliknast, blir krysstabellar fort veldig uoversiktlege og vanskelege å lese. Då kan ei grafisk framstilling av ein korrelasjonsanalyse vere ein betre metode. Korrelasjon betyr samsvar eller samvariasjon mellom variablar, og eit mykje brukte korrelasjonsmål er *Pearsons produktmomentkorrelasjon*, også kalla *Pearsons r*. Korrelasjonskoeffisienten uttrykkjer både type samvariasjon (positiv eller negativ) og korsterken den er (mellan -1 og +1). Ein korrelasjon på 0 betyr at det ikkje er nokon samvariasjon, medan ein korrelasjon på 1 uttrykkjer at det er fullstendig positivt samanfall mellom verdiane på variablane. Det vil seie at viss ein skårar høgt på den eine variabelen, skårar ein også høgt på den andre. Ein negativ korrelasjon uttrykkjer at ein skårar høgt på den eine variabelen og lågt på den andre. Det finst ikkje noko fasitsvar for kva som er sterkt og svakt korrelasjon, då dette vil vere svært avhengig av det som blir undersøkt. Cohen og Holliday (1982) foreslår likevel følgjande tommelfingerregel:

0,00-0,19	veldig svak
0,20-0,39	svak
0,40-0,69	moderat
0,70-0,89	høg
0,90-1,00	svært høg

(Her gjengitt etter Johannesen, Tufte og Christoffersen 2010:304)

I korrelasjonsanalysane har eg brukt spreiingsdiagram for å visualisere korleis einingane plasserer seg i forhold til to ulike variablar. Ved å legge til ei regresjonslinje, blir samanhengen mellom variablane tydeleggjort og lettare å vurdere. Medan Pearson's r viser i kva grad samanhengen mellom to variablar kan framstillast i form av ei rettlinja kurve i spreiingsdiagrammet, vil ein regresjonsanalyse vise kor denne linja skal plasserast i diagrammet (jf. Grønmo 2007:314). Sagt på ein annan måte er regresjonslinja den rette linja i diagrammet som er best tilpassa alle einingane.

I regresjonsanalysar, der ein skil mellom avhengige (y-aksen) og uavhengige (x-aksen) variablar, vil spørsmålet vere kor stor del av den samla spreiinga i den avhengige variabelen som kan forklarast av den uavhengige variabelen. Dette kan uttrykkjast ved den såkalla regresjonskoeffisienten (R^2) som er kvadratet av Pearson's r. R^2 vil variere mellom 0 og 1, og jo høgare R^2 er, dess meir kan ein gå ut i frå at den uavhengige variabelen forklarar den avhengige.

Eg har i liten grad fokusert på regresjonskoeffisienten når eg presenterer resultata frå den

kvantitative analysen. I den grafiske framstillinga er regresjonslinja først og fremst teikna inn for å illustrere tendensen i mønsteret, men R^2 er også notert ved sida av regresjonslinja for dei som ønskjer å studere dette nærmere.

4.2.3.2 Koding og kategorisering

Det siste spørsmålet i spørjeskjemaet er ope, der informantane sjølv må grunngi val av hovudmål gjennom eigen tekstproduksjon. Når ein skal analysere eller tolke slike opne svar, må ein strukturere tekstdata for å få ein betre oversikt over materialet. Ein mykje brukt framgangsmåte er å ordne svara i ulike kategoriar. Ein kategori er "en samling eller klasse av fenomener med bestemte felles egenskaper" (Grønmo 2004:248). I lange tekstuddrag kan det vere vanskeleg å finne fram til det essensielle, og koding kan vere eit nyttig verktøy i denne prosessen. Ved koding finn ein "ett eller noen få stikkord som kan beskrive eller karakterisere et større utsnitt av teksten" (Grønmo 2004:246). Desse stikkorda kallar vi for kodar, og dei kan vere deskriptive, fortolkande eller forklarande. Dei deskriptive kodane er beskrivande karakteristikk av det faktiske innhaldet i teksta, medan fortolkande kodar gir uttrykk for forskarens forståing av innhaldet. Forklarande kodar kan brukast når forskaren vil forsøke å finne ei forklaring på dei forholda som er omtalt i teksta, for eksempel å finne fram til moglege årsaker og samanhengar.

Den første kodinga tar utgangspunkt i rådata og er gjerne deskriptiv og open. Det betyr at det i stor grad er dei empiriske dataa som er styrande for kva for kodar som blir nytta, og dette arbeidet vil hjelpe forskaren til å oppdage overraskande fenomen, mønster og samanhengar. Etter kvart som kodinga tar sikte på å utvikle kategoriar, vil den bli meir systematisk og leite etter felles eigenskapar ved ulike fenomen. For å finne fram til dei ulike kategoriane må desse eigenskapane både identifiserast og definerast, og vidare i prosessen vert sjølve problemstillinga ei stadig viktigare rettesnor for kva for kategoriar som er mest relevante og fruktbare.

Sjølv om berre eit av spørsmåla i undersøkinga mi var ope, erfarte eg at koding var eit nyttig reiskap i analysen av dette datamaterialet. Ord og omgrep som blir brukte i svara, kan bli forstått svært ulikt av respondenten og forskaren. Prosessen med koding av svara er nyttig i arbeidet med å utvikle kategoriar, men kan også vere bevisstgjerande og auke forståinga av kva den enkelte informant legg i dei ulike utsegnene sine. I den kvantitative analysen har eg i

hovudsak brukt ei deskriptiv koding, men i nokon grad vil den også vere fortolkande. Ei nærmare utgreiing om korleis eg har koda og kategorisert utsegnene, vil eg kome tilbake til i resultatkapittelet.

4.3 Den kvalitative undersøkinga

4.3.1 Val av informantar

Etter at eg hadde analysert datamaterialet frå den elektroniske spørjeundersøkinga, gjorde eg eit kvalitatittv djupintervju med fem av informantane. På bakgrunn av resultata frå undersøkinga valde eg ut informantar som representererte ulike plasseringar på den språklege og sosiokulturelle aksen. Dei fem informantane er først og fremst interessante som individ, men samtidig representerer dei ulike typar i det språklege og sosiokulturelle landskapet som i nokon grad kan gje innsikt av meir allmenngyldig karakter. Kvar på sin måte kan dei kaste lys over ulike meiningsberande samanhengar mellom språkbruk og livsverd. Intervjua fungerer elles som viktige supplement til den meir kvantitative delen av studien, og i analysen blir dei brukte til å eksemplifisere og aktualisere teoretiske drøftingar.

4.3.2 Gjennomføring av intervjeta

Til skilnad frå dei fleste sosiolingvistiske intervjeta er eg i liten grad opptatt av sjølve språkproduksjonen til informantane mine. Intervjeta mine blei gjennomførte som halvstrukturerte livsverdsintervju etter mønster av Steinar Kvaale, der føremålet er "å innhente beskrivelser av den intervjuedes livsverden, med henblikk på fortolkning av de beskrevne fenomenene" (Kvale 1997:21). Før intervjeta utarbeidde eg ein intervjuguide (sjå vedlegg 3). Spørsmåla som blei brukte, varierte noko frå person til person, avhengig av korleis dei hadde svart på spørjeundersøkinga. Sjølv om eg hadde førebudd dei ulike spørsmåla til alle informantane på førehand, vart det mange avstikkarar undervegs i samtalen. Som intervjuar er det viktig å vere ein aktiv lyttar, og dei ulike dimensjonane som kjem fram i svara, opnar opp for ulike oppfølgningsspørsmål. Det er intervjuarens oppgåve å oppfatte svara og forfølgje dei dimensjonane som kan vere viktige ut frå kva som er føremålet med intervjetet.

Det kan vere vanskeleg både å stille dei rette spørsmåla og å stille spørsmåla på den rette måten. Kvale meiner at spørsmåla i eit livsverdsintervju bør ha ei deskriptiv form, der ein gjerne brukar spørjeord som kva og korleis. Målet er å få fram spontane skildringar frå informantane, og "ikke deres mer eller mindre spekulative forklaringer på hvorfor noe skjedde" (Kvale 1997:78). Han meiner at det kan vere viktig å få fram informantens eigne grunnar for å handle på ein bestemt måte, men at mange kvifor-spørsmål lett kan føre til at intervjuet blir intellektualisert. Det er først og fremst forskarens oppgåve å finne fram til årsakene, meiner Kvale. Eg fann det likevel føremålstenleg å nytte enkelte slike spørsmål for å få fram ungdommens eigne synspunkt og oppfatningar av både språket og kvardagsrøynda.

Intervjua vart gjennomførte i skuletida i eit grupperom på informantens skule. I starten av samtalena fortalte eg litt om korleis intervjuet ville gå føre seg og korleis det ville bli brukt i oppgåva mi. Eg understrekte at informantane ville få fiktive namn i rapporten, og at opplysninga og sitat frå intervjuet ikkje skulle avsløre identiteten deira. Eg brukte ein miniopptakar og overførte intervjua som elektroniske filar til PC-en min i etterkant. Lengda på intervjua varierte frå 30 til 50 minutt.

4.3.3 Transkripsjon

Transkripsjon, slik eg brukar omgrepet her, vil seie å overføre eit materiale frå ei munnleg til ei skriftleg form. Samtidig blir omgrepet også brukt om den forma som ligg føre når teksten er transkribert, slik at omgrepet kan vise til både prosessen og produktet (jf. Røyneland 2005:221). I materialet mitt er eg i mindre grad opptatt av *korleis* informanten snakkar, det er innhaldet som først og fremst har informasjonsverdi. Krava til transkripsjonar med fokus på språkproduksjon, er sjølvsagt annleis enn ved sitattranskripsjonar, der innhaldet er det viktigaste. Ei attgiving av materialet noko tilnærma ei munnleg form, vil likevel gje eit meir korrekt bilet av dialogen, og utanomspråklege element, som til dømes nøling, pausar og latter, er viktige når ein skal forsøke å forstå kva meininger som ligg bak utsegnene. Eg har valt å bruke nynorsk som sitatspråk, då eg meiner at denne skriftsmålsforma ligg nærest opp til talemålet til informantane. Nokre få stader har eg likevel modifisert enkelte ord og uttrykk opp mot dialekten, spesielt der eg opplever at skriftnorma blir for framand. Ved markering av utanomspråklege element nyttar eg same symbol som Røyneland har brukt i sine sitattranskripsjonar (Røyneland 2005:226). Eg har ikkje skrive ned heile intervjeta, men

gjennom mange gjennomlyttingar og notat undervegs, har eg gjort ei kvalitativ vurdering og hermeneutisk tolking for i størst muleg grad å få ei heilskapleg forståing av informantens livsverd. Alle sitat er direkte transkriberte etter mønsteret nedanfor.

Symbol og forklaringar som gjeld transkripsjonen av informantintervju:		
Einingar		
Avbrote ord:	-	(ein kort strek)
Avbrote makrosyntagme:	--	(to korte strekar)
Prosodiske drag		
Kort og normallang pause:	=	(eit likskapsteikn)
Ekstra lang pause:	==	(to likskapsteikn)
Kort pauselyd:	=e=	
Lang pauselyd:	=ee=	
Paralingvistiske drag		
Latter:		(LATTER)
Uskjønleg tale		(UFF)
Overlappingar	[]	
Andre forklaringar		
Det er ikkje brukt typiske skriftteikn som komma, punktum og store bokstavar i byrjinga av ord.		
Eg brukar fiktive namn på informantane, men eige namn på intervjuaren.		
Når eg sløyfer noko eller set inn eit ord som ikkje blir sagt, for samanhengens skuld, brukar eg hakeparentes.		

Figur 4.2 Forklaringer til transkripsjonen (I hovudsak etter Røyneland 2005:226)

4.3.4 Informantportretta

Informantportretta byggjer først og fremst på intervjeta, men nokre av opplysningane som kjem fram, er henta frå svara på spørjeskjemaet til den enkelte av desse fem informantane. Resultata frå det opne spørsmålet til slutt i spørjeskjemaet blir brukte med ei meir forklarande koding her enn i den kvantitative analysen, og argumentasjonen blir sett i lys av det som blir sagt i samtalene. I analysen av intervjeta har eg brukt ein prakseologisk tilnærningsmåte, der eg forsøker å sameine ein emisk og ein etisk innfallsvinkel til studieobjektet. Det emiske perspektivet betyr at ein tar utgangspunkt i sjølvforståinga til dei sosiale aktørane som blir

studerte, og ser samfunnet gjennom deira auge. Den etiske innfallsvinkelen er basert på meir teoretiske og formelle kategoriar og modellar, der analyticaren har eit utvendig perspektiv. Denne tilnærtingsmåten, som altså pendlar mellom to forklaringsnivå: eit subjektivt aktørnivå og eit meir objektivt strukturnivå, er mykje brukt hos Bourdieu. Han understrekar at ein må overskride motsetningane mellom subjektivisme og objektivisme, mellom sosialfenomenologi og sosialfysikk:

Man kan ikkje begrense seg til det objektivistiske synet som leder til fysikalisme, og for hvilket der finnes en sosial verden i seg selv som kan behandles som en gjenstand, idet vitenskapsmannen er i stand til å behandle aktørens nødvendigvis ufullstendige og partiske synspunkter ganske enkelt som illusjoner. Man kan heller ikkje nøye seg med det subjektivistiske eller marginalistiske syn, for hvilket den sosiale verden ikke er annet enn produktet av en aggregering av alle representasjoner og alle viljer (Bourdieu 1999: 196-197).

I kapittel 4.2.1 var eg inne på at det kan vere ein styrke å kjenne til det lokalmiljøet ein hentar informantar frå, ikkje minst når ein skal utforme spørjeskjema og intervjuguide. Også i analysearbeidet kan denne nærlieken vere fordelaktig fordi den aukar føresetnadene for den lokale og subjektive sjølvforståinga. Samtidig vil nærlieken også ha sine utfordringar. Når ein forskar i eige miljø eller eigen kultur, blir ein lett involvert, noko som i neste omgang kan føre til identifisering, og ein kan fort gripe til sjølvsagte forklaringar i staden for å problematisere desse. Dermed blir det som Bourdieu kallar "det doble, bifokale synspunktet" (Bourdieu 1999:199), som i tillegg til den heimlege sjølvforståinga også inneber "et fremmed synspunkt", svært vesentleg. Val av teoretiske perspektiv og modellar er viktige verktøy for å hjelpe forskaren i ei framandgjering som kan gje den nødvendige distansen til eksisterande praksis, og dermed skape balanse mellom eit subjektivt aktørnivå og eit objektivt strukturnivå.

I informantportretta vil eg analysere og diskutere informantane sine synspunkt og meininger opp mot meir allmenne teoretiske forståingsrammer. Dei ulike teoriane om blant anna identitet, nettverk og tilpassing som vart presenterte i kapittel 3, vil bli trekte fram for å auke forståinga av livsverda til den enkelte, og av samanhengen mellom individuell språkbruk og livsverd.

4.4 Språklege og sosiokulturelle variablar

Før eg presenterer dei språklege og sosiokulturelle variablane som blir brukte i denne studien, vil eg ganske kort gjere greie for nokre få omgrep og korleis eg nyttar dei her.

I studien min brukar eg både *nominalvariablar* og *ordinalvariablar*. Kjenneteikn på ein nominalvariabel er at verdiane gjensidig utelukkar kvarandre og ikkje kan rangerast på ein logisk måte. For eksempel kan ein berre ha *ei* målform som hovudmål i vidaregåande skule, i denne studien nynorsk eller bokmål. I den grad verdiane får ein talkode, fungerer tala som merkelappar, og seier ingenting om rangering eller storleik på verdiane. Verdiane på ordinalvariablar utelukkar også kvarandre, men i tillegg har dei ei logisk rangering der dei kan ordnast i ei bestemt rekkjefølgje. Dei uttrykkjer posisjonar eller gradar av noko, for eksempel frå heilt einig til heilt ueinig, og talkoda viser til ei logisk rekkjefølgje som kan rangerast langs ein skala (jf. Johannessen m. fl. 2010:253).

Når ein skal operasjonalisere generelle fenomen, er det ofte ikkje nok med ein variabel. Mange eigenskapar er så samansette at det er vanskeleg å måle dei med berre eitt spørsmål. Ved å utforme fleire spørsmål som får fram ulike aspekt, blir validiteten i undersøkinga styrka. Ein reduserer dessutan tilfeldige målefeil og styrkar dermed også reliabiliteten. Variablar som kombinerer informasjon frå fleire spørsmål, blir kalla *samansette mål*, og kvar enkeltvariabel er ein *indikator*. Samansette mål kan uttrykkjast på fleire måtar. I undersøkinga mi har eg konstruert såkalla *additive indeksar* ved å summere verdien på ulike enkelvariablar, slik at indeksen er lik summen av verdiane på indikatorane (jf. Johannessen m. fl. 2010:256 og Grønmo 2004:413).

Verdiane på ordinalvariablar kan som nemnt både klassifiserast og rangerast, men det er ikkje ein eksakt avstand mellom dei. I nokre tilfelle er avstandane nøyaktig spesifiserte med like intervall mellom verdiane, slik det for eksempel er tilfelle med temperaturen målt i grader med lik avstand mellom kvar grad. Ein variabel som legg vekt på avstandane mellom verdiane, har eit målenivå på intervallnivå. I statistiske analyser er det vanleg å rekne additive indeksar som variablar på intervallnivå, sjølv om den enkelte indikatoren har måleverdi på ordinalnivå (Johannessen m. fl. 2010:257). Indeksane opnar i nokon grad for andre analyseteknikkar enn den enkelte variabelen, spesielt ved at ein kan tolke Pearsons r substansielt når variabelen er på intervallnivå eller tilnærma dette (Christophersen 2012:37).

4.4.1 Språklege variablar

4.4.1.1 Bruk av skriftleg målform

Det er kommunen som avgjer kva målform som skal brukast som opplæringsmål i dei enkelte skulane, men frå og med 8. årstrinn vel elevane sjølv kva målform dei vil nytte som hovudmål. Elevar som blir overførte til ein ny skule med eit anna hovudmål enn dei har hatt dei fire første åra, har rett på opplæring i det opphavlege hovudmålet, og dessutan rett til norskundervisning i eiga gruppe uavhengig av kor mange dei er (Opplæringslova 1998:§ 2-5). Alle informantane mine har hatt nynorsk frå skulestarten. Når eg i spørjeskjemaet likevel har tatt med ein rubrikk for målskifte på barneskulen, er det fordi at foreldre kan krevje at det blir oppretta eigne grupper når det er minst ti elevar på eit av årstrinna 1-7 som ønskjer skriftleg opplæring på eit anna hovudmål enn det kommunen har vedtatt. Dessutan kjenner eg til at skular i samarbeid med heimen i nokre få tilfelle har gitt rom for anna opplæringsmål når svært mykje tyder på at eleven profitterer på dette.

I området der eg har gjennomført studien min, er valet mellom å bruke nynorsk og bokmål noko elevane i stor grad har eit aktivt forhold til, fordi begge målformene blir brukte både i skule- og lokalmiljøet. På barneskulen på Evje er det parallelle klassar med nynorsk og bokmål, elles er dei fleste vante med nynorsk som det einaste opplæringsmålet dei første sju åra. Når elevane kjem over på ungdomsskulen, opplever mange at dei kjem saman med elevar frå andre skular som har hatt bokmål som opplæringsmål. Dessutan kan elevane nå sjølv velje målform, og mange nynorskelevar vel bokmål både i lærebøkene og som hovudmål i norskfaget. På dette tidspunktet har fleirtalet av elevane blitt jamt over habile språkbrukarar. Dei både møter og brukar skriftspråket i mange ulike situasjonar, ikkje berre gjennom skulen, men i stor grad også elles. Samtidig som dei blir utsette for påverknad frå mange hald, gjer dei seg eigne erfaringar, og det er ikkje lenger foreldre og politiske organ som avgjer kva målform dei vil bruke i ulike samanhengar. Mange får ein meir situasjonsbestemt skriftmålsbruk, og dette har vore med å styre utvalet av spørsmåla mine i spørjeskjemaet. Dermed blir ikkje bruk av målform berre ein nominal variabel der nynorsk og bokmål er dikotome verdiar som gjensidig utelukkar kvarandre, men summen av dei ulike skriftspråklege variablane blir eit samansett mål (ein additiv indeks) for i kor stor grad informanten brukar nynorsk/bokmål.

4.4.1.2 Haldning til skriftleg målform

I nokon grad forsøker eg òg å kartleggje kva haldning informantane har til nynorsk og bokmål. I spørjeundersøkinga byggjer opplysningane på sjølvrapporterte data, og gir dermed ikkje høve til å undersøke meir skjulte og ubevisste haldningar. Eg har derfor valt å avgrensa haldningsaspektet her til nokre få område: deira eigne opplevingar av nynorsk og bokmål som bruksspråk, i kva grad dei ser på nynorsk som ein naturleg del av seg sjølve og lokalsamfunnet, og tankar om eigen framtidig bruk av målform. I intervjuportretta vil eg kome inn på andre og meir skjulte haldningar til dei to målformene.

4.4.2 Sosiokulturelle variablar og indeksar

Utvalet av dei sosiokulturelle variablane er i stor grad styrt av problemstillinga, og i det følgjande vil eg presentere dei ulike variablane og bakgrunnen for å ta med akkurat desse.

Sosiokulturelle variablar og indeksar

1. Kjønn (gut/jente)
2. Sosial bakgrunn (akademisk/ikkje-akademisk)
3. Studieretning (studieførebuande/yrkesfag)
4. Foreldras geografiske bakgrunn (ingen/ein/begge frå staden)
5. Lokalisering (sentrum/utkant)
6. Den lokale dialekten, haldning og bruk (indeks med skalaverdiar)
7. Lokal orientering/tilhørsle til heimstaden (indeks med skalaverdiar)
8. Rural-urban orientering (indeks med skalaverdiar)
9. Tradisjon-modernitet (indeks med skalaverdiar)

Medan dei fem første er nominale variablar, er dei fire siste additive indeksar ved at dei kombinerer informasjon frå fleire spørsmål. Verdiane på dei fleste indikatorane har ein skalainndeling på fem, frå minus to til pluss to. Vedlegg 4 viser korleis eg har konstruert dei

fire indeksane, og dette vil elles bli noko kommentert i gjennomgangen av den enkelte variabelen/indeksen nedanfor og i resultatkapittelet.

Dei tre siste indeksane tar utgangspunkt i sentrale omgrep frå problemformuleringa: *tradisjonell*, *lokalforankra* og *rural*. Gjennom desse indeksane forsøker eg å operasjonalisere ulike aspekt ved ungdommanes livsstil og livsverd, og følgjeleg er det desse som er mest vektlagt i denne studien. I tillegg har eg med ein indeks om forholdet til *den lokale dialekten*. Talemålet på staden kan nok sjåast som eit aspekt ved lokal tilhørsle. Eg har likevel skilt den ut som ein eigen indeks for å kunne undersøke eventuelle samanhengar mellom talemål og skriftleg målform.

Alle dei fire indeksane viser til komplekse fenomen, og eg har brukt mange spørsmål for å få fram ulike aspekt, noko som bør redusere tilfeldige målefeil og styrke reliabiliteten. Kvart av dei fire fenomena blir analyserte ut frå både eit handlings- og haldningssaspekt. Handlingsaspektet viser i kor stor grad informanten har erfaringar med eit fenomen, medan haldningsaspektet fokuserer på kva tankar og haldningar informanten gir uttrykk for rundt fenomenet. Ein person som for eksempel har budd på landsbygda mesteparten av livet sitt, kan vere svært urbant orientert på det mentale plan. Ved å fokusere på dei to dimensjonane kvar for seg, får ein eit tydelegare bilet av informantens livsverd, men det gjer det også mogleg å undersøke om den eine dimensjonen i større grad enn den andre verkar styrande for språkleg åtferd, eller om dei eventuelt er samanfallande.

Ulike granskingar har vist at dei "ubevisste" haldningane har større relevans for den språklege tilpassinga enn dei meir "bevisste" og gjerne "politisk korrekte" haldningane (jf. Røyneland 2005:196). I Røynelands studie viste det seg at informantane gav mange motsetnadsfylte utsegner om haldningar til både dialekten og heimstaden i løpet av intervjuet, noko som kravde mange gjennomlyttingar og grundige vurderingar før ho kom fram til ei endelig tolking av kvar på skalaen dei ulike informantane låg. Gjennom spørjeskjemametoden er det nok meir vanskeleg å avsløre dei ubevisste haldningane og oppdage motsetnadsfylte utsegn. I nokon grad kan ein likevel kompensere ved å stille mange spørsmål med små variasjonar rundt same fenomen, slik eg har gjort i spørjeundersøkinga. I oppfølgingsintervjuet er det rom for å gå djupare inn i materien, med ein meir kvalitativ innfallsvinkel til dei ulike fenomena, der analysen er avhengig av ei hermeneutisk tolking av data.

4.4.2.1 Kjønn

Alder og kjønn er to av dei klassiske variablane innafor sosiolingvistisk forsking. I denne studien er ikkje alder ein variabel, sidan eg har valt å fokusere på ei bestemt aldersgruppe, elevar i vidaregåande skule, der alle informantane mine er i alderen 16-19 år. I grunnskulen har ein nøyaktige tal på fordelinga mellom nynorsk og bokmål som hovudmål på dei ulike trinna, men i vidaregåande skule og i vaksenbefolkinga er denne fordelinga langt mindre dokumentert. Det ein veit er at det skjer ein dramatisk nedgang i bruken av nynorsk frå grunnskulenivå til vaksenalder. Ein stor del av dette fråfallet skjer innafor vidaregåande opplæring, derfor tykkjer eg det er spesielt interessant å undersøke kva for faktorar som er med på å styre val av målform i denne aldersgruppa. Det betyr ikkje at det er uinteressant å samanlikna resultata frå ulike aldersgrupper, eller eventuelt kome attende for å sjå på endringar i både språkbruk og sosiokulturell orientering og livsverd til dei same informantane nokre år seinare. Innafor ramma av denne masteravhandlinga er det likevel ikkje rom for dette.

Ifølgje Labow (2001:293) er kvinner meir konforme enn menn i høve til opne, preskriptive sosiolingvistiske normer, men mindre konforme enn menn når det gjeld meir skjulte, ikkje-preskriptive sosiolingvistiske normer. Ei rekke studiar viser nemleg at menn i større grad er lojale mot dei lokale normene og dialekten, mens kvinner, uavhengig av klasse og alder, brukar meir standardformer. Samtidig er kvinnene dei mest innovative når det gjeld å introdusere nye normer som bryt med standarden. Det er dette Labov kallar for "the gender paradox". Fleire seinare studiar har vist at biletet kanskje ikkje er så eintydig likevel. I studien av dialektnevelling blant ungdom på Røros og Tynset fann Unn Røyneland (2005) at kjønn slo relativt lite ut på dei fleste språklege trekka som vart undersøkte. Den sosiale dimensjonen som slo mest ut, viste seg å vere gruppetilhøyrslse.

Kjønn er også eit interessant aspekt i min studie. For mange representerer bokmål standardnorma, medan nynorsk blir opplevd som ei avvikande norm som er meir lokalt forankra. Statistikken fortel at det er ei lita overvekt av menn som brukar nynorsk som skriftspråk i private samanhengar: 7,8 % menn og 7,2 % kvinner svarar at dei brukar nynorsk som skriftspråk, medan 5,7 % menn og 5,2 % kvinner seier at dei brukar begge målformene (Grepstad 2010:tabell 6.1). I utvalet av informantar har eg lagt vekt på å få ein mest mogleg jamn representasjon mellom dei to kjønna når det gjeld val av hovudmål, studien vil dermed ikkje ha noko å tilføre i den retninga. Derimot gir datamaterialet høve til å sjå nærare på

eventuelle skilnader mellom kjønna i situasjonsbestemt språkbruk og i argumentasjonen for å velje det eine framfor det andre. Det vil også vere interessant å sjå denne variabelen i samanheng med og opp mot andre sosiokulturelle variablar.

4.4.2.2 Sosial bakgrunn

Sosial bakgrunn er ein annan variabel som ofte er med i sosiolinguistiske undersøkingar. I små bygdesamfunn er dei sosiale motsetnadane mindre markerte enn i større byar, og i denne studien er inndelinga avgrensa til om informantane har akademisk eller ikkje- akademisk bakgrunn, ut frå foreldras utdanning og yrke. Denne bakgrunnen er interessant av fleire årsaker. Vi veit at talemålsvarietetar har ulik status, men også dei mange skriftvarietetane vi har i norsk, går inn i eit tilsvarande kulturelt verdispel, ikkje berre når det gjeld ulike valfrie former innafor dei to målformene, men også *mellom* dei to målformene (jf . delkapittel 3.4). I tillegg til at den sosiale bakgrunnen kan fortele noko om informantanes preferansar, kan foreldras utdanning og yrke også seie noko om tilhøyrsela til staden og dei lokale normene. For å skaffe seg ei høgare utdanning må ein ut av bygda, og personar med akademisk bakgrunn har i dei fleste tilfella budd fleire år i ein av dei større byane våre, og på denne måten fått andre impulsar. Granskingar av flyttemønster blant ungdom i bygdenoreg viser at draget mot byen er sterkest blant ungdom som har foreldre med høg utdanning. Ungdom frå heimar som representerer arbeidarklassen, primærnæringar og lågare funksjonærar, har ein sterkare tendens til å vere bunden til heimstaden (jf. Heggen, Myklebust og Øia 2001:16).

4.4.2.3 Studieretning

Val av programområde på vidaregåande skule reflekterer i nokon grad den sosiale bakgrunnen og gruppetilhørsle hos ungdommane, men samanlikna med tidlegare er ungdom i dag langt mindre bundne av den sosiale bakgrunnen når dei vel utdanning og yrke. Dette har samanheng med både dei samfunnsmessige rammevilkåra og frikoplingsmekanismane som kjenneteiknar modernitetan (jf. pkt 3.3.2). Mange av elevane, spesielt jenter på helse- og sosialfag, tar påbyggingsår og får studiekompetanse som opnar vegen for høgskule og universitet, derfor er spørsmålet om vidare utdanning (spørsmål 12 i vedlegg 2) vel så eigna når ein skal finne ut noko om informantanes framtid rundt utdanning og yrke. Spørsmålet om programområde på vidaregåande skule er likevel interessant av ein annan grunn. Som eg

skreiv i avsnittet om informantutval (pkt. 4.2.1), har elevane på yrkesfaglege og studieførebuande programområde to svært ulike situasjonar når dei skal velje målform. Det kan tenkjast at elevar på studieførebuande programområde i større grad vel målform ut frå strategiske omsyn. Dette vil nok til dels også gjelde elevar på yrkesfaglege programområde som planlegg å ta påbyggingsfag det tredje året, og må bruke begge skriftmålsformene då.

4.4.2.4 Foreldras geografiske bakgrunn

I sosiolingvistiske undersøkingar med fokus på talemål er språket til foreldra ein vanleg bakgrunnsvariabel å operere med. Eg vil tru at variabelen betyr mindre i val av skriftleg målform, likevel er det rimeleg å gå ut frå at foreldras forhold til dei to målformene i nokon grad kan spele inn på barnas bruk og haldning. I spørjeskjemaet er dette forholdet avgrensa til eit spørsmål om kvar foreldra kjem frå. Svara kan seie noko om både tilhøyrslle til bygda og kva målform foreldra har vaks opp med. Eg har ikkje spurt spesifikt om foreldras målform, då eit slikt spørsmål sannsynlegvis ville føre til mange unøyaktige og kanskje feilaktige svar. I oppfølgingsintervjuet er foreldras bruk av og haldning til dei to målformene tatt opp som tema, og her gjer metoden det lettare å nyansere kva som ligg i svara.

4.4.2.5 Lokalisering

I bygdene i Indre-Agder tar bokmål i stadig større grad over som skriftleg målform i mange samanhengar, medan nynorsk tapar terren. Frå forskinga rundt talemålsendringar veit vi at språklege innovasjonar oftast oppstår i sentrum og deretter spreiar seg til utkantane omkring. Dei fleste av bygdene i studieområdet mitt har små bygdesentra, men eg har likevel tatt med meg spørsmålet om bustad (sentrum-utkant) for å sjå om liknande tendensar gjer seg gjeldande i ein skriftspråkleg samanheng.

4.4.2.6 Lokal dialekt

Eit vanleg argument for val av skriftleg målform er nærleiken mellom talemål og skriftspråk. Samanhengen mellom dialekt og skriftspråk er i praksis ikkje like tydeleg. Mange brukar ein nynorsknær dialekt i stor grad, men føler seg likevel ikkje komfortable med å nytte nynorsk

som skriftleg målform. Mange stader i landet, også dokumentert i ein rapport om språkskifte i Valdres (Garthus 2009:7), kan vi sjå at ein nynorsknær dialektbruk absolutt ikkje er nokon garanti for å skrive nynorsk. Samtidig viser studien frå Valdres at ungdommar som har valt å halde fast på nynorsk som skriftmål, i større grad nyttar den lokale dialekten enn det som er tilfelle i bokmålsgruppa. Dette kan tyde på at nynorsk som skriftspråk, på same måte som talemålet, kan fungere som ein lokal identitetsmarkør for nokon.

Dialektane i studieområdet mitt vil av dei fleste bli karakterisert som relativt nynorsknære. To spørsmål er derfor spesielt relevante her: Er det nokon samanheng mellom informantens forhold til det lokale talemålet og forholdet til nynorsk, og i kva grad representerer nynorsk ein slik lokal identitetsmarkør i bygdene i Indre-Agder?

Både i prosjektet frå Valdres (Garthus 2009) og i min eigen studie byggjer data på informantens eigne opplysningar om dialekten, då ein ikkje har nokon språklege variablar i materialet. Dette gjeld, med unntak av dei fem informantportretta, også spørsmåla om haldningane til dialekten.

4.4.2.7 Lokal orientering og haldning til heimstaden

Den neste indeksen handlar om tilhørsle til heimstaden, både på det erfaringmessige og det meir mentale planet. På handlingsplanet har eg fokus på butid, foreldras geografiske bakgrunn og deltaking i lokale aktivitetar. Skalainndelinga skil seg noko frå dei andre kategoriane ved at eg ikkje har brukt minusverdiar. Alle har dei sjølv sagt ei eller anna praktisk erfaring og tilknyting til bygda si. Eg tenker derfor at det ikkje går an å skåre negativt her. I teorien er det likevel mogleg å vere nøytral, under føresetnad av at informanten har flytta til staden i løpet av vidaregåande opplæring, at ingen av foreldra er frå bygda og at han ikkje deltar på nokon av dei nemnte aktivitetane i lokalmiljøet. Verdiane på kvar enkelt indikator her varierer altså frå null til to (sjå vedlegg 4).

I haldningskategorien er skalainndelingen som på dei andre sosiokulturelle indeksane, frå minus to til pluss to på alle indikatorane. Her undersøkjer eg korleis informanten ser på å bu i heimbygda si, både før, nå og i framtida. Framtidsplanar er ofte ein eigen variabel i sosiolinguistiske undersøkingar, men i denne studien har eg valt å knyte spørsmål om

framtida opp til ulike additive indeksar, då særleg i tilknyting til lokal-ikkje lokal og urban-ikkje urban orientering.

4.4.2.8 Rural/urban orientering

Denne indeksen heng saman med den førre ved at ein informant som har stor grad av lokal tilhørsle, gjerne også har ei rural orientering (jf. Røyneland 2005:194). Det er likevel mogleg å uttrykkje høg grad av trivsel og føle tilhørsle til bygda utan at ein på generelt grunnlag er positiv til å bu på små stader samanlikna med større tettstader og byar. Handlings-/erfaringsaspektet blir her målt ut frå graden av urban kontakt i kvardagen, medan haldningsaspektet spør etter informantane haldning til oppvekst- og bustadmiljø på små stader samanlikna med større tettstader og byar, både ut frå eigne erfaringar og framtidsplanar.

4.4.2.9 Tradisjon/modernitet

Dikotomien tradisjon-modernitet blir i mange samanhengar nærmest jamstilt med omgrepssparet ruralitet-urbanisme. I stor grad vil det vere samsvar mellom desse indeksane, men når eg har valt å dele dei i to ulike kategoriar, er det fordi eg meiner indikatorane som er brukte her, har eit noko anna aspekt enn det som kjem fram ved ruralitet-urbanitet. Dette har blant anna samanheng med valfridommen som eit av modernitens kjenneteikn. Å velje tradisjonelt kan med andre ord vere eit uttrykk for modernitet (jf. pkt. 3.2.2). Det er fullt mogleg å bu i urbane område samtidig som ein har ei meir tradisjonell innstilling til livet, og vice versa.

I utgangspunktet hadde eg tenkt å ha større fokus på variabelen tradisjon-modernitet, slik Gunstein Akselberg (1995) har gjort i sin studie (jf. pkt. 3.4.3). I forhold til det alderssteget og det studieområdet eg bruker i studien min, tykte eg omgropa vart vanskelege å operasjonalisere. Eitt av spørsmåla som eg hadde tenkt å bruke i denne indeksen, spørsmål 21 om alpine aktivitetar (vedlegg 2), har eg valt ikkje å ta med i analysen, fordi eg meiner at aktiviteten er blitt så utbreidd og allmenn at den i for liten grad seier noko om denne dimensjonen. Eg står då att med fem spørsmål som handlar om motsetningane mellom tradisjon og modernitet. To av dei dreiar seg om gardsdrift, medan dei tre andre spør etter forholdet til motar og merkevarer.

5 PRESENTASJON OG DRØFTING AV RESULTATA FRÅ SPØRJEUNDERSØKINGA

5.0 Innleiing

I dette kapitlet vil eg presentere og drøfte resultata frå spørjeundersøkinga. Eg vil starte med å gje ein analyse av informantane eigne argument for val av skriftleg hovudmål i vidaregåande skule. Deretter skal vi sjå nærare på resultata frå dei andre spørsmåla i skjemaet. Først skal vi ha fokus på språklege forhold, som bruken av og haldningane til dei to målformene i ulike samanhengar. Denne delen vil munne ut i ei drøfting rundt kategoriseringa (kva språklege variablar) eg har valt når målformbruk vidare skal presenterast og drøftast opp mot dei sosiokulturelle variablane. Til slutt vil eg gje ein oppsummerande presentasjon av dei 49 informantane ut frå kvar den enkelte plasserer seg i eit språkleg og sosiokulturelt landskap. Den grafiske framstillinga og drøftinga her er utgangspunktet for val av informantar til portrettintervjua.

Eg har tidlegare i oppgåva vist til *Rapport om språkskifte i Valdres* (Garthus 2009). Denne rapporten byggjer på ei undersøking om språkskifte frå nynorsk til bokmål på Valdres vidaregåande skule og blei gjennomført i 2009 som ein del av prosjektet *Målstreken* i regi av Noregs Mållag. Året etter vart prosjektet fylgt opp med ei tilsvarande undersøking ved Firda vidaregåande skule, som ligg i Sogn og Fjordane, i kjerneområdet til nynorsken. Desse to undersøkingane blir samanlikna i *Rapport om språkskifte i Valdres og Sogn og Fjordane* (Garthus, Todal & Øzerk 2010). I analysen og drøftinga av resultata frå eigen undersøking, samanliknar eg fleire stader med funn som blir presenterte i desse to rapportane.

5.1 Argumentasjon for val av skriftmålsform

5.1.1 Datamaterialet

Det siste spørsmålet i spørjeskjemaet er eit ope spørsmål der eg ber informantane grunngje val av hovudmål. Alle dei 49 informantane mine har gitt adekvate svar, og til saman har eg eit datamateriale på 5011 ord her, dvs. eit gjennomsnitt på rett over 100 ord per informant. Lengda på svara varierer mykje, frå 10 til 371 ord, men berre 6 av informantane har svart med

mindre enn 36 ord. Medan snittet for nynorskinformantane ligg på omlag 92 ord, er det tilsvarende talet for bokmålsinformantane 112. Ein kan spekulere i om denne skilnaden er tilfeldig, eller om den kan fortele noko om undersøkingssituasjonen eller informantane som gruppe. Eg trur mange har ei oppfatning av at personar som vel nynorsk, har gjort eit språkbevisst val ved at dei bryt med fleirtalet, og dermed også har eit større mangfald av argument. Eit slikt synspunkt finn ein i *Rapport om målskifte i Valdres*:

I det heile slår det ein når ein les utsegnene at dei som held på nynorsken, må argumentere meir (og annleis) enn dei som går over til bokmål. Å halde på nynorsken er eit bevisst val (Garthus 2009: 21).

I datamaterialet mitt er det altså omvendt, iallfall når det gjeld kvantiteten. Ein kan undrast om elevar har hatt oppfatningar av mine språkhaldninga, og at dette kan ha spelt inn på argumentasjonen. Ei anna forklaring kan sjølv sagt vere at bokmålselevane i Indre-Agder i større grad enn bokmålselever frå Valdres føler at dei bryt med tradisjonen, og dermed må forsvara vala sine. Dette inntrykket vert forsterka i materialet som viser at fleirtalet av dei aller kortaste svara kjem frå nynorskelever som grunngir valet med at dei held fram med den målforma dei er mest vant med, og - underforstått - ikkje treng å argumentere noko vidare for det. Om det finnst ei slik forklaring på desse skilnadene, eller om dei er meir tilfeldige, sårbar for utslag på grunn av eit relativt lågt tal på informantar, er vanskeleg å slå fast. Eg meiner, uavhengig av dette, at eg har fått eit godt og fyldig materiale frå begge gruppene til å seie noko om kva årsaker dei sjølv uttrykkjer ligg bak språkvalet.

For å få ein oversikt over dei ulike typane argument hadde eg mange gjennomlesingar der eg koda og etter kvart kategoriserte svara. I starten hadde eg fleire kategoriar, men etter fleire gjennomlesingar oppdaga eg at nokre av dei utsegnene som eg kategoriserte, var ei utdjuping av eit argument og ikkje eit nytt argument. Eg vil kome med eksempel på dette etter kvart som eg går gjennom resultata i dei ulike kategoriane. Alle svara som blir brukte for å eksemplifisere eller illustrere eit poeng, blir siterte som dei står i undersøkinga, der språklege feil også blir tekne med. Hakeparentesen viser at delar av sitatet er utelate. Fleire stader gjeld dette stadnamn og opplysningar som kan identifisere informanten. Sitata viser elles tydelege utfordringar som mange elevar har med å skilje mellom bokmåls- og nynorskformer i tekstene sine.

5.1.2 Fem hovudkategoriar

Dei to gruppene, elevar med nynorsk og elevar med bokmål som hovudmål, har eit ulikt utgangspunkt når dei skal argumentere for val av hovudmål. Medan nynorskinformantane held fram med den målforma dei alltid har hatt, har bokmålsinformantane valt å bryte med opplæringsmålet. Dette vil sjølv sagt påverke argumentasjonen i stor grad. Under arbeidet med å gruppere dei ulike argumenta, forsøkte eg likevel å kome fram til kategoriar som var felles for begge informantgruppene. Når ein går inn på dei ulike utsegnene og formuleringane, finn ein mange forskjellige grunnar for språkval. Ut frå eit meir overordna perspektiv, vil ein likevel sjå at argumenttypane hos dei to gruppene ikkje er så ulike som ein kanskje først skulle tru. Eg har kome fram til fem hovudkategoriar, med ulike underkategoriar for å spesifisere kva for argument som er brukte. Underkategoriane vil eg kome nærmare inn på etter kvart som eg legg fram resultata, men innleiingsvis vil eg gje ein kort presentasjon av dei fem hovudkategoriane som eg har valt å operere med.

I den første hovudkategorien har eg plassert dei argumenta som viser til at språkvalet er ein konsekvens av den språkforma som blir brukt av *nær omgjevnad*. Felles for argumenta i denne gruppa er at informanten gir uttrykk for at det er litt tilfeldig kva målform han eller ho nyttar, enten det er styrt av vane, målforma til medelelevane i klassen eller kva målform som blir mest brukt i undervisninga.

Den andre hovudkategorien har eg kalla for *kompetanse*. Argumentasjonen er pragmatisk, og elevane meiner dei har valt den målforma dei *meistrar best* og *har mest nytte av*, her og nå eller på sikt.

Argumentasjonen i den tredje kategorien handlar om *tilhøyrsla og identitet*. Elevane grunngir valet ut frå kva for ei målform dei meiner representerer dei sjølve best, enten det er *nærleik til dialekten*, kva som *kjennest naturleg* eller kva som er *ein del av deira kultur*. Kategori 1 og 3 kan minne om kvarandre, men slik eg ser det, ligg det ein større grad av refleksjon og bevisste val bak årsakene i kategori 3. Kodinga i denne kategorien har vore den mest krevjande, og i nokon grad har eg brukt skjønn ut frå konteksten utsegnene står i (jf. fortolkande koding 4.2.3.2).


Enkelte informantar grunngir språkval ut frå *estetikk*, altså med kva for ei språkform dei tykkjer er finast. Denne kategorien har ingen underkategoriar.

I den siste kategorien finn vi dei meir *språkpolitiske argumenta*. Årsakene som blir nemnt her, ber preg av opposisjon og protest, men også av vilje til å bevare eller fremje ei av målformene gjennom eige språkval.

5.1.3 Årsaker til å halde på nynorsken

Mange av informantane har skrive relativt utførlege utgreiingar der dei grunngir val av målform. Både talet på argument og utdjupinga av kvart enkelt argument varierer som sagt frå informant til informant, men det ligg mykje informasjon, både om erfaringar, haldningar og synspunkt, i dette materialet. Halvparten av nynorskinformantane har nemnt meir enn ei årsak for å bruke nynorsk som hovudmål. Det betyr at tabellen under har fleire argument enn det er informantar. Totalt har eg kategorisert 43 argument hos nynorskinformantane, men mange har utdjupande forklaringar, som eg vil gje eksempel på undervegs.

I tabellen og gjennomgangen her har eg berre tatt med dei underkategoriane som er aktuelle for nynorskgruppa, argumenta til bokmålsinformantane vil i nokon grad ha andre underkategoriar. Namna som er brukte i tilknyting til sitata, er fiktive, men vil gjere det mogleg for lesaren å finne fram til informantar som er siterte fleire gonger.



Figur 5.1. Årsaker til å halde på nynorsk som hovudmål

5.1.3.1 Av gammal vane

Eg har skrive nynorsk heilt sidan eg byrja i 1.klasse [...]. Då eg byrja på skulen var naturlegvis ikkje dette eit val eg som 6-åring tok, men det er nynorsk som vert nyttta som hovudmål på [...]skule (Hege, nynorskinformant).

Mange av informantane gir uttrykk for at det første språkvalet ikkje blei gjort av dei sjølve, men at skriftspråket deira var ei følgje av opplæringsmålet på skulen der dei gjekk. Samtidig er det overraskande få av nynorskinformantane som brukar dette som eit argument for at dei held fram med denne målforma. Dei fleste innlegga viser at informanten, særleg i samband med skulebyte, har vurdert val av målform på nytt og funne andre grunnar til å halde fram med nynorsk. Fire av svara meiner eg likevel at heilt klart høyrer heime i den kategorien som eg har kalla for *vane*, fordi dei eksplisitt brukar opplæringsmålet som eit argument, og i tre av tilfella er det også det einaste argumentet. Eg let det kortaste svaret på heile undersøkinga stå som eksempel her: "Fordi eg alltid har hatt det. Ikkje noko spesiell grunn" (Bård, nynorskinformant).

5.1.3.2 Meistrar nynorsk betre

Den neste hovudkategorien, kompetanse, har eg delt inn i to underkategoriar. I den første kategorien har eg plassert dei fem argumenta som viser til at informantane vel den målforma dei meistrar best. Nynorskinformantane omtalar sjeldan nynorsk som den lettaste målforma, men dei uttrykkjer at dei har "[...] meir erfaring med å skrive god nynorsk enn god bokmål" (Eirik, nynorskinformant). Slike utsegner kan minne om dei argumenta eg plasserte i *vane-kategorien*, men det er ein vesentleg skilnad her: Vanen - eller erfaringa – blir ikkje brukt som eit argument i seg sjølv, den er ei grunngjeving av kvifor dei meistrar nynorsk best, og viser samtidig ein viss grad av refleksjon.

5.1.3.3 Brei kompetanse og mengdetrenings

Eg valte nynorsk fordi, det er det eg trenger mest trenings med (Christer, nynorskinformant).

Når ein ser nærmare på argumenta i denne underkategorien, er det freistande å påstå at dei åtte informantane neppe vel den enklaste utvegen, i allfall ikkje når det gjeld målform. Her handlar det om å skaffe seg meir trenings i det dei meistrar därlegast, og få brei kompetanse ved "[...] å ha nynorsk som målform på skulen, for så å skrive bokmål heime og utanfor skulen" (Ida,

nynorskinformant). Mange informantar brukar forholdsvis mykje plass på å utdjupe dette argumentet, noko som kan tyde på at det er eit viktig moment. Årsakene til at dei treng meir trening i nynorsk, er todelt: Nokre peikar på at nynorsk er ei meir krevjande målform, andre understrekar at hovudårsaka ligg i at nynorsk blir lite brukt elles i samfunnet:

Det er sjeldent at ein les/høyrer noko på nynorsk, og då er det greit å ha nynorsk som hovudmål. - Bokmålen får ein godt nok "inn" uansett :) (Karina, nynorskinformant).

5.1.3.4 Eit skriftspråk nær dialekten

[Nynorsk] likner meir på min dialekt enn bokmål, og gjer at eg kan tenkte [sic] på min dialekt når eg skriv, istaden for at eg må tenkte på bokmål når eg skriv bokmål. Når eg skriv på nynorsk føler eg at det er eg som skriv, men skriv eg på bokmål må eg omstille meg og tenkte på bokmål, det gjer til at eg føler det ikkje blir min tekst (Josefine, nynorskinformant).

Dette sitatet illustrerer godt den neste hovudkategorien, argument med utgangspunkt i tilhørsle og identitet. Ikkje alle utrykkjer seg like tydeleg som Josefine, og fleire argument som viser til *dialekt* og *naturleg*, har eg brukt litt tid på å tolke ut i frå samanhengen. I den første underkategorien finn vi argument som refererer til dialekten. I retorikken rundt nynorsk, ikkje minst frå Noregs Mållag, er nynorsk og dialekt ofte knytt nært saman. Dersom ein identifiserer seg med ein dialekt som ein meiner ligg tett opp til nynorsk skriftspråk, er det nærliggjande å tenkje at ein også identifiserer seg med dette skriftspråket. Men referansen til dialekten kan også ha ei meir pragmatisk side. Utsegna "Nynorsken ligg nærast talemålet mitt, og dette er nok ei av årsakene til at eg framleis skriv nynorsk" (Hege, nynorskinformant), kan like godt vere eit argument for at nynorsk er lettare å skrive, og altså ikkje dreier seg om tilhørsle og identitet. Konteksten dette sitatet er henta frå, der informanten gir utsyn for at ho meistrar begge målformene like godt, avgjorde at nemnte argument vart kategorisert under dialekt (tilhørsle og identitet). Sju av argumenta til nynorskinformantane er plasserte i denne kategorien.

5.1.3.5 Nynorsk kjennest mest naturleg

Både nynorsk- og bokmålsrespondentar grunngir språkvalet med at dei har valt den målforma som er mest *naturleg* for dei. Det kan vere vanskeleg å definere omgrepene naturleg heilt presist i denne samanhengen. I *Rapport om språkskifte i Valdres og Sogn og Fjordane* er utsegner av typen "Det er mest naturleg for meg" plasserte i kategorien *vane*, og grunngitt

med at informantane her tek språket for gitt, noko som dei ikkje treng å argumentere for (Garthus, Todal og Øzerk 2010:17). Hos nokre få av informantane mine har også eg tolka *naturleg* i retning av noko som blir gjort automatisk eller av rein vane, men ut frå konteksten trur eg at fem av informantane legg noko anna i dette omgrepet. Hos desse nynorskinformantane meiner eg at det handlar om at det kjennest mest rett, at det er den målforma som i størst grad representerer dei sjølve. Dette kjem mellom anna sterkt til uttrykk hos Gitte (nynorskinformant) som meiner at "[...] sidan [nynorsk] er "hovudmålet" til heimbygda mi, føler eg det er meir naturleg å nytta nynorsk i skriftspråket». Ho avsluttar innleget sitt med å fortelje at ho er "[...] stolt over å nytta nynorsk".

Nynorskinformantane har i liten grad trekt inn bokmål og motsetnadene mellom dei to målformene i argumentasjonen sin, men ein av informantane fortel at han har valt nynorsk fordi han føler "[...] rein bokmål som ganske snobbete og sossete å skrive. Derfor er eg ikkje veldig glad i å skrive rein bokmål" (Eirik, nynorskinformant).

5.1.3.6 Nynorsk er mykje finare

Eg tykkjer generelt nynorsk er mykje finare enn bokmål, om det vert skrive rett, og det er difor eg bruker det (Frøydis, nynorskinformant).

Hos ein av nynorskinformantane er estetikk det mest dominerande argumentet. Frøydis skriv vidare at ho i andre fag enn norsk helst skriv på bokmål, fordi dette "[...] passar betre til saktekstar enn kva nynorsk gjer". Det same synspunktet kjem fram hos ein annan nynorskinformant. Ho meiner at nynorsk høver spesielt godt i skjønnlitterære sjangrar og tykkjer at "[...] ei skildring kan høyras mykje flottare ut på nynorsk enn på bokmål" (Hege, nynorskinformant).

Ein informant brukar ordet *kult*, ein annan *gøy* som ein del av argumentasjonen for å velje nynorsk. Under tvil, men ut frå samanhengen, plasserte eg også desse synspunkta i den estetiske kategorien, men kanskje ligg det òg ein liten snev av protest i desse utsegnene, ein trong til å velje annleis enn det fleirtalet gjer.

5.1.3.7 Protest

Sjølv om det ligg ein del forsvar av nynorsk i argumentasjonen hos mange nynorskinformantar, er det berre eit av argumenta frå denne gruppa som har blitt kategorisert som ein


protest. Frøydis skriv både nynorsk og bokmål, avhengig av situasjon, men ho fortel at når ho er på Facebook, brukar ho nesten alltid nynorsk, "[...] og då omtrent på trass fordi folk har klaga på det ☺". Denne utsegna viser eit språkpolitisk engasjement. Moglege årsaker til ein slik opposisjon skal eg kome nærare inn på når eg samanliknar resultata frå dei to informantgruppene i slutten av dette delkapittelet.

5.1.3.8 Opptekne av å ta vare på målforma og kulturen i bygda

Nynorsk vert eit meir og meir sjeldant skriftspråk, og eg vil gjerne vera med på å halda på det så lenge som mogleg (Gitte, nynorskinformant).

Fleire av nynorskinformantane mine uttrykkjer bekymring over at nynorsken er på retur, og nokre ser det nærest som ei oppgåve å vere med på å hindre at språket skal dø ut i nærmeste framtid. Ikkje alle utdjupar kvifor dei tykkjer det er viktig å ta vare på målforma, men to av desse informantane grunngir også målform ut frå tanken om at nynorsken er ein del av kulturen i bygda. Fire av dei seks informantane som har språkpolitiske argument, grunngir samtidig valet ut frå tilhørsle og identitet. Eit engasjement blir gjerne vekt fordi noko er viktig for ein, og raskast kjem vel engasjementet for det som er ein del av seg og sitt. Dei språkpolitiske synspunkta blir slik sett ein konsekvens av forholdet ein har til språket og kor viktig dette er for ein.

5.1.4 Argument hos bokmålsinformantar



Figur 5.2 Årsaker til å skifte til bokmål som hovudmål

Hos bokmålsgruppa har eg registrert og katalogisert 56 argument hos 25 informantar. Berre seks av informantane har eitt argument, dei fleste har to, mens nokre få nemner tre eller fleire ulike årsaker for språkval. Figuren over viser frekvensen av argument i dei ulike kategoriane.

5.1.4.1 Bokmål som ein konsekvens av påverknad frå nær omgjevnad

Naturleg nok er det ingen av bokmålsinformantane som skriv bokmål av gammal vane, dei har alle hatt nynorsk som opplæringsmål. Eit par av informantane fortel at dei følte nynorsk som eit negativt press og ein tvang på barneskulen, men fleire informantar fortel om press i motsett retning. I denne hovudkategorien finn vi altså dei argumenta der valet ser ut til å vere ein konsekvens av direkte påverknad eller press frå omgjevnaden til å velje bokmål når dei kjem i vidaregåande skule. Slik eg tolkar utsegnene, er ikkje dette presset nødvendigvis berre negativt, for nokre kan det verke som ei støtte til å ta det valet dei helst vil sjølve, slik ein av informantane her skriv:

[...] og jeg føler at de fleste velger [bokmål] nå for tiden på skolen . Jeg synes det er lettere og lese bokmål og forstå bokmål. og de fleste folkene jeg er med har bokmål. Så grunnen til jeg valgte bokmål i år er fordi jeg ville prøve og se om det var lettere med bokmål, og jeg tenkte at det kom til og bli litt vanskelig og skrive nynorsk når de fleste andre skriver bokmål her på skolen [...] (Øyvor, bokmålsinformant).

Fire av bokmålsinformantane forklarar andre elevars val som ei medverkande årsak til at dei har gått over til bokmål. Like mange er det som nemner skriftspråket til lærarane eller målforma i lærebøkene som ei årsak til at dei har skifta målform. I nokon større grad verkar den siste årsaka som eit negativt press, og kanskje til og med ein slags kapitulasjon mot overmakta:

Jeg har valgt å skrive bokmål på skolen i år fordi alle lærerene og i alle faga vi har skriver lærerene bokmål på tavla, vi får oppgavene på bokmål, de fleste bøkene vi får er på bokmål osv. Så derfor blir jeg lett påvirket og har derfor begynt å heller skrive bokmål. [...] (Liv, bokmålsinformant).

5.1.4.2 Bokmål er enklare

Blant bokmålsbrukarane er det éin svarkategori som skil seg særleg ut. 24 av 25 bokmålsinformantar svarar at dei har valt bokmål fordi det er den lettaste målforma. Ein del informantar forklarer at dei meistrar bokmål betre fordi dei møter denne målforma i så mange

fleire samanhengar. Følgjande sitat frå undersøkinga kan illustrere dette:

Hovedårsaken til at jeg har valgt bokmål, er at det er lett å skrive og lett å lese. Dette er nok fordi bokmål brukes over det meste av Norge, og vi hører og leser det i stor grad. De fleste informasjonskildene er på bokmål og vi bruker også bokmål når vi skriver formelle tekster, men også andre tekster. Realfag og naturfag er ofte lettere å forstå når en leser på bokmål (Richard, bokmålsinformant).

Sitatet peikar også på eit anna moment som nokre informantar nemner som ei utfordring:

Nynorsk er spesielt vanskeleg innanfor enkelte sjangrar. Dette kan ha samanheng med både stiltone og at mange opplever at ein del ord og uttrykk som er vanlege i formelle tekster, ikkje er lov til å skrive på nynorsk. Også nynorskinformantar uttrykkjer denne frustrasjonen og fortel at dei helst brukar bokmål i meir formelle tekster.

6 av dei 24 bokmålsinformantane konkretiserer vanskane i nynorsk med ordtilfanget.

"Jeg synes språket er veldig gammelt og at det har mange ord og uttrykk som en sjeldent/aldri bruker eller har hørt om", skriv bokmålsinformanten Ånen når han utdjupar kvifor han tykkjer nynorsk er vanskeleg. At nynorsk er "gammaldags" og "ut", blir elles nemnt av to informantar.

5.1.4.3 Kompetanse i bokmål er meir nyttig

"Bokmål er mer utbredt", skriv Petter (bokmålsinformant), og han er ein av dei mange som brukar dette som ei forklaring på at dei har valt bokmål som hovudmål. Isolert kan denne utsegna også tolkast som noko ein gjer fordi alle andre gjer det, og at det dermed blir det enklaste, men ni av dei ti utdjupar dette synspunktet ved å trekkjer fram nytteverdien av å meistre bokmål. Nokre formulerer dette ved å samanlikne nynorsk og bokmål, og dei karakteriserer nynorsken som "[...] et skriftspråk som er på vei ut, og det blir færre og færre som bruker[...]" (Ånen, bokmålsinformant), og som det derfor ikkje er nokon vits i å bruke tid og krefter på å lære. Andre peikar på at bokmål er den målforma dei får mest bruk for i framtida, og som dei vil gjere seg best forstått på, slik Rebekka gjør: "Når jeg skriver blant annet brev eller epost, vil mottakeren min mest sannsynlig forstå hva jeg mener best, om jeg skriver på bokmål" (Rebekka, bokmålsinformant).

To av informantane fortel at dei har valt bokmål fordi det er lettare å få gode karakterar når dei brukar denne målforma som hovudmål. Eg har ikkje kategorisert desse argumenta som ein eigen kategori, men ser det som ei utdjuping av kvifor dei vel den målforma dei tykkjer er

lettast. Det er rimeleg å tru at karakteren er eit underforstått argument hos mange av dei andre 24 informantane som også grunngir val av målform ut frå det dei meistrar best, ikkje minst hos yrkesfaglege elevar som ikkje har karakter i sidemål.

5.1.4.4 Tilhøyrsla og identitet

Det er berre to bokmålsinformantar som gir uttrykk for at dialekten har vore ei medverkande årsak til at valet fall på bokmål. Dei to informantane er innflyttarar og snakkar ikkje ein dialekt som er typisk for bygda der dei bur. Både desse to og ein annan bokmålsinformant nemner elles foreldras dialekt som ein faktor som kan ha påverka at dei føler seg meir heime i bokmålsforma, og at bokmål i større grad enn nynorsk kjennest naturleg for dei.

Også bokmålsinformantane er opptekne av å bruke den målforma som dei tykkjer er mest naturleg og representerer dei sjølve i størst grad. Ord som *komfortabel* og *mest rett* blir brukt i denne samanheng. Samanlikna med nynorskinformantane tykkjer eg likevel at eg ser ein noko større tendens til at "det naturlege" har eit meir pragmatisk og praktisk innhald her enn hos nynorskinformantane. Argumenta er i nokon grad i slekt med dei som ein finn under kategorien *kompetanse*, fordi dei utdjupar *det naturlege* med ein gradvis overgang etter stor påverknad frå bokmål, og at mange ord derfor "[...]sier seg selv [...]" (Åshild, bokmålsinformant) som ein konsekvens av denne påverknaden. Ni av utsegnene meiner eg likevel å finne grunnlag for å plassere under kategorien *mest naturleg* ut frå ei tolking av at det er bokmålsforma dei føler seg mest heime i.

5.1.4.5 Estetikk og språkpolitikk


Berre ein av informantane har ei utsegn som kan plasserast i kategorien estetikk. Mariell har valt bokmål fordi ho tykkjer det er "finere"» og "mer gøy". At hun opplever bokmål som meir gøy, heng sannsynlegvis saman med at ho tykkjer denne målforma er lettare både å lese og skrive.

Hos nokre få av bokmålsinformantane kan ein finne meir språkpolitiske haldningar og motiv for å velje bokmål. Fire av informantane uttrykkjer at dei har valt bort nynorsk fordi dei var lei av det og har irritert seg lenge over det "[...]gammaldagse språket denne målformen har" (Rebekka, bokmålsinformant). Spesielt blir dette sterkt uttrykt hos Ånen:

Etterhvert som jeg har blitt eldre, og har blitt påtvunget nynorsk gjennom flere års skolegang, så har jeg utviklet en form for avsky for dette skriftspråket. Jeg synes språket er veldig gammelt og at det har mange ord og uttrykk som en sjeldent/aldri bruker eller har hørt om. I tillegg så mener jeg det er helt bortkastet og veldig upraktisk å ha to skriftspråk i Norge. Det skriftspråket som da burde brukes er Bokmål fordi dette er det mest moderniserte og lettest å anvende for hele befolkningen. Bokmålsfolk sliter med å skrive nynorsk, men ikke omvendt (Ånen, bokmålsinformant).

5.1.5 Samanlikning og kort drøfting av argumentasjonen

Medan dei 24 nynorskinformantane totalt har presentert 43 argument for å halde fram med nynorsk, har 25 bokmålsinformantar grunngitt målformbytte med 56 argument. Figur 5.3 viser likevel at nynorskinformantane har ein noko breiare og meir variert argumentasjon, fordelt på ti ulike kategoriar. Bokmålsinformantane fordelar seg på åtte kategoriar med ei sterkt opphoping i meistringskategorien, der vi finn 42,9 prosent av alle argumenta.



Figur 5.3 Nynorsk- og bokmålsinformantanes fordeling av type argument, i prosent.

I dei neste avsnitta skal eg samanlikne resultata mellom dei to informantgruppene ut frå korleis argumenta er fordelte i dei ulike hovud- og underkategoriane og drøfte skilnader og

moglege årsakar til desse.

5.1.5.1 Styrt av vane og nær omgjevnad

Sjølv om bokmålselevane ikkje kan argumentere ut frå gammal vane, ligg det kanskje eit visst vaneaspekt i alle dei tre første underkategoriane. Medan den første kategorien viser til eigne vanar, fortel dei to neste om korleis vanar og åtferd til andre personar i nær omgjevnad er med på å påverke i ei bestemt retning. Slik er det sjølvsagt med det meste i livet, vi blir i sterk grad påverka av omgjevnadene enten det gjeld åtferd, haldningar eller meininger, meir eller mindre ubevisst. Ein bør likevel stille spørsmålet om korleis samfunnet, skulen og den enkelte lærar legg til rette for at eleven kan gjere eigne val og ikkje føle seg tvungen til ei anna målform enn han sjølv ønskjer. Sitatet under er eit godt eksempel på at informasjon og prosedyrar i samband med val av målform ikkje alltid er tilfredsstillande. Samtidig illustrerer sitatet godt at villkåra ikkje nødvendigvis er like for elevar som vel den eine målforma framfor den andre.

Egentlig så valgte jeg først nynorsk siden jeg trodde at vi måtte ha det samme hovedmålet som vi hadde hatt på ungdomsskolen. Så jeg har egentlig nynorske bøker men skriver på bokmål. Jeg tror at mye av grunnen til at jeg skriver bokmål er at lærerene skriver bokmål på tavla og underviser med bokmål. Da er det bare ekstra arbeid for meg å sitte å legge om til nynorsk [.....] (Unni, bokmålsinformant).

Unni er elev ved Byremo videregående skole som ligg i Audnedal kommune og blir drifta av Vest-Agder fylkeskommune, som begge har ein språknøytral administrasjon. Sjølv om langt over halvparten av skulens elevar har hatt nynorsk som opplæringsmål, møter dei i liten grad nynorsk som målform verken i skriv frå administrasjonen eller i undervisninga. Så vidt eg kjenner til, er det berre *ein* av skulens 24 lærarar som brukar nynorsk i undervisninga utanom norskfaget. I lovgivinga om vidaregåande opplæring er det ikkje reglar om kva målform som skal brukast i undervisninga, slik ein finn for grunnskulen, men opplæringslova slår fast at bøker og læremiddel som blir brukte, skal vere tilgjengelege på både nynorsk og bokmål samtidig (Opplæringslova 1998, §9.4) Sjølv om dette i praksis ikkje alltid blir fylgt opp (jf. Stortingsmelding nr 23, 2007-08, kap. 4.2.1), trur eg at lærarens skriftspråk i undervisninga er ei mykje større utfordring for mange elevar. Ei rekje fagomgrep er ulike på nynorsk og bokmål, og når omgrepa som læraren brukar, ikkje korresponderer med læreboka, skapar dette gjerne forvirring hos elevane.

Fleire nynorskelevar er inne på den utfordringa som Unni nemner. Sjølv om dei har halde fram med nynorsk som hovudmål, er det vanskeleg for dei å bruke denne målforma i alle

samanhangar:

[...] på denne skula så blir det mykje undervisning i timane på bokmål. Derfor er det lettare og bare skrive av det som kjem på tavla en å måtte oversette det frå bokmål til nynorsk. Det blir sameleis når eg jobbar med «bokmålselevar», eg tek det som ein selvfølge at eg skal skrive på bokmål visst det er så me må samarbeide (Dina, nynorskinformant).

5.1.5.2 Kompetanse

I den neste hovudkategorien, kompetanse, finn ein to underkategoriar, der spesielt den første viser store skilnader mellom dei to informantgruppene. 24 av 25 bokmålsinformantar argumenterer med at dei har valt den målforma dei opplever som den lettaste, eller den dei meistrar best. Når relativt få nynorskinformantar brukar meistring som eit argument, har det sannsynlegvis samanheng med at dei færreste tykkjer nynorsk er den lettaste målforma, enten det har si årsak i utbreiing og bruk, eller i språkets ordtilfang og grammatikk (jf. 5.1.4.2). Iallfall er det mange nynorskelevar som gir uttrykk for at deira målform er meir vanskeleg, og nettopp derfor har valt den som hovudmål:

Å skrive bokmål går som regel helt automatisk, men når jeg skriver nynorsk må jeg tenke gjennom hva jeg skriver hele tiden.[...] Altså valgte jeg nynorsk som hovedmål for å få mer mengdetrening i det. [...] Når jeg leser på internett eller i magasiner, er ting nesten alltid skrevet på bokmål. Derfor blir bokmål mer og mer naturlig for meg. Jeg er redd for at jeg kommer til å bli dårlig i nynorsk dersom jeg slutter helt å bruke det (Håvard, nynorskinformant).

Dette sitatet illustrerer godt at heller ikkje utanfor skulen er forholdet mellom dei to målformene slik at nynorsk- og bokmålselevar har same vilkår for å lære seg å meistre hovudmålet sitt. Sitatet viser også at nynorsk- og bokmålselevar ikkje nødvendigvis ser så ulikt på dei to målformene, men ut frå ein nytteverdi vel altså nynorskinformanten å halde fram med det som bokmålsinformanten vel bort. Det kan vere nærliggjande å spørje om bokmålselevane ser på nynorsk som ei hindring, medan nynorskelevane tar det som ei utfordring. Dette blir likevel for unyansert, meiner eg, for også bokmålsinformantane brukar nytteverdien som eit viktig argument. Mange bokmålselevar ser på nynorsk som ei mindre relevant målform, som dei har lite bruk for i framtida (jf. 5.1.4.3).

5.1.5.3 Identitet og tilhøyrslle

Undersøkinga bekreftar at mange opplever dialektane i Indre-Agder som nynorsknære.

Både nynorsk- og bokmålsinformantar skriv ein del om dette i undersøkinga, men korleis dei opplever denne samanhengen, og korleis det har påverknad på skriftspråket, varierer både mellom dei to informantgruppene og innafor same gruppe (jf. 5.1.3.4). Nærare 1/3 av nynorskinformantane føler tilhørsle til nynorsk som skriftspråk fordi det i størst grad representerer talemålet deira. For desse er det eit sjølvsagt og nærest forpliktande samband mellom talemål og skriftspråk. Det same kan ein seie om dei to bokmålsinformantane som brukar dialekten som argument. Dei er innflyttarar utan det lokale talemålet og meiner at nynorsken blir framandarta og bryt med deira eigen dialekt.

Samanhengen mellom dialekt og skriftmål er ikkje like sjølvsagt for alle. Det er mange som skriv at dei har valt bokmål som skriftmål sjølv om dialekten deira er nærale nynorsk. Det er altså ein skilnad mellom kva som kjennest naturleg som tale og kva som kjennest naturleg som skrift. Denne skilnaden blir synleggjort i neste underkategori ved at mange bokmålsinformantar hevdar at dei føler bokmål som det mest naturlege skriftspråket. For denne gruppa er det gjerne skriftlege tekster, ikkje talemålet, som er referanse for eige skriftspråk. Dette gjer at mange kan føle sterk tilhørsle til eit skriftspråk som ligg langt unna talemålet, og det kan forklare at dei to gruppene kan kome relativt likt ut med argument frå denne kategorien.

Skriftspråket som ein del av kulturen er den siste kategorien under tilhørsle og identitet. Det er ingen av bokmålsinformantane som uttrykkjer at deira målform er ein del av den lokale kulturen, det gjer derimot to av nynorskinformantane. Spørsmålet om nynorsk som ein del av kulturen i heimbygda er eit spørsmål som alle har fått i spørjeundersøkinga. Eg vil derfor kome noko attende til dette seinare i resultatkapittelet.

5.1.5.4 Estetikk

Det estetiske argumentet blir helst brukt av nynorskelevane. Av bokmålsinformantane er det berre Mariell som omtalar bokmål som eit finare språk enn nynorsk (jf. 5.2.5.5). Det er sjølvsagt vanskeleg å vite kva som blir lagt i omgrepene *finare* her. Ein kan fort få assosiasjonar til *fin* i tydinga mindre grov og meir danna, men det kan også handle om klang, ordtilfang og meir strukturelle trekk ved målforma. Heller ikkje hos nynorskelevane er det klart kva som ligg i dei ulike omgrepa her. *Kult* og *gøy*, som er brukt av to informantar, tolkar eg ut frå samanhengen som at nynorsk skil seg ut ved å vere annleis. Elles blir det brukt ord og vendingar som *fin og flott i skildringar*, men berre ein elev utdjupar dette ved å peike på at

det "finnes så mange fine ord i nynorsken som ein ikkje finn på bokmål" (Hege, nynorskinformant). Det er ikkje uvanleg å høre at nynorsk er eit klangfullt og poetisk språk. Om det er desse oppfatningane som gjer seg gjeldande her, må førebels stå som eit ope spørsmål. I informantportrettet med Frøydis, som er den som understrekar det estetiske argumentet sterkest, skal vi sjå litt nærmere på kva tankar ho har om språk og estetikk.

5.1.5.5 Språkpolitiske argument

Dei språkpolitiske argumenta er mest til stades i nynorskgruppa. 13,6 prosent av argumenta til nynorskinformantane er språkpolitiske, medan det tilsvarende talet hos bokmålsinformantane er 3,6 prosent. Endå større skilnadar mellom dei to gruppene finn vi når vi ser på innhaldet i argumenta, noko som gjerne kan forklara ut frå ei oppfatning av at dei to målformene, som i teorien er likestilte, har ulike posisjonar og vilkår i samfunnet. Vi veit at nynorskbruken har gått attende til fordel for bokmål dei siste tiåra. Ikkje minst gjeld dette i Agder, der nynorskbruken er blitt nærmest marginalisert mange stader (jf. pkt. 2.4.2). Undersøkinga viser at ungdom kan vere opptekne av å ta vare på nynorsk skriftspråk. Også ein del av bokmålsinformantane uttrykkjer at det ville vere trist viss nynorsk skulle gå ut av bruk, fordi dei ser på målforma som ein del av den norske kulturarven. Men i motsetning til nynorskinformantane, som gjennom det språkpolitiske argumentet viser ei aktiv støtte til nynorsk, har bokmålsinformantane andre, og for dei viktigare, argument for å velje det bort som hovudmål.

Gjennom argumentasjonen kjem det fram ein skilnad mellom haldningane til nynorsk og bokmål i dei to informantgruppene, sjølv om det varierer mykje frå person til person. Nynorskgruppa har ein argumentasjon som i langt større grad tar utgangspunkt i det nynorske språket og dei kvalitetar og utfordringane som ligg i det, medan mange bokmålsinformantar argumenterer ved å samanlikne og kome med kritiske kommentarar til nynorsk. Dette kan sjølv sagt ha samanheng med den situasjonen informantane er i, der den eine gruppa argumenterer for å halde fram med nynorsk, den andre for å velje den bort. Også dei tre siste argumenta ber preg av denne skilnaden. Protesten i innlegget til Frøydis (jf. 5.1.3.7) er ikkje eit åtak på bokmålsforma, slik eg tolkar det, men eit krav om å bli respektert for å bruke nynorsk. I argumentasjonen til dei to bokmålsinformantane blir det lagt vekt på at det er upraktisk og dumt med to målformer i eit lite land som Noreg, og at dei ønskjer bokmål som det einaste offisielle skriftspråket (jf. 5.1.4.5).

5.1.6 Oppsummering av argumentasjonsanalysen

Under punkt 5.1.1 var eg inne på generelle ulikskapar i argumentasjonen innanfor dei to gruppene. Ein skal vere varsam med å trekke konklusjonar på bakgrunn av 49 respondentar, men ein tendens i materialet vil eg likevel peike på. Kategoriane i figur 5.4 har ikkje ei tilfeldig plassering i forhold til kvarandre. Argumenta går frå å vere meir praktisk og pragmatisk orienterte til i større grad å bli knytt til kjensler og haldningar. Ein må vel og kunne seie at dei politiske argumenta i kategorien lengst til høgre i figuren ber preg av meir refleksjon enn dei ytterst til venstre. Eg vil ikkje dermed påstå at jo lengre til venstre, jo meir reflekterte er synspunkta. Det er ikkje berre typen argument, men også måten det er brukt på, som viser graden av refleksjon. Ein må også hugse at dei fleste informantane nemner meir enn eitt argument, og at dei ofte er svært ulike. Til trass for desse innvendingane, tykkjer eg det er interessant å registrere at fleirtalet av argumenta for å bruke bokmål ligg lengst til venstre i figuren, i dei meir praktisk og pragmatisk orienterte kategoriane, medan nynorskargumenta er i overvekt når ein kjem lengre til høgre, der kjensler og haldningar gjerne er eit meir dominerande trekk ved argumentasjonen. Det er kanskje noko av det same som kjem til uttrykk i undersøkinga frå Valdres der Garthus (2009) peikar på at nynorskelevane gjer eit meir bevisst språkval og må argumentere meir og annleis enn bokmålselevane (jf 5.5.1).





Fig. 5.4 Samanlikning av argumentasjonen mellom dei to informantgruppene, her etter inndeling i hovudkategoriane og gjort om til prosent

5.2 Språklege forhold

5.2.1 Frå nynorsk til bokmål

Elevar som har bytt frå nynorsk til bokmål som hovudmål, blir på spørjeskjemaet bedt om å krysse av for tidspunkt for dette skiftet. Spørjeskjemaet har ikkje nokon rubrikk der elevar som har skifta mellom målformene fleire gonger, kan krysse av. Det siste spørsmålet gir likevel rom for å seie noko om dette, og to av nynorskinformantane skriv at dei hadde bokmål det første året på vidaregåande, men skifta attende og altså har nynorsk som målform nå. Ut frå det som elles kjem fram i det siste spørsmålet, er det rimeleg å tru at skifte av målform fleire gonger, ikkje kan gjelde mange. Eg var som nemnt til stades under heile utfyllinga, og eg fekk ingen signal eller spørsmål om dette undervegs. 24 av 25 bokmålsinformantar har svara på spørsmålet om tidspunkt for skifte av målform.



Figur 5.5 Tidspunkt for skifte frå nynorsk til bokmål som hovudmål, prosent

Det er *ein* elev som har skifta til bokmål som hovudmål i barneskulen, noko det vanlegvis ikkje blir gitt høve til (jf. 4.4.1). 7 av bokmålsinformantane, dvs. i underkant av 30 %, skriv at dei skifta målform på ungdomsskulen, medan 16 informantar, ca. 67 %, bytte målform i vidaregåande opplæring. At det største fråfallet i nynorsk skjer i overgangen mellom grunnskule og vidaregåande opplæring, er ei oppfatning som også kjem fram i Stortingsmeldinga *Språk bygger broer* frå 2008: "Det er urovekkende at så mange som har hatt hovedmål i grunnskolen, går over til å skrive bokmål på videregående skole" (s. 14) . Her

er ikkje målformsskiftet mellom barneskule og ungdomsskule omtala i det heile. Tal frå Grunnskolens Informasjonssystem viser likevel at det også er stor nedgang i talet på nynorskbrukarar i denne overgangen. Tala varierer naturlegvis noko frå år til år, men for å gi eit eksempel skal vi kikke nærmare på det årskullet eg har flest av i studien min. Desse elevane gjekk i 7. klasse skuleåret 2007-08, og på landsbasis var det då 8824 nynorskelevar på dette trinnet. I overgangen mellom barneskulen og ungdomsskulen blei talet på elevar med nynorsk som hovudmål redusert, 7902 nynorskelevar starta opp i 8. klasse, og to år seinare, då dei gjekk i 10. klasse, var det tilsvarende talet 7710, altså 1114 færre nynorskbrukarar og ein nedgang på 12-13 % frå 7. til 10. klasse (GSI 2012). Nå er det ikkje nødvendigvis slik at alle desse 1114 elevane har gått over til bokmål som hovudmål, nokre kan sjølv sagt av ulike grunnar ha slutta i skulen. På den andre sida kan ein heller ikkje sjå heilt bort frå at det i dette talmaterialet finst elevar som har gått over frå bokmål til nynorsk, sjølv om det ikkje er så vanleg.

I rapporten frå Valdres (Garthus 2009) kan vi lese at det er i overgangen mellom barneskulen og ungdomsskulen det store målformsskiftet skjer. 37 % av elevane gjekk over frå nynorsk til bokmål i overgangen frå barneskulen til ungdomsskulen, 30 % skifta ved overgangen ungdomsskule-vidaregåande skule og 7% skifta på vidaregåande skule (Garthus 2009:4). Elevar frå 1. til 3. trinn i vidaregåande skule deltok i undersøkinga, og rapporten viser at berre 25 % av elevane med nynorsk som opplæringsmål på det tidspunktet brukte nynorsk som hovudmål. Samanlikna med min studie skjer den største overgangen frå nynorsk til bokmål på eit tidlegare tidspunkt der, 50 % av nynorskelevane i Valdres og 30 % i Indre-Agder vel bort nynorsk som hovudmål allereie i ungdomsskulen.

Årsakene til desse store skilnadane er sannsynlegvis mange og samansette, men ei mogleg årsak vil eg trekkje fram her. Garthus (2009) peikar på at det ser ut som det er lettare for elevar frå kommunar med begge målformer å skifte hovudmål. Den same tendensen viser seg i min studie. Alle dei sju informantane som har skifta til bokmål på ungdomstrinnet, har gått på ungdomsskule i språknøytrale kommunar der opplæringsmålet er både nynorsk og bokmål. I den samanheng hadde det vore interessant å sjå nærmare på kva for prosedyrar dei ulike ungdomsskulene har når det gjeld val av målform. To av informantane frå nynorsk-skuler gir uttrykk for at dei ikkje har vore klar over at dei kunne velje bokmål på ungdomstrinnet: "[...] på ungdomsskolen fikk vi egentlig ikke noe sånn særlig tilbud om bokmål eller nynorsk, og dermed var vi på en måte nødt til å ha nynorsk" (Thea, bokmålsinformant). Begge desse informantane har valt bokmål i vidaregåande opplæring. Om ungdomsskuler som rekrutterer

elevar med eitt og same opplæringsmål av praktiske eller språkpolitiske årsaker tonar ned elevens rett til sjølv å velje målform, skal vere usagt. Det er gjerne langt mellom den informasjonen som blir gitt og den som blir oppfatta av mottakaren, men at informasjonen som når ut til elevane, også i vidaregåande skule, kan vere feilaktig eller mangelfull, såg vi eksempel på i sitatet til Unni i avsnitt 5.1.5.1. Manglande informasjon kan også slå andre vegen. Vilde har valt bokmål i vidaregåande opplæring blant anna fordi ho trudde at ho elles måtte ha alle lærebøkene på nynorsk: "Ein annan god grunn for valet mitt var at nynorsk er vanskeleg og tungt å lese, og om ein vel nynorsk som hovudmål får ein nynorske bøker i alle fag" (Vilde, bokmålsinformant).

Tendensen til at elevar frå språkblanda skuler i større grad vel bokmål enn dei som kjem frå reine nynorske skuler, viser seg også på vidaregåande nivå. Det er Åseral, Bykle og Valle som har den største prosenten av nynorskelevar. Hægebostad kommune er nynorsk, men desse elevane går, som tidlegare nemnt, på ungdomsskule i Audnedal, der ein har begge målformer som opplæringsmål. Talmaterialet mitt er lite, og eg har ikkje undersøkt heile populasjonen frå dei aktuelle årstrinna. Av erfaring veit eg at fordelinga mellom dei to målformene kan variere mykje frå år til år. Det er derfor ikkje grunnlag for å slå fast at dette er ein generell tendens i Indre-Agder.

5.2.2 Nynorskinformantar meir usikre på val av målform

Som norsklærar i vidaregåande skule opplever ein ofte at elevar er usikre på kva målform dei bør velje og gjerne ber om råd før dei bestemmer seg. Resultata frå spørjeundersøkinga viser at som gruppe er dei som held fram med nynorsk, meir usikre på val av hovudmål enn dei som har skifta til bokmål. Medan 72 % av bokmålselevane er heilt sikre i valet, seier berre 41,7 % av nynorskbrukarane det same (tabell 5.1).

	Kor sikker var du i dette valet?				Total
	Heilt sikker	Nokså sikker	Litt usikker	Svært usikker	
Kva målform har du valt som Nynorsk hovudmål på skulen i år?	41,7%	37,5%	12,5%	8,3%	100,0%
Bokmål	72,0%	16,0%	8,0%	4,0%	100,0%
Total	57,1%	26,5%	10,2%	6,1%	100,0%

Tabell 5.1. Samanlikning av kor sikre nynorsk- og bokmålselevar er på val av hovudmål (prosent)

Det er ikkje overraskande at det kan opplevast lettare å følgje fleirtalet enn å halde fram med ei målform som blir brukt av eit mindretal. Samtidig er det ein del samanhengar i datamaterialet som er interessante å sjå nærmare på når ein vil forsøke å forstå dette forholdet. Ein av desse samanhengane finn ein ved å sjå på kva dei ulike informantgruppene har svart på spørsmål 36 og 37 (vedlegg 2), som gjeld kva for ei målform dei tykkjer er den lettaste å skrive og lese. Det store fleirtalet, også av nynorskinformantane, meiner at bokmål er den lettaste målforma (sjå tabell 5.7 og 5.8 s. 83). Dersom ein elev vel det mest krevjande alternativet, må det ligge årsaker bak som er tungtvegande nok til at ein vel å bruke meir tid og krefter på dette, og ei slik avgjerd sit kanskje lenger inne.

5.2.3 Nynorskinformantane mindre lojale mot hovudmålet

Ut frå resultata ser det ut til at nynorskinformantane samanlikna med bokmålsinformantane har ein større variasjon i kva for ei målform dei brukar, både i skulesamanheng og privat. Medan 92 % av bokmålselevane nyttar hovudmålet sitt mest også i andre skulefag, er tilsvarande tal for nynorskelevane 30,4 % (tabell 5.2). Godt halvparten av nynorskrespondentane brukar dei to målformene like mykje.

		Kva for ei skriftmålsform brukar du i andre fag på skulen?			Total
		Mest nynorsk	Mest bokmål	Omtrent like mykje nynorsk og bokmål	
Kva målform har du valt som hovudmål på skulen i år?	Nynorsk	30,4%	17,4%	52,2%	100,0%
	Bokmål		92,0%	8,0%	100,0%
Total		14,6%	56,3%	29,2%	100,0%

Tabell 5.2 Samanhengen mellom val av hovudmål og bruk av målform i andre skulefag

Også privat finn ein noko av den same skilnaden. Nynorskelevane fordeler seg jamt mellom nynorsk og bokmål, medan 80 % av bokmålselevane brukar mest bokmål privat (tabell 5.3). Ingen av bokmålselevane ser ut til å bruke nynorsk mest, sjølv om mange av dei altså har hatt dette som hovudmål i ti år. Som gruppe brukar bokmålselevane noko meir nynorsk i skulen enn privat, og ein kan spørje om presset til å bruke bokmål er større i skulen enn utafor skulen. Elles erfarer gjerne mange at nynorsk er vanskeleg å halde ved like viss ein ikkje brukar det dagleg, og dette kan også vere ei årsak til å velje bokmål i alle samanhengar. Dessutan er det eit gjennomgåande argument frå bokmålsinformantane at dei vel den

målforma som er den enklaste for dei (jf. punkt 5.1.4.2), og når dei vel dette i skulen, er det kanskje liten grunn til å velje annleis i andre situasjoner.

	Kva for ei skriftmålsform brukar du på lengre tekster du skriv utanom skulen?				Total
	Mest nynorsk	Mest bokmål	Omtrent like mykje nynorsk og bokmål		
Kva målform har du valt som hovudmål på skulen i år?	Nynorsk Bokmål	33,3% 80,0%	33,3% 20,0%	33,3% 26,5%	100,0% 100,0%
Total		16,3%	57,1%		100,0%

Tabell 5.3 Samanhengen mellom val av hovedmål og bruk av målform utanfor skulen

5.2.4 Chatting og SMS-språk er på dialekt

Det store fleirtalet, 77,6 %, brukar dialekt når dei chattar eller skriv SMS (tabell 5.4). Her er det små skilnader mellom dei to informantgruppene, men bokmål ser ut til å vere meir i bruk hos nynorskinformantane enn omvendt. For dei fleste ungdommane er SMS og chatting ei skriftleg form med munnleg stiltone. Det er derfor interessant at nynorsk er så fråverande i bruken her. Kan det vere at bokmålsbrukarane ser på nynorsk som eit meir formelt språk, med ei stiltone og eit ordtilfang som ligg lenger unna talemålet, eller er det berre eit resultat av at bokmål er lettare å bruke også i sosiale medium? Det kan elles ligge meir praktiske forhold til grunn, slik som at ordlista på mobiltelefonen fungerer betre på bokmål enn på nynorsk.

	Kva for ei skriftmålsform brukar du helst når du skriv SMS eller chattar?				Total
	Mest nynorsk	Mest bokmål	Omtrent like mykje nynorsk og bokmål	Mest dialekt	
Kva målform har du valt som hovudmål på skulen i år?	Nynorsk Bokmål	8,3% 20,0%	4,2% 4,0%	8,3% 76,0%	100,0% 100,0%
Total		4,1%	12,2%	6,1%	77,6% 100,0%

Tabell 5.4 Samanhengen mellom val av hovedmål og målform i chatting og SMS-ar

Ei anna mogleg forklaring finn vi i det vi kallar open og skjult prestisje. Mange ser på bokmål som standardspråket i Noreg, og i storsamfunnet er det denne målforma som gjerne har størst prestisje (jf. t.d. Mæhlum 2007:189 ff.). Men eit språk kan også ha såkalla skjult

prestisje (jf. omgrepet *covert prestige* hos Chambers og Trudgill (1998:85)). Det betyr at eit skriftspråk eller eit talemål kan ha høg status i enkelte miljø, kanskje som ein subkultur i storsamfunnet. Ulike dialektar har ofte ein slik skjult prestisje i det området dei vert brukte. Dette fører til at mange nyttar dialekt, også i skriven form (SMS og chatting) i nærmiljøet, medan dei nyttar bokmål, som har høgast status i storsamfunnet, i meir formelle situasjonar og i kontakt med dei utafor eige miljø.

5.2.5 Kva målform er elevane mest komfortable med?

Eit stort fleirtal av elevane likar best å skrive bokmål. Dette gjeld også nynorskinformantane, der 18,2 % har valt bokmål sjølv om dei likar denne målforma best.

	Kva for ei skriftmålsform likar du best å skrive?			Total
	Nynorsk	Bokmål	Nynorsk og bokmål like godt	
Kva målform har du valt som hovudmål på skulen i år?	Bokmål	80,0%	20,0%	100,0%
	Nynorsk	40,9%	18,2%	40,9%
Total		19,1%	51,1%	29,8%
				100,0%

Tabell 5.5 Samanhengen mellom val av hovedmål og kva målform informantane likar best å skrive

Endå meir uttalt blir denne skilnaden på spørsmålet om kva for ei målform dei likar best å lese. Berre 16,7 % av nynorskbrukarane svarar at dei likar si eiga målform best. Tilsvarende tal for bokmålsbrukarane er 96 %.

	Kva for ei skriftmålsform likar du best å lese?			Total
	Nynorsk	Bokmål	Nynorsk og bokmål like godt	
Kva målform har du valt som hovudmål på skulen i år?	Bokmål	96,0%	4,0%	100,0%
	Nynorsk	16,7%	62,5%	20,8%
Total		8,2%	79,6%	12,2%
				100,0%

Tabell 5.6 Samanhengen mellom val av hovedmål og kva målform informantane likar best å lese

Dei same tendensane gjer seg gjeldande i spørsmålet om kva for eit skriftspråk informantane tykkjer er lettast å lese og skrive (tabell 5.7 og 5.8). Det er ingen nynorskbrukarar som tykkjer

det er lettast å lese på si eige målform. Det er nærliggjande å tru at det er ein sterk samanheng mellom å like og å meistre dei to målformene. Det overraskar likevel at nynorskinformantane som gruppe er mindre komfortable med å lese enn å skrive nynorsk, då det gjerne er meir krevjande å skrive eit språk eller ei målform. Ei mogleg forklaring kan vere at mykje av det dei les, er relatert til skulearbeid og fagtekster, og at mange elevar opplever ordtilfanget og fagomgrep på nynorsk som meir framandt og uvant (jf. 5.1.4.2).

	Kva for ei skriftmålsform tykkjer du er lettast å skrive?			Total
	Nynorsk	Bokmål	Nynorsk og bokmål like lett	
Kva målform har du valt som hovudmål på skulen i år?	Bokmål	100,0%		100,0%
	Nynorsk	16,7%	33,3%	50,0%
Total		8,2%	67,3%	24,5%
				100,0%

Tabell 5.7 Samanhengen mellom val av hovudmål og kva målform informantane tykkjer er lettast å skrive

	Kva for ei skriftmålsform tykkjer du er lettast å lese?			Total
	Nynorsk	Bokmål	Nynorsk og bokmål like lett	
Kva målform har du valt som hovudmål på skulen i år?	Bokmål	92,0%	8,0%	100,0%
	Nynorsk	62,5%	37,5%	100,0%
Total		0,0%	77,6%	22,4%
				100,0%

Tabell 5.8 Samanhengen mellom val av hovudmål og kva målform informantane tykkjer er lettast å lese

100 % av bokmålselevane har valt å bruke den målforma som dei tykkjer er lettast. Dette samsvarar godt med argumentasjonen som er brukt for val av målform, der 24 av 25 informantar nemnte dette som ei årsak for å velje bokmål som hovudmål. I det heile vert analysen av argumentasjonen bekrefta i desse svara: Det store fleirtalet av elevane opplever bokmål som enklare, både å lese og å skrive. Men sidan dei fleste nynorskelevane altså ikkje vel den enklaste utvegen, har dei andre årsaker, enten det gjeld nytteverdi eller meir grunnleggjande haldningars, til å halde fram med nynorsk.

5.2.6 Nynorsk som hovudmål er ingen garanti for nynorskbruk i framtida

At ein har valt nynorsk som hovudmål, er ikkje nødvendigvis eit signal om at ein vil halde fram med å bruke nynorsk seinare i livet. Berre 1/3 av nynorskinformantane trur at dei kjem til å bruke mest nynorsk som privatperson i framtida. Prosentvis har nynorskinformantane fordelt seg på dei ulike svaralternativa nøyaktig som dei gjorde for bruk av målform utanom skulen. Ved gjennomgang av skjemaet til kvar enkelt informant, viser det seg likevel at det ikkje er samsvar mellom korleis dei har kryssa på dei to spørsmåla, og på individnivå kan ein derfor ikkje seie at det er nokon tydeleg samanheng her. 1/3 av nynorskinformantane meiner at dei kjem til å endre det private målformmønsteret i framtida, og endringa kan sjå ut til å gå i ulike retningar. 92 % av bokmålsinformantane trur dei kjem til å bruke mest bokmål også i framtida. Her er det berre 4 informantar (8 %) som svarar at dei for eigen del trur på endringar i privat målformbruk, og for tre av dei går endringa i retning av meir bokmål.

	Kva for ei skriftmålsform trur du at du kjem til å bruke som privatperson i framtida?				Total
	Mest nynorsk	Mest bokmål	Omtrent like mykje nynorsk og bokmål		
Kva målform har du valt som hovudmål på skulen i år?	Nynorsk	33,3%	33,3%	33,3%	100,0%
	Bokmål		92,0%	8,0%	100,0%
Total		16,3%	63,3%	20,4%	100,0%

Tabell 5.9 Sannsynleg målformbruk i framtida, etter val av hovudmål (prosent)

Resultata i tabell 5.9 samsvarar i stor grad med det som blei funne i Valdres (Garthus 2009:11), medan tilsvarande rapport frå Firda i Sogn og Fjordane (Garthus,Todal og Øzerk 2011:23) viser at der står nynorsk som framtidsspråk langt sterkare. Skilnaden på Firda på den eine sida og Valdres og Indre-Agder på den andre sida er tydeleg. Firda ligg midt i kjerneområdet for nynorsk som skriftspråk. Administrasjonen i fylket brukar nynorsk, det same gjer alle kommunane. Valdres og Indre-Agder har ein heilt annan situasjon. Begge områda ligg i randsona for nynorsken, og presset utanfrå er langt større. Når så få ungdom frå Indre-Agder har tru på at dei i framtida vil bruke mest nynorsk, er det ein indikasjon på at nedgangen i talet på nynorskbrukarar i området også vil halde fram i neste generasjon.

5.2.7 Nynorsk er ein del av den heimlege kulturen

I datamaterialet kan ein lese ut ein sterk tendens til at ungdommen, både nynorsk- og bokmålsinformantane, ser på nynorsken som ein del av kulturen i heimbygda (tabell 5.10). Likevel seier 44,6 % av bokmålsbrukarane seg heilt eller delvis ueinig i at det er meir naturleg for dei å bruke nynorsk som skriftspråk (tabell 5.11). Det er altså eit sprik mellom den kulturen dei opplever bygda som ein del av, og det som er naturleg for dei sjølve. Blant nynorskbrukarar er det større samanheng mellom synet på nynorsk som ein del av kulturen og at dei opplever det som det mest naturlege skriftspråket. Som menneske har vi gjerne ein tendens til å argumentere ut frå dei val vi har gjort, slik at handlingane ikkje skal bryte med dei haldningane vi gir uttrykk for. Dette er sjølv sagt ei nærliggjande forklaring på denne tendensen, men kan årsaken også vere at nynorskbrukarar i større grad identifiserer seg med den lokale kulturen enn det bokmålsbrukarar gjer? Det er eit spørsmål eg vil kome tilbake til seinare i analysen og drøftinga.

	Eg meiner nynorsk er ein del av kulturen i heimbygda mi.					Total
	Heilt einig	Delvis einig	Verken einig eller ueinig	Delvis ueinig		
Kva målform har du valt som hovudmål på skulen i år?	Nynorsk	62,5%	20,8%	8,3%	8,3%	100,0%
	Bokmål	16,7%	45,8%	25,0%	12,5%	100,0%
Total		39,6%	33,3%	16,7%	10,4%	100,0%

Tabell 5.10 Synet på nynorsk som ein del av kulturen i heimbygda, etter val av hovudmål (prosent)

	Det er mest naturleg for meg å skrive nynorsk.					Total
	Heilt einig	Delvis einig	Verken einig eller ueinig	Delvis ueinig	Heilt ueinig	
Kva målform har du valt som hovudmål på skulen i år?	Nynorsk	33,3%	41,7%	12,5%	12,5%	100,0%
	Bokmål	4,3%	17,4%	56,5%	21,7%	100,0%
Total		17,0%	23,4%	14,9%	34,0%	10,6%
						100,0%

Tabell 5.11 Synet på nynorsk som den mest naturlege målforma å skrive, etter val av hovudmål (prosent)

		Eg meiner nynorsk bør brukast som hovudmål på barneskulen i heimbygda mi.					
		Heilt einig	Delvis einig	Verken einig eller ueinig	Delvis ueinig	Heilt ueinig	Total
Kva målform har du valt som hovudmål på skulen i år?	Nynorsk	62,5%	16,7%	20,8%			100,0%
	Bokmål	12,5%	20,8%	25,0%	16,7%	25,0%	100,0%
Total		37,5%	18,8%	22,9%	8,3%	12,5%	100,0%

Tabell 5.12 Synet på nynorsk som opplæringsmål på barneskulen i heimbygda, etter val av hovudmål (prosent)

Nynorskinformantane er samanlikna med bokmålsinformantane langt meir positive til at nynorsk skal vere opplæringsmål i barneskulen i heimbygda (tabell 5.12). Ein relativ høg prosent, 33,3 %, av dei som har valt bort nynorsk, er likevel heilt eller delvis einige i at barneskulen i heimbygda bør ha nynorsk. Dette kan henge saman med at dei ser på nynorsken som ein del av den lokale kulturen. Kanskje har dei òg erfart at nynorsk som opplæringsmål gir dei eit fortrinn, slik blant anna Åshild (bokmålsinformant) gir uttrykk for under argumentasjonen for val av hovudmål: "Så jeg er glad jeg har hatt nynorsk de årene jeg hadde det, det gjør at jeg har en viss peiling på det som blir sagt på begge målformer."

5.2.8 Kort oppsummering og drøfting av vidare kategorisering av språklege variablar

Som hovudmål i vidaregåande skule er nynorsk og bokmål dikotome verdiar som gjensidig utelukkar kvarandre, og i den kvantitative analysen har eg valt å dele informantane inn i desse to kategoriane, kalla nynorsk- og bokmålsinformantar/-respondentar. Analysen så langt har vist oss at dette ikkje ei heilt uproblematisk inndeling, for resultata syner ein lite einsarta bruk av målformene i andre skriftlege samanhengar. Mange elevar som har valt nynorsk som hovudmål, brukar i stor grad bokmål på eit eller fleire av dei andre områda, enten det er i andre fag på skulen eller i meir private samanhengar. Tilsvarande variasjonar finn ein hos bokmålsinformantane, sjølv om dominansen av hovudmålet er langt større i denne gruppa.

Trass i denne innvendinga vil eg halde fast på dei to dikotome kategoriane vidare i den kvantitative analysen. Det er fleire årsaker til at eg har bestemt meg for å sjå dei sosiokulturelle variablane opp mot val av hovudmål i staden for ei inndeling som viser til bruken av nynorsk/bokmål på mange og ulike område. Utvalet av informantar tar utgangspunkt i val av hovudmål på vidaregåande skule. Inndelinga er eintydig og sikker,


hovudmål blir bekrefta av både skulen og eleven sjølv. Den kvantitative delen av analysen skal først og fremst gje eit oversyn, og talet på informantar er elles noko lite til å bli delt inn i mange kategoriar. Inndelinga gjer det dessutan enklare å samanlikna resultata mine med andre undersøkingar.

Først i slutten av dette kapittelet vil eg gå over til å bruke ei anna inndeling, der eg vil skissere ein profil av kvar enkelt informant ut frå både språklege og sosiokulturelle variablar. Her vil skriftmålsorientering bli målt ut frå summen av fleire variablar, ein såkalla additiv indeks, der verdiane vil varierer på ein skala avhengig av både bruk av og haldning til målformene.

5.3 Samanheng mellom målformval og sosiale variablar på gruppenivå

5.3.1 Kjønnsskilnadar i val av målform

I undersøkinga mi har eg valt å få jamne grupper av informantar, både for kjønn og målform. Resultata vil derfor i liten grad seie noko om skilnadene mellom kjønna i val av målform i skulen. Ved eigen skule har alle elevane med nynorsk som hovudmål, 12 gutter og 4 jenter, stilt som informantar. Skulen har noko overvekt av gutter som har hatt nynorsk, men sjølv om ein tar høgde for dette, viser tala ein høgare nynorskprosent blant gutane enn blant jentene. Basert på erfaring meiner eg at gutane er i fleirtal dei fleste åra, særleg er det få jenter på yrkesfaglege programområde som vel nynorsk som hovudmål. Den same tendensen blir omtalt i Garthus (2009), der 31 % av gutane og 15 % av jentene held fast på nynorsk som hovudmål i vidaregåande skule. Sjølv om funna på langt nær er eintydige, er det fleire talemålsgranskinger som viser til liknande kjønnsskilnader, der jenter i større grad enn gutter ser ut til å forandre dialekten sin (jf. Mæhlum, Akselberg, Røyneland og Sandøy 2008:120 ff.). Det har vore ei vanleg oppfatning at jentene er meir opptekne av å tilpasse seg samtalepartnaren, og dermed lettare endrar på talemålet sitt. Ein kan tenkje seg at det er noko av den same tendensen som viser seg innafor skriftspråket. Viss ein samanliknar argumentasjonstypen som kjem fram i denne undersøkinga, er det ei overvekt av jenter som meiner at omgjevnaden er ein del av årsaka til val av hovudmål (figur 5.6). Ein gut og fire jenter svarar at medelevar har påverka dei i valet, medan ein gut og tre jenter nemner lærarar og lærebøker som ei årsak til språkval.



Figur 5.6 Ulike argument fordelt på kjønn


Samtidig er det verdt å merke seg at jentene totalt sett har fleire argument enn gutane. Dei 25 jentene har til saman 57 argument (2,28 i snitt), medan 24 gutter har 42 argument (1,75 i snitt) totalt, og det er sjølvsagt med på å forklare at jentene har ei overvekt av argument i dei fleste kolonnane. Dette kan i seg sjølv likevel ikkje forklare fordelinga, der også det estetiske argumentet skil seg ut ved berre å bli brukt av jenter.

I punkt 5.2.2 såg vi at elevar som vel bokmål, er meir sikre i valet enn elevar som vel å halde fram med nynorsk. Særleg tydeleg blir denne skilnaden mellom gutter og jenter som vel bokmål, der nærmere 92 % gutter mot ca. 54 % jenter var sikre på kva for ei målform dei ville ha som hovudmål (sjå tabell 1 i vedlegg 5). Blant nynorskinformantane er det omvendt, her er det jentene som er mest sikre.

Det er vanskeleg å finne ei logisk forklaring på desse kjønnsvariasjonane, men kanskje kan jentenes tendens til å tilpasse seg omgjevnaden også vere ei forklaring her. Nynorskjenter er meir sikre i valet enn gutane, men samtidig er dei mindre lojale mot denne målforma utanfor skulen (sjå tabell 2 i vedlegg 5). I den samanheng kan ein også lure på om jentene vel målform av strategiske og instrumentelle grunnar, medan det for gutane i større grad handlar om identitet og tilhørsle. Dersom ein ser isolert på argumentasjonen i undersøkinga, er det likevel ikkje noko som støttar eit slikt synspunkt, snarare tvert i mot, då gutane i overvekt brukar kompetanse som eit argument for val av hovudmål.

5.3.2 Foreldras skriftspråklege bakgrunn

Eit krav for å vere informant i denne studien er at eleven skal ha hatt nynorsk som opplæringsmål i barneskulen. Det er derfor få innflyttarar blant informantane mine, og dei aller fleste har budd heile livet sitt i den same bygda. Svært mange av informantane har foreldre som kjem frå heimbygda, nabobygda eller andre kommunar med nynorsk som opplæringsmål. Over 65 % av informantane har begge foreldra sine frå eit område med nynorsk som opplæringsmål, medan berre 4 % (2 informantar) har begge foreldra frå eit bokmålsområde (fig 5.7).




Figur 5.7 Fordeling av informantane etter kva språkområde foreldra kjem frå.

I materialet mitt er det lite som tydar på at foreldras skriftspråklege bakgrunn har nokon innverknad på val av hovudmål i vidaregåande skule. Dette samsvarar med resultata frå undersøkinga i Valdres (Garthus 2009:20), medan tala frå Sogn og Fjordane viser ein liten samanheng mellom foreldras geografiske bakgrunn og ungdommens val av målform (Garthus, Todal og Øzerk 2010:7). Foreldras geografiske bakgrunn fortel ikkje noko om kva målform dei i realiteten brukar som vaksne, og heller ikkje noko om kva haldning dei har til bokmål og nynorsk. Det er rimeleg å tru at fleire foreldre som kjem frå nynorskens kjerneområde, har ei anna innstilling til nynorsk som bruksspråk enn det som er tilfelle i Indre-Agder og Valdres, og at dette kan vere ei medverkande årsak til skilnadene mellom desse områda.

5.3.3 Målform og utdanning

Resultatet viser at det er små forskjellar på utdanningsnivået blant foreldra til dei to gruppene. Foreldre med høgare utdanning har i periodar gjerne hatt kontakt med andre miljø, som oftest eit by- og studiemiljø der bokmål dominerer. Ein kan sjølv sagt tenke at ein del foreldre er blitt påverka av å vere i eit anna språkmiljø, og i neste omgang fører det vidare til barna sine. Men på same måte som den geografiske bakgrunnen, ser heller ikkje dette ut til å ha merkbart utslag på val av hovudmål (fig 5.8).



Figur 5.8 Prosentvis fordeling av nynorsk- og bokmålsinformantar etter den høgaste utdanninga til minst ein av foreldra

Undersøkinga om språkskifte i Valdres viser ingen eintydig forskjell mellom val av hovudmål på yrkesfaglege og studieførebuande programområde. I studieområdet mitt var det vanskeleg å finne nok nynorskinformantar på dei yrkesfaglege områda, og eiga erfaring og samtalar med andre norsklærarar i området gir inntrykk av at det er fleire elevar frå studieførebuande enn yrkesfaglege programområde som vel nynorsk som hovudmål. Sidan eg ikkje har undersøkt heile populasjonen systematisk, kan eg likevel ikkje slå fast at det er ein klar skilnad her. Derimot kan eg gå inn og samanlikna utdanningsambisjonane til dei to informantgruppene. Ein del yrkesfaglege elevar vel å skaffe seg studiekompetanse ved å ta påbygg, dermed har også denne elevgruppa tilgang til høgare utdanning. Tabell 5.13 under viser at det ikkje er store skilnader her, men nokre fleire nynorsk- (73,9 %) enn bokmålsinformantar (66,7 %) har planar om høgskule og universitetsutdanning.

		Kva for utdanning har du planar om å ta etter vidaregåande skule?			Total
		Læretid/fagbrev	Fagskule	Høgskule/universitet	
Kva målform har du valt som hovudmål på skulen i år?	Nynorsk	17,4%	8,7%	73,9%	100,0%
	Bokmål	25,0%	8,3%	66,7%	100,0%
Total		21,3%	8,5%	70,2%	100,0%

Tabell 5.13 Samanlikning av utdanningsplanane til nynorsk- og bokmålsinformantane

I den vaksne befolkninga er det også relativt små skilnader mellom utdanningsnivå og bruk av målform, men nynorsk er noko mindre brukt blant personar med høgare utdanning enn blant dei med kortare utdanning (Grepstad 2010: tabell 6.1). Denne skilnaden kan det vere mange forklaringar på, ei av desse er samanhengen mellom busetnadsmönster og utdanning. Vi veit at nynorsken er mest utbreidd på landsbygda, der utdanningsnivået er lågare enn i byane. Ute i distrikta finn vi yrka knytt til primærnæringa, og samanlikna med andre yrke, skil desse seg ut ved å ha fleire nynorskbrukarar. Dette fører oss over i neste avsnitt der vi skal sjå på korleis det står til med val av målform hos potensielle bønder i Indre-Agder.

5.3.4 Er nynorsk eit bondemål?


[...], så ser æ for mæ ein sånn dølakall oppi...på fjellet, på ei sæter eller no sånn. En bon'e.
[...] En tenke liksom på gamlinga som sitt på ei sæter og... røyke pipe (Berge m. fl. 1998:78).

Dette er eit utdrag av svaret som ungdomsskuleeleven Håvard gav då han blei spurta om korleis han førestelte seg ein typisk nynorskbrukar. Sitatet er henta frå ein rapport om forsøket med fellesspråklege lærebøker i samfunnsfag på 1990-talet. Det illustrerer godt ein del av dei stereotypiske haldningane om nynorsk som noko gammaldags og bondsk, som kom fram i denne rapporten. Studien min gir i liten grad svar på kor mykje hald det er i desse stereotypiske førestellingane, men den kan seie noko om målform blant ungdommar som bur på gard i Indre-Agder.

		Kva målform har du valt som hovudmål på skulen i år?		Total
		Nynorsk	Bokmål	
Driv foreldra dine gard?	Nei	43,6%	56,4%	100,0%
	Ja	70,0%	30,0%	100,0%
Total		49,0%	51,0%	100,0%

Tabell 5.14 Gardsdrift blant foreldra til nynorsk- og bokmålsinformantane (prosent)

Omlag 20 % av informantane mine (10 personar) seier at foreldra deira driv gardsbruk, og 70 % av desse har nynorsk som hovudmål (tabell 5.14). Langt fleire, om lag 45 % av alle informantane, bur på gard, enten drifta er lagt ned eller det er andre, for eksempel besteforeldre, som driv garden. Også blant desse står nynorsken sterkt, med ca. 58 % nynorskbrukarar og 32 % bokmålsbrukarar.




Figur 5.9 Val av hovudmål etter bustadområde (prosent)

Fleire studiar innafor talemålsforsking viser at ungdom som kjem frå gard, har høgare grad av tradisjonelle former og arkaiske trekk i dialekten sin enn dei som ikkje kjem frå gard (sjå for eksempel Tuitekkja (1998:126) og Aasmundtveit (2008: 89)). Dette blir blant anna forklart ut frå bustad til personane, der talemålsendringar spreiar seg frå sentrum og til utkantane, der dei fleste gardane gjerne ligg. Eit anna viktig moment her er den rolla nettverket spelar for språkutviklinga. Ungar frå gard veks ofte opp med meir eller mindre dagleg kontakt med besteforeldre, som dermed overfører ein del av dei eldre talemålsformene til den yngste generasjonen. Besteforeldre kan i stor grad også vere med å påverke verdiar, haldningar og tradisjonar, og for nokon er nynorsken ein del av denne tradisjonen. Det er heller ikkje usannsynleg at gardsungar har ein sterkare lokal tilhørsle, og at dei dermed identifiserer seg sterkare med den lokale kulturen og tar vare på dei tradisjonane som dei opplever at er ein del av lokalsamfunnet.


I undersøkinga mi spør eg både etter bustadområde og lokalisering i forhold til sentrum/utkant. Fleire av bygdene i studieområdet har så spreidd busetnad at dei snautt kan seiast å ha noko anna sentrum enn den staden der ein finn ein butikk og ein bank, og kanskje ein skule og eit bedehus. Det kan likevel vere litt interessant å sjå på korleis informantar som

ikkje bur på gard, fordelar seg språkleg. Dette kan gje oss ein peikepinn på om det er garden eller lokaliseringa i bygda som er utslagsgjenvende for språkvalet. Som figur 5.10 viser, er det prosentvis ein svært liten stigning av nynorskbruk frå sentrum til utkant, noko som tyder på at oppvekst på gard er ein meir utslagsgjenvende faktor enn lokaliseringa i bygda. Eg vil understreke at talet på informantar er lite her, berre 27 informantar (om lag 55 %) bur i ein bustad som ikkje er plassert på gard, og resultatet er derfor sårbart for tilfeldige utslag.



Figur 5.10 Val av målform inndelt etter lokalisering for dei som ikkje bur på gard (prosent)

Ungdom som veks opp på gard, har ikkje nødvendigvis positive haldningar til sjølv å drive gardsdrift. Det er derfor interessant å sjå på om det er nokon samanheng mellom lysten på eit framtidig bondeyrke og val av målform.



Figur 5.11 Innstilling til framtidig gardsdrift hos nynorsk- og bokmålsinformantar (prosent)

Undersøkinga viser ein klar samanheng mellom å ha vaks opp med gardsdrift og lysten til å drive gard sjølv (sjå tabell 3 i vedlegg 5). Samanhengen mellom interesse for framtidig gardsdrift og val av målform, er ikkje like tydeleg, sjølv om det er ei lita overvekt av positive nynorskbrukarar. Skilnaden er mest tydeleg i dei to ytre kategoriane, der berre nynorskinformantar har ei udelt positiv innstilling, medan bokmålsinformantane er i klar overvekt blant dei som absolutt ikkje kan sjå føre seg eit framtidig bondeyrke.

5.3.5 Ein samanheng mellom målform og bruk av lokal dialekt?

Dialektane i Indre-Agder blir rekna som relativt nynorsknære, sjølv om ein del av ordtilfanget er påverka av dei såkalla tyske an-be-het-else-orda (jf. pkt. 2.4.2 s. 15) Over 3/4 av informantane er heilt eller delvis enige i at dei snakkar ein dialekt som er vanleg på heimstaden sin. Ingen seier seg heilt ueinige i denne påstanden (tabell 5.15). Det er liten skilnad mellom nynorsk- og bokmålsinformantane når det gjeld sjølvrapportert bruk av det lokale talemålet. Dette kan tyde på at målformval i mindre grad har direkte samanheng med informantens eigen bruk av heimstaddialekten i desse bygdene. Eit par etterhald er viktige her. For det første er det vanlegvis store variasjonar i talemålet i ei bygd, der eldre og nyare former lever side om side, og der ulike grender kan ha sine særpreg. Desse nyansane kjem ikkje fram i spørsmålsstillinga. For det andre byggjer tala på sjølvrapporterte opplysningar, utan språklege variablar. Det er ikkje alltid samsvar mellom det informanten fortel at han gjer, og det som viser seg gjennom ei analyse av språkleg praksis.

	Eg snakkar ein dialekt som er vanleg på heimstaden min.				Total
	Heilt einig	Delvis einig	Verken einig eller ueinig	Delvis ueinig	
Kva målform har du valt som Nynorsk hovudmål på skulen i år?	58,3%	20,8%	8,3%	12,5%	100,0%
Bokmål	54,2%	20,8%	4,2%	20,8%	100,0%
Total	56,3%	20,8%	6,3%	16,7%	100,0%

Tabell 5.15 Bruken av lokal dialekt blant nynorsk- og bokmålsinformantane.

Bruk av lokalt talemål kan fortelje noko om tilhøyrslle og haldninga til staden og kulturen der, og det kan derfor vere interessant å sjå om det er skilnader i *korleis* dei to informantgruppene brukar dialekten sin. I dette utvalet har eg berre tatt med dei 37 informantane som seier seg heilt eller delvis enige i at dei brukar det lokale talemålet. Resultatet viser ein liten tendens til at nynorskinformantane gir uttrykk for å vere meir lojale

mot bygdedialekten enn det bokmålsinformantane er, både når det gjeld knoting og bruken av dialekt i alle samanhengar (sjå tabell 4 og 5 i vedlegg 5). Også desse tala byggjer på sjølvrapportering, ein må derfor ta høgde for at realiteten kan vere noko annleis. Likevel tykkjer eg resultatet er interessant. Det viser at informantane i nynorskgruppa i større grad enten trur eller ønskjer å gi uttrykk for at dei har ei slik språkleg åtferd.

Skilnadene mellom nynorsk- og bokmålsinformantane er større når det gjeld haldninga til den lokale dialekten enn når det gjeld bruken. 58,3 % av nynorskinformantane mot 50 % av bokmålsinformantane er heilt eller delvis einige i at det er dumt å leggje om dialekten når ein snakkar med folk frå andre stader (tabell 6 i vedlegg 5). Bokmålsinformantane har dessutan mindre tru på at dei kjem til å halde fast på dialekten sin i framtida. Medan 75 % av nynorskinformantane trur at dei kjem til å bruke dialekten sin uavhengig av kor dei bur, er det tilsvarende talet hos bokmålsinformantane 66,7 % (sjå tabell 7 i vedlegg 5). Skilnaden kan seie noko om viljen til å vare på dialekten sin, men den kan også ha samanheng med at det er fleire nynorskbrukarar som ser føre seg ei framtid i lokalmiljøet (sjå pkt. 5.3.6.2).

Den største skilnaden i haldninga til det lokale talemålet finn ein i den estetiske vurderinga av heimstaddialekten (tabell 5.16). 83,3 % av nynorskinformantane meiner at dialekten i heimbygda er fin, medan 58,4 % av bokmålsinformantane seier det same. Over 25 % av bokmålsinformantane er heilt eller delvis ueinige i at heimstaddialekten er fin. Berre ein nynorskinformant (4,2%) gir uttrykk for ei slik haldning.

	Eg tykkjer dialekten i heimbygda mi er fin.					Total
	Heilt einig	Delvis einig	Verken einig eller ueinig	Delvis ueinig	Heilt ueinig	
Kva målform har du valt som Nynorsk hovudmål på skulen i år?	58,3%	25,0%	12,5%	4,2%		100,0%
Bokmål	41,7%	16,7%	16,7%	16,7%	8,3%	100,0%
Total	50,0%	20,8%	14,6%	10,4%	4,2%	100,0%


Tabell 5.16 Vurdering av den lokale dialekten hos nynorsk- og bokmålsinformantar

Som eg har vore inne på tidlegare, er haldninga vanskeleg å måle gjennom ein kvantitativ studie der resultatet byggjer på sjølvrapportering. Eg vil igjen understreke at dette resultatet ikkje nødvendigvis viser det korrekte biletet, men like gjerne kan vere eit uttrykk for korleis dei to informantgruppene ønskjer å blir oppfatta, ut frå eit ideal eller kva som er politisk korrekt. Dette vil eg kome nærmare inn på i den kvalitative analysen av intervjua.

5.3.6 Lokal tilhørsle og syn på heimstaden

5.3.6.1 Deltaking i lokale felt


Samla sett er det små skilnader på deltaking i lokale felt mellom dei to informantgruppene, men nynorskinformantane er noko meir aktive. Både musikkkulen, idrettsaktivitetar og friluftsliv har prosentvis nokså lik oppslutning av nynorsk- og bokmålsinformantar (sjå tabell 8-10 i vedlegg 5), men innafor kristne aktivitetar er nynorskprosenten mykje høgare blant dei som deltar i stor grad (tabell 11 i vedlegg 5 og fig. 5.12. under). Kristent organisasjonsarbeid står svært sterkt i Indre-Agder. Bedehusmiljøet har spesiell stor oppslutning, men også anna kristent arbeid har ei sentral rolle i alle desse bygdene. I kapittel 2 såg vi at bedehusrørla kunne vere ein brems for utbreiinga av nynorsk. Det er vanskeleg å finne slike samanhengar i datamaterialet mitt. Motsetnaden mellom bedehuset og den frilyndte ungdomsrørla, der målforma har vore ei av kampsakene (jf. Seland 2010), vil eg tru er nokså fjern for dei unge i dag. Kanskje kan ein heller sjå på bedehuset og aktivitetane der som nokre av dei mest lokalt forankra tradisjonane, og at miljøet er med på å skape tilhørsle til staden.



Figur 5.12 Deltaking i kristne aktiviteter i lokalmiljøet (prosent)

Når ein slår saman dei to kolonnane til venstre og dei to kolonnane til høgre i diagrammet over (figur 5.12), ser ein at skilnaden mellom nynorsk- og bokmålsgruppene jamnar seg ut. Slik er det ikkje med den neste aktiviteten, jakt og fiske, og det er i dette lokale feltet ein finn dei største skilnadane mellom gruppene (tabell 12 i vedlegg 5 og figur 5.13 under). Om lag 50 % av nynorskinformantane seier at dei driv på med jakt og fiske i lokalmiljøet, medan berre

24 % av bokmålsinformantane svarer det same. Vi har tidlegare sett at nynorskelevane er i overvekt med gardsbakgrunn. For å drive jakt, må ein vere grunneigar, eller iallfall ha tilgang til jaktareal, og det er sjølvsagt ein samanheng her.



Figur 5.13 Bruk av naturen i lokalmiljøet til jakt- og fiske

5.3.6.2 Nynorskgruppa er meir bunden til heimstaden

Resultatet frå undersøkinga viser at det er nokre fleire nynorskinformantar enn bokmålsinformantar som tykkjer det er viktig å få eit yrke der dei kan få seg arbeid i nærleiken av heimstaden og halde fram med å bu der. 41,7 % av nynorskinformantane meiner at dette er svært viktig, medan 24 % av bokmålsinformantane gir uttrykk for det same (tabell 5.17).

	Kor viktig er det for deg å få eit yrke der du kan få deg arbeid i nærleiken, slik at du kan halde fram med å bu i heimbygda di?					Total
		Svært viktig	Nokså viktig	Mindre viktig	Ikkje viktig	
Kva målform har du valt som Nynorsk hovudmål på skulen i år?	41,7%	20,8%	20,8%	16,7%	100,0%	
Bokmål	24,0%	28,0%	36,0%	12,0%	100,0%	
Total	32,7%	24,5%	28,6%	14,3%	100,0%	

Tabell 5.17 Nynorsk- og bokmålsinformantanes syn på framtidig arbeidsstad nær heimbygda.

Ein svært høg prosent av ungdommen ønskjer helst å slå seg ned i heimbygda si når dei skal etablere seg som vaksne, nærmare 62 % har heimbygda si som førsteval (tabell 5.18). Også her er nynorskprosenten noko høgare, medan ein del fleire bokmålsinformantar ønskjer å busetje

seg på ein større tettstad. Berre to informantar seier at dei helst vil slå seg ned i ein by, begge desse har bokmål som hovudmål.

	Dersom du i framtida hadde stått heilt fritt til å velje kor du skulle bu, kor ville du då helst ha slått deg til?				Total
	Utlanet	Ein større tettstad/ by	Ei anna bygd	Heimbygda mi	
Kva målform har du valt som Nynorsk hovudmål på skulen i år?	8,7%	17,4%	4,3%	69,6%	100,0%
Bokmål		37,5%	8,3%	54,2%	100,0%
Total	4,3%	27,7%	6,4%	61,7%	100,0%

Tabell 5.18 Ønske om framtidig bustad hos nynorsk- og bokmålsinformantar

67,3 % av informantane mine er elevar på vg1, resten på vg2 og vg3 (tabell 13 i vedlegg 5). Gjennomsnittsalderen på informantane er ca. 17,5 år. For mange er heimstaden noko trygt og kjent, og dei fleste har ikkje budd andre stader. Kanskje kan det vere med å forklare, eller iallfall auke, den høge prosenten av heimekjære ungdommar.

Dersom ein samanliknar dette resultatet med spørsmåla om korleis ungdommen ser på heimbygda si, får ein bekrefte det positive synet dei har på heimstaden sin (sjå tabell 14-17 i vedlegg 5). Svært mange seier seg einige i at heimbygda er ein god stad å vekse opp, og dei fleste gir uttrykk for å vere stolte over heimbygda si og glade for å bu der. På alle dei fire påstandane om heimbygda si merkar nynorskgruppa seg ut ved å ha det mest positive synet på bygda. Det er 20-30 % fleire nynorskinformantar enn bokmålsinformantar som seier seg absolutt einige i dei positive påstandane om bygda. Også bokmålsgruppa gir høg tilslutning, men i denne gruppa er det fleire som er delvis einige eller stiller seg nøytrale til påstandane.

Som vi skal kome nærmare inn på i slutten av dette kapittelet, er dei additive indeksane delte inn i ein handlings- og ein haldningskategori. Vi har sett at det på dei fleste områda er liten skilnad mellom informantgruppene når det gjeld deltaking i lokale felt. Når ein kjem til haldningsaspektet, er skilnadene meir tydelege. Sjølv om ein må slå fast at ein høg prosent av alle informantane er svært positive til heimstaden sin, er den positive haldninga meir uttalt blant nynorskinformantane. Så langt kan det altså sjå ut som at det er større korrelasjon mellom å ha nynorsk som hovudmål og uttrykkje positive haldningar til lokalsamfunnet enn det er mellom val av nynorsk og deltaking i lokalsamfunnet.

5.3.7 Er bokmålsgruppa meir urbant orientert?


I spørjeundersøkinga (spørsmål 16, vedlegg 2) har informantane tatt stilling til seks utsegner der by og bygd blir samanlikna som oppvekst- og bustadmiljø. Sjølv om resultata frå begge informantgruppene viser ei svært positiv innstilling til små bygdemiljø, er det tydelege skilnader på korleis dei to gruppene svarar. Ein større prosent nynorskinformantar viser ei udelt positiv innstilling til bygdemiljø, medan langt fleire bokmålsinformantar gir uttrykk for ei meir nøytral haldning til utsegnene der by og bygd blir samanlikna (sjå tabell 18-23 i vedlegg 5). Ei av utsegnene bryt likevel med dette mønsteret. Ein lågare prosent blant nynorsk- enn bokmålsinformantane seier seg delvis ueinige i at det er fleire fordelar enn ulemper ved å vere ungdom på ein liten stad (tabell 20 i vedlegg 5). Kanskje har det ein samanheng med kva den enkelte sjølv erfarer i den livsfasen dei er i der og då, der fleire i nynorskgruppa saknar noko på heimstaden sin som ungdom, enten det er aktivitetstilbod, vareutval eller miljøet dei opplever som mangelfullt. Det kan også tenkjast at fleire nynorskinformantar opplever konformitetskravet sterkare og meir negativt enn det som er tilfelle blant bokmålsinformantane. Brotet på mønsteret, sjølv om skilnadene er små, er uavhengig av årsak vanskeleg å forklare, og det kan sjølvsagt vere resultat av eit tilfeldig utslag. Under informantportretta i kapittel 6 vil eg kome attende til korleis den enkelte informanten opplever å vere ungdom på ein liten stad.

Samtidig som bokmålsgruppa i større grad er positive til byar og tettstader, er det liten skilnad mellom dei to gruppene når det gjeld erfaring med bymiljø. Svært få deltar i særleg grad på organiserte og faste aktivitetstilbod i byen (tabell 24, vedlegg 5), og det er ingen tydelege skilnader mellom nynorsk og bokmålsgruppa når det gjeld talet på byturar per år (tabell 25 og 26 i vedlegg 5). Også når det gjeld urban orientering, ser det altså ut til å vere ein større samanheng mellom språk og haldningsaspektet enn det er mellom språk og erfarings-(handlings-)aspektet.

5.3.8 Bokmålsinformantar er noko meir opptatt av motar og merkevarer

Å vere opptatt av motar og merkevare er gjerne rekna som eit moderne og urbant fenomen. I avsnittet over såg vi at bokmålsinformantane som gruppe har ei noko meir positiv innstilling til det urbane miljøet. Når det gjeld interesse for motar og merkevarar, er ikkje mønsteret fullt så tydeleg. I figur 5.14 er resultata frå dei tre spørsmåla om motar og merkevarer (spørsmål

25, 26 og 27 i spørjeskjemaet, vedlegg 2) slått saman til eit samla mål for moteinteresse (sjå vedlegg 4 for nærmere forklaring av verdiskalaen). På to verdiar skil dei to informantgruppene tydeleg lag. Langt fleire bokmålsinformantar viser ei litt over middels moteinteresse (verdi mellom -1 og 0), medan 25 % av nynorskinformantane gir uttrykk for at motar og merkevarar er heilt uinteressant (verdi 2). Til samanlikning er det ingen frå bokmålsgruppa som stiller seg så likegyldige til dette fenomenet. Gjennomsnittsverdien for nynorskinformantane er 0,82, for bokmålsinformantane ein del lågare, 0,26 i gjennomsnitt.



Figur 5.14 Interesse for motar og merkevarer, gjennomsnitt av 3 variablar, etter målform


5.4. I eit språkleg og sosiokulturelt landskap

I det føregåande har vi sett på samanhengen mellom skriftspråkval og ulike sosiokulturelle variablar på gruppenivå. I denne delen skal vi kikke nærmare på korleis kvar enkelt informant plasserer seg i eit språkleg og sosiokulturelt landskap. Vi vil nok sjå at det er store individuelle skilnader, men kanskje vil det også kome til syne eit mønster eller ein tendens i materialet. Dei ulike dimensjonane vi skal kikke nærmare på, er additive indeksar som viser summen av verdiane på enkeltvariablar. Den første er ein språkleg indeks og viser til bruk av og haldning til dei to målformene. Dei andre tre indeksane tar direkte utgangspunkt i problemformuleringa og er eit forsøk på å operasjonalisere dei tre dimensjonane som er nemnt der: graden av lokal orientering og haldning til heimstaden, urban kontra rural orientering og handling/haldning innafor felt som kan karakteriserast som tradisjonelle eller moderne. Alle dimensjonane (indeksane) har både eit handlings- og eit haldningsaspekt. I

metodekapittelet (delkapittel 4.4) har eg vore inne på korleis desse indeksane er konstruerte, og vedlegg 4 viser ein oversikt over kva spørsmål/variablar som går inn i kvar enkelte indeks og korleis verdiane er koda.

5.4.1 Språkleg indeks

I avsnitt 5.2.8 såg vi at det ikkje nødvendigvis er ein samanheng mellom å velje nynorsk som hovudmål og å bruke nynorsk på andre område. For å få eit betre bilet av den reelle språkbruken har eg slått saman fleire språklege variablar til ein indeks som viser til bruk av nynorsk og bokmål i 4 ulike samanhengar (sjå vedlegg 4). Verdiane langs x-aksen varierer frå -4 (mest bokmål) til +4 (mest nynorsk) og gir eit bilet av bruken av dei to målformene hos kvar enkelt informant. Medan den horisontale aksen måler indeksen for eit bruksaspekt, viser den vertikale aksen til eit haldningsaspekt, bygd på opplysningar om kva målform informanten kjenner seg mest komfortabel med i ulike situasjonar, og kva målform han trur han i størst grad vil nytte i framtida (jf. vedlegg 4).



Figur 5.15 Samanhengen mellom bruk av og haldning til dei to målformene. (Sifferet til høgre for nokre av markørane viser talet på informantar med same skår.)

Langs bruksaksen kan vi merke oss at 4 av dei 24 nynorskinformantane brukar meir bokmål enn dei brukar nynorsk i fleirtalet av situasjonane. 5 av nynorskinformantane plasserer seg på nullpunktet, noko som betyr at bokmål og nynorsk dominerer på like mange bruksområde. Samtidig ser vi at bokmålbruk er dominerande på fleirtalet av områda hos alle dei 25 bokmålsinformantane. Liknande skilnader finn vi i haldningsaspektet. Alle bokmålsinformantane har ei overvekt av positive haldningars til bokmål, medan nærmere halvparten av nynorskinformantane ser ut til å føretrekkje bokmål framfor nynorsk, sjølv om dei altså har valt nynorsk som hovudmål (jf. pkt. 5.2.3).


Det mest påfallande i figuren er kanskje skilnaden i spreininga på nynorsk- og bokmålsinformantane. Medan dei fleste bokmålsinformantane held seg nær regresjonslinja, er nynorskinformantane langt meir spreidde. Det betyr at samanhengen mellom bruk og haldningars er mindre tydeleg hos nynorsk- enn hos bokmålsinformantane. Dette stemmer godt med det eg har vist tidlegare i analysen. Vi har sett at mange nynorskinformantar var usikre på val av hovudmål, og at ein del har valt den målforma dei opplever som mest vanskeleg, enten argumentasjonen er knytt til strategi eller identitet og tilhøyrslle.

Sjølv om det er individuelle variasjonar og eit visst sprik mellom bruk og haldning hos mange informantar, viser figuren eit tydeleg mønster. Uttrykt med Pearsons r har vi ein korrelasjon på 0,866, noko som viser ein sterk positiv samanheng mellom handlings- og haldningsaspektet. I den vidare analysen summerer eg verdiane frå alle desse språklege indikatorane i ein indeks som eg kallar for språkorientering. Med bakgrunn i den sterkt positive samvariasjonen, og ut frå tanken om at dei to dimensjonane utfyller kvarandre, meiner eg dette vil styrke analysen og gje eit meir heilskapleg bilet av korleis språkbrukaren orienterer seg mot bokmål og nynorsk.

5.4.2 Lokal orientering

Den første sosiokulturelle indeksen vi skal kikke nærmare på her, er lokal orientering. Tidlegare i analysen såg vi at det ikkje er nokon tydeleg samanheng mellom val av hovudmål og deltaking i lokalmiljøet, medan haldninga til lokalmiljøet viser ein viss samvariasjon med språkval (jf. pkt. 5.3.6). Ein korrelasjonsanalyse av samanhengen mellom handlings- og haldningsaspektet av denne indeksen, viser at det er ein svak positiv korrelasjon (sjå fig. 1 i

vedlegg 5). Eg har derfor valt å sjå på dei to aspekta, lokal tilhøyrslle og haldning til heimstaden, kvar for seg.




Figur 5.16 Samanhengen mellom språkorienteering og lokal tilhøyrslle

Alle informantane har naturlegvis ei viss tilhøyrslle til det lokale miljøet, dermed er det ingen negative verdiar i denne indikatoren (fig. 5.16). Skåren varierer, avhengig av kor foreldra kjem frå, butid på staden og deltaking i lokale aktivitetar (sjå vedlegg 4). Vi ser at den positive korrelasjonen mellom bruk av målform og lokal tilhøyrslle er svært svak, der Pearsons $r = 0,164$. Dette resultatet samsvarar med det vi såg om samanhengen mellom val av hovudmål og deltaking i lokale felt (jf. 5.3.6.1).

Haldningsindeksen ser derimot ut til å ha ein nokon større samvariasjon med språkindeksen ($r=0,371$), sjølv om korrelasjonen statistisk sett heller ikkje her er sterkt (fig. 5.17). Samanhengen mellom indeksane er ikkje kausal, det er likevel nærliggjande å stille spørsmålet om haldninga til heimstaden har ei større betyding for språkorienteeringa enn det

lokal tilhørsle gjennom erfaring har. Dette spørsmålet vil eg kome tilbake til, blant anna i informantportretta.




Figur 5.17 Samanhengen mellom språkorientering og haldning til heimstaden

Elles ser vi av figuren at det store fleirtalet av ungdommen har ei svært positiv innstilling til heimstaden sin. Moglege verdiar ligg mellom -10 og +14, gjennomsnittskåren er 8,5. Dei tre mest positive informantane, som alle skårar maks, er relativt høgt oppe på den vertikale skalaen, orientert mot nynorsk. Samtidig er den med minst positiv innstilling til heimstaden også ein nynorskinformant, Frøydis, som vi skal bli betre kjent med i kapittel seks. Ho skil seg merkbart ut på fleire av indeksane, og det vil derfor vere spennande å sjå nærmere på kva intensjonar som ligg bak hennar språkorientering.

5.4.3 Urban/rural orientering

Erfaringsaspektet i denne indeksen baserer seg på berre tre spørsmål om kontakt med bymiljø, medan haldningsaspektet har seks ulike indikatorar der by og bygd blir samanlikna. Vi har allereie sett at graden av urban kontakt ser ut til å ha liten innverknad på val av hovudmål blandt informantane mine, medan haldningsaspektet har ein viss samvariasjon med språkval (jf. pkt. 5.3.7). Sidan erfaringsaspektet har få indikatorar og det er ein middels sterkt positiv korrelasjon ($r=0,416$) mellom erfarings- og haldningsaspektet (sjå figur 2, vedlegg 5), har eg likevel valt å slå saman dei to dimensjonane når vi ser nærmare på samanhengen mellom språkorienteering og urban/rural orientering.




Figur 5.20 Samanhengen mellom språkorienteering og rural/urbanorientering

Som vi har sett, er ungdommen i Indre-Agder i stor grad ruralt orienterte, også på det mentale planet. Dei fleste ser fleire fordelar enn ulemper ved å bu på landsbygda samanlikna med ein større tettstad/by. Gjennomsnittsverdien på den horisontale aksen ligg på 6,3. Det betyr at dei fleste nynorskorienterte er meir enn gjennomsnittleg ruralt orienterte. Samtidig kan vi legge merke til at det også er mange *pro bokmål-informantar* som er sterkt ruralt orienterte. Målt med Pearson r er korrelasjonen mellom språkorienteering og rural/urban orientering 0,369.

5.4.4 Tradisjonell orientering

Som nemnt i metodekapitlet enda eg opp med fem indikatorar som eg meiner kan vere med på å plassere informantane langs ein verdiskala på dikotomien moderne-tradisjonell. Dei to første indikatorane handlar om gardsdrift, medan dei tre andre går på forholdet til motar og merkevarer. To av indikatorane er erfarings-/handlingsbaserte, medan dei tre siste har eit haldningsaspekt (sjå vedlegg 4).



Figur 5.21 Samanhengen mellom språkorientering og tradisjonsorientering

Samanlikna med dei andre indeksane vi har sett på i denne analysen, er det samanhengen mellom tradisjonell orientering og språkorientering som viser den sterkeste korrelasjonen, med ein positiv korrelasjon på $r=0,424$. Reduksjonslinja viser mindre spreiing på informantane, og «avvikarane» er mindre tydelege. Mest rett blir det nok å seie at dei fleste informantane har flytta seg mot venstre, til verdiar som er mindre knytt til bygda. Det kan tyde på at ungdommar som har ei sterk lokal forankring og ser positivt på å bu på landsbygda, kan vere opptatt av motar og merkevarer, og ikkje nødvendigvis har erfaring med eller draumar om gardsdrift.

5.4.5 Samanhengen mellom livsorientering og skriftspråk

Dei sosiokulturelle indeksane vi har sett nærmare på her, uttrykkjer ulike dimensjonar som har med identitet og identifikasjon å gjere. Alle dimensjonane har både eit handlings- og eit haldningsaspekt, og til saman fortel dei noko om korleis den enkelte ungdommen plasserer seg i eit sosiokulturelt rom. Sjølv om det er individuelle variasjonar, er det ein positiv korrelasjon mellom alle desse indeksane. Det betyr at dei på gruppenivå trekkjer i den same retninga. I det siste diagrammet (fig. 5.22) slår eg saman dei sosiokulturelle indeksane i ein samleindeks som eg kallar for livsorientering og ser på samanhengen mellom denne og språkindeksen.




Fig. 5.22 Samanhengen mellom språkorientering og livsorientering

Eit kvart menneske er prega av det samfunnet det er ein del av. Lokalsamfunnet har sterk påverknad på dei fleste, og kanskje meir på barn og ungdom enn dei som er eldre og gjerne har eit større mangfald av erfaringar. Alle informantane mine kjem frå små bygdemiljø, og på mange livsområde er det bygda som er referanseramma deira, til trass for at vi med få tastetrykk kan få heile verda inn i stova. Det er derfor som forventa at ungdommen som er med i denne undersøkinga, i større grad er orienterte mot det rurale og tradisjonelle enn mot det urbane. I diagrammet over (figur 5.22) kryssar den vertikale aksen ved gjennomsnittsverdien (24,69) på den horisontale aksen. Figuren illustrerer dermed betre korleis kvar enkelt informant plasserer seg innafor den populasjonen som er undersøkt her. Språkaksen blir kryssa ved nullpunktet, som viser til ein slags språkleg nøytralitet, sjølv om gjennomsnittsverdien er -3,79. Det tydeleggjer at fleirtalet av desse elevane, med nynorsk som opplæringsmål i barneskulen, orienterer seg i større grad mot bokmål.

Kva fortel så figuren om samanhengen mellom skriftspråk og sosiokulturell orientering? Analysen viser at korrelasjonen målt med Pearsons $r=0,476$. Dette fortel oss at på gruppenivå viser resultatet ein middels sterk positiv korrelasjon mellom skriftspråk og livsorientering. Det betyr at det er meir sannsynleg at ein ungdom som er språkleg orientert mot nynorsk, samtidig er meir orienterte mot det lokale, rurale og tradisjonelle enn ungdom som orienterer seg mot bokmål som skriftspråk. Samtidig ser vi at ein del ungdommar som er lokalt og tradisjonelt orienterte, er pro bokmål i språkorientering. Tendensen er med andre ord ikkje eintydig. Den mest påfallande i framstillinga er fråveret av meir urbant orienterte ungdommar som er sterkt pro nynorske. Vi ser elles at bokmålsinformantane (ut frå val av hovudmål) ser ut til å vere noko meir samla i det språklege og sosiokulturelle landskapet, medan nynorskinformantane spreier seg meir, både langs den språklege og sosiokulturelle aksene (jf. pkt. 5.4.1).


I alle dei tre sosiokulturelle indeksane har haldningsaspektet ein større korrelasjon med språkorientering enn handling- og erfaringsaspektet. Det kan tyde på at haldningsaspektet er meir avgjerande eller styrande for skriftspråkleg åtferd. Samtidig er det viktig å understreke at samvariasjonen viser eit mønster, men ikkje nødvendigvis står i eit årsak-verknad forhold til kvarandre. Svært mange faktorar, som på gruppenivå trekkjer i same retning, er brukt som indikatorar. Det ser ut til at jo fleire indikatorar, jo meir samvariasjon på gruppenivå. På individnivå ser vi likevel eksempel på store variasjonar og enkelte tydelege avvik. Dette viser at samanhengen mellom skriftspråk og identitet/livsorientering er svært samansett, slik det alltid er når det ligg menneskelege intensjonar bak det som skjer. Eit kvalitatativt forskingsintervju er eit verktøy for å kunne sjå nærare på kva for intensjonar som kan ligge

bak den enkeltes språkval. I neste kapittel skal vi ved hjelp av fem ulike informantportrett kome nærmare inn på kva som er med på å styre den språklege åtferda. Dei fem informantane er valt ut frå at dei plasserer seg svært ulikt i det språklege og sosiokulturelle landskapet. Medan tre av informantane, Kristian, Eirik og Rebekka, meir eller mindre følgjer mønsteret, skil dei to andre, Ole og Frøydis, seg ut ved å avvike sterkt frå dette (sjå fig.5.22).

6 INFORMANTPORTRETT

6.0 Innleiing


I det førre kapittelet såg vi nærmere på dei meir overordna mønstera i materialet. Her skal vi ha fokus på den enkelte språkbrukaren. Dei fem informantane plasserer seg, som nemnt, svært ulikt langs den språklege og sosiokulturelle aksen (jf. fig. 5.22). Tanken bak akkurat dette utvalet er at dei, i tillegg til å vere interessante som enkeltindivid, skal representera ulike typar, både når det gjeld språkbruk og livsorientering. Ved å kome tettare inn på språkbrukaren kan ein få større innsikt i kva som motiverer ulike språkhandlingar og –haldningar. Eg vil likevel alt nå understreke at dei fem informantane er *eksempel* på korleis ungdom tenkjer og handlar i forhold til språkval, og at ein ikkje kan generalisere eller trekke bastante slutningar på bakgrunn av desse intervjuja.



Figur 6.1: Bruk av og innstilling til bokmål og nynorsk i ulike samanhengar

Den grafiske framstillinga over er basert på svara i spørjeundersøkinga. Tre av dei fem informantane har valt nynorsk som hovudmål, dei to siste har bokmål. Kristian er den som har høgst nynorskindeks av alle dei 49 informantane, medan Ole og Rebekka ligg i motsett ende av skalaen, saman med mange andre med omtrent same skår. Eirik er nærmast "nøytral" i si språkorientering, der nynorsk og bokmål blir føretrekte på like mange område. Nå er det ikkje nødvendigvis slik at alle område er like sentrale, og mange vil nok også hevde at språkleg nøytralitet neppe eksisterer i praksis. Elles er det interessant å leggje merke til at Eirik meiner

nynorsk er den målforma som er mest naturleg for han, samtidig som han brukar mest bokmål på lengre tekster utanom skulearbeid. Frøydis ligg nokså nær Eirik på den språklege aksen, men bokmål er fråverande som den mest føretrekte målforma på dei ulike områda som det er spurt om i spørjeundersøkinga (fig.6.1).



Figur 6.2 Skår på fem ulike sosiokulturelle indeksar

Figuren over viser korleis dei fem informantane skårar på dei sosiokulturelle indeksane. I figuren ser vi eit mønster ved at informantane som skårar høgt i ein kategori, også skårar høgt i dei andre kategoriane, og vice versa, men nokre unntak finn vi. Sjølv om verdiane er talfesta, er det viktig å presisere at dei ikkje representerer eksakte storleikar her, men viser til større eller mindre gradar på skalaen, slik at informantane kan samanliknast med kvarandre. Det mest tydelege avviket i mønsteret finn vi hos Frøydis, som er lite lokalt og ruralt orientert, men samtidig har høg verdi på tradisjonsskalaen. Slik er ho eit eksempel på at urbant orienterte også kan velje tradisjonelle verdiar, her operasjonalisert gjennom gardstilknyting, motar og merkevarar (jf. pkt. 4.4.2.9).

6.1 To gutar med sterke røter til heimstaden

Kristian og Ole er begge svært knytte til heimstaden og ruralt orienterte. På spørjeundersøkinga skårar dei nokså likt på dei fem sosiokulturelle indeksane (jf. fig. 6.2), men skriftspråkleg ligg dei på kvar sin ende av skalaen (jf. fig. 6.1 og 5.22). Kristian har valt nynorsk som hovudmål, og brukar mest nynorsk i dei fleste samanhengar. Ole skifta over til bokmål då han starta vidaregåande opplæring og brukar nesten berre bokmål. Det er derfor interessant å samanlikne desse gutane og sjå nærmere på kva intensjonar som kan ligge bak dei to ulike språkvala.

6.1.1 Kristian

Kristian har, med unntak av dei to første leveåra, budd i heimbygda si heile livet. Begge foreldra kjem frå bygda, og han har også besteforeldre der. Han bur saman med foreldre og søsken på ein gard eit godt stykke unna sentrum, men gardsdrifta er mest på hobbybasis, og utan produksjonsdyr. Sjølv kunne han absolutt ha tenkt seg å drive gard ein gong i framtida, "[...] hadde det bare vore økonomi i det". Som gardsgut med positiv innstilling til gardbrukaryrket, representerer han fleirtalet blant denne gruppa informantar ved at han nyttar nynorsk som hovudmål (jf. pkt. 5.3.4).

Kristian går første året på eit yrkesfagleg programområde og vil ta fagbrev innafor bygg- og anleggbransjen, deretter teknisk fagskule. Han tykkjer det er viktig med utdanning, men som han sjølv seier: "Alt med måte". I staden for å ta ei lang, teoretisk utdanning ønskjer han heller å utvikle seg ved å delta på ulike etterutdanningskurs på fritida. Begge foreldra har høgare utdanning, og dei har både studert og jobba i ulike byar før dei bygde hus og slo seg ned på garden til Kristians bestefar. Sjølv ønskjer Kristian å gå på skule i ein av dei nærmeste byane.

Ingunn: kvifor har du ikkje lyst til å reise lenger bort for å gå på skule?
Kristian: nei i allfall = per i dag så er det enklaste å koma seg til Kristiansand eller Stavanger = det er greiast sånn = pendleavstand =e= ja for å koma heim i helgene å = fortsatt = høyra høyra til messom i heimbygda og sånn

Gjennom heile intervjuet uttrykkjer Kristian ei sterk tilhørysle til heimstaden sin, og han kan tenkje seg eit yrke som gjer det mogleg for han å halde fram med å bu i bygda. Han tykkjer den største fordelen ved å bu på ein liten stad er at det er lett å bli kjent med andre, og at det er

mykje boltre plass når ein bur på gard og har naturen tett innpå seg. Eg meiner at mange ungdommar frå dei indre bygdene i Agder, særleg gutar, utviklar ei sterk tilhøyrslle til heimstaden sin gjennom jakt- og friluftsaktivitetar. Dette gjeld spesielt Eiken, Åseral og bygdene i Setesdal, som alle har store heievudder knytte til gardane i bygda. Snøscooterkjøring, som i desse miljøa blir sett på som både ein motorsport og ein friluftsaktivitet, står i ei særstilling her. Gutar på 18-20 år kører gjerne rundt i bilar til 20 000 kroner, men har snøscootrarar som kostar 120 000. Også Kristian gir uttrykk for at snøscootermiljøet er viktig for fellesskapet blant dei yngre. I bygda kan det vere tendensar til små grupperingar, både ut frå alder og interesse, men på heia er det eit veldig inkluderande miljø, meiner han og kallar heia for "ein svær fellesarena for bygda, der alle kan vere saman og gå (les: køyre) på besøk til kvarandre på hyttene."

Sjølv om Kristian gir uttrykk for positive haldningar til heimbygda si og trivst svært godt der, meiner han at bygdemiljøet kan vere litt "smalspora" og at konformitetskravet er sterkt. Når han i spørjeskjemaet kryssa av for at han berre var delvis einig i at heimbygda var ein god stad å vekse opp, var det dette og bygdesladderen han hadde i tankane.

Kristian identifiserer seg i sterk grad med bygdeungdom og nemner fleire gonger at folk frå byane kan opptre nokså arrogant og nedlatande. Bortsett frå vennefamiliar som har halde kontakten frå tida i byen der dei budde før, er han lite saman med ungdom frå bymiljø. Samtidig understrekar han at han likar å bli kjent med nye folk og at det er mennesketypen, ikkje geografisk bakgrunn, som er avgjerande for kven han tar kontakt med. Likevel kjem han stadig tilbake til generaliseringar karakteristikk av "byassane", som han kallar dei. Han trur personar frå byane gjerne opplever folk på landsbygda som litt sære og rare, og meiner at nynorskbruken er med på å forsterke dette inntrykket fordi nynorsk også representerer eit avvik frå den vanlege norma.

I forlenging av temaet rundt by- og bygdeungdom kjem vi inn på kva som kjenneteiknar eit moderne menneske og korleis Kristian ser på seg sjølv i den samanheng.

- | | |
|-----------|---|
| Ingunn: | kva legg du i å vere eit moderne menneske? |
| Kristian: | nei det = det er eigentleg å vera som du føler for å messom = gjer det du føler for sånn = men ikkje heilt at det blir heilt sånn over stokk og stein og = vere -- ja gjera det du har lyst til bare -- |
| Ingunn: | så det å gjere som du har lyst til det er moderne? |
| Kristian: | ja følgje draumen din messom |
| Ingunn: | OK == kan du forklare det noko meir? |
| Kristian | nei bar- messom ikkje bry deg om kva andre meiner for det er messom -- det er den derre janteloven = den er jo sterk her i Noreg og landet generelt = det |

er messom ikkje = ikkje tru at du er noe og alt det derre = og d et er jo med på å binde folk veldig = så = sånn at dei ikkje får vore seg sjølve og gjort det dei eigentleg har lyst til = det kan fort vera at dei føle seg bunden av fleirtalet = at dei er redde for å bli sett på som noen snålingar og særingar

Ut frå denne definisjonen, som passar godt inn i Giddens posttradisjonelle samfunn der val og refleksivitet har erstatta tradisjonen (jf. pkt. 3.3.2), ser Kristian på seg sjølv som eit moderne menneske. Moteklede og merkevarer bryr han seg derimot lite om.

Når eg ber Kristian om å skildre dialekten sin, fortel han at han stadig får høyre at han snakkar gammaldags og "[...] preike just som bestefar, bestemor eller oldermor". Sjølv om han oppfattar at slike kommentarar ikkje nett er meint som kompliment, gir han uttrykk for ikkje å bry seg om det, enten det kjem frå sambygdingar eller frå ungdom frå andre stader.

Kristian: eg ser ikkje på det som gammaldags = eg ser det på = eg ser på det som eit varemerke messom = du vise kor du kjem frå berre ved å preika
Ingunn: hm = og du vil gjerne vise at du er frå [denne bygda]?
Kristian: ja =e= det vil eg
Ingunn: kvifor det?
Kristian = = eller = ja eg vil vil ha ha eit særpreg = det er messom = det er berre sånn eg vil ha det = eg vil ikkje = eg vil ikkje følgje straumen og leggja om på grunn av at alle dei andre legg om

Kristian meiner det er stor samanheng mellom dialektbruk og nynorsk ved at dei som skriv nynorsk held meir på dialekten sin. Han tykkjer nynorsk passar best til talemålet i bygda, og presiserer at det i allfall samsvarar best med måten han snakkar på og dei orda han brukar. Når eg spør kvifor han, ifølgje spørjeundersøkinga, ikkje var heilt sikker på at han skulle velje nynorsk som hovudmål dette året, veit han ikkje heilt kva han skal svare. Han trur han må ha kryssa slik fordi det kan vere litt upraktisk å skrive nynorsk når dei fleste av lærarane brukar bokmål i undervisninga. Samtidig fortel han at ein av programfaglærarane faktisk brukar nynorsk, sjølv om han "knotar" litt når han skriv, både bevisst og ubevisst, trur Kristian. Han meiner at denne tilpassinga er grunnen til at læraren får få negative kommentarar på at han brukar nynorsk, noko Kristian sjølv enkelte gonger har opplevd frå medelevar som ikkje har hatt nynorsk som opplæringsmål.

Ingunn: kva er det som er negativt med nynorsk i deira auge då?
Kristian: nei det er messom så mange rare ord = og det skal eg jo vera einig i at det er men = det er messom –
Ingunn: rare = på kva måte då?
Kristian: gammaldagse eller sånn
Ingunn: ser du på nynorsk som gammaldags?

Kristian: nei eigentleg ikkje men = = på på ein måte òg = det er jo det som har vore lengst i landet eller det er det som eg forbind med norsk iallfall = så det er = det eg ser på som = best = eller sånn = det er det eg vil bruke iallfall

Sjølv om Kristian tidlegare har gitt uttrykk for at nynorsk er den målforma som ligg nærest talemålet han brukar, treng ein ikkje tolke utsegna om "rare ord" som sjølvmotseiande eller ei avsløring av meir skjulte haldningars til nynorsken. Kanskje meiner han at nynorsk har ein del uvanlege ord, men at han likevel tykkjer denne målforma er nærmere talemålet hans enn det bokmål er. Det kan også vere eit uttrykk for at han faktisk ønskjer å markere seg ved å bruke ord som av andre blir oppfatta som "rare" og "gammaldagse", fordi han ikkje vil "følgje straumen".

Kristian seier han er positiv til at vi har to skriftlege målformer, for det første fordi det tar vare på mangfaldet og gir den enkelte rom for å velje den målforma som kjennest mest naturleg. Obligatorisk opplæring i nynorsk meiner han dessutan at gjer det lettare for alle å forstå dei mange ulike dialektane vi har i landet. Når eg spør korleis foreldra praktiserer og ser på nynorsk som skriftspråk, svarar han at dei brukar mest nynorsk i lokalmiljøet, men at det elles varierer litt avhengig av situasjonen. Han trur likevel at foreldra meiner det er viktig å halde på nynorsken og ikkje la seg påverke av fleirtalet.

I løpet av intervjuet kjem Kristian ofte inn på kor viktig det er å halde fast på sitt eige. Slik eg opplever og tolkar Kristian, står hans eigne verdiar og veremåte ofte i opposisjon til det han meiner folk frå byane representerer. Han grunngir val av nynorsk med at denne målforma kjennest mest naturleg og ligg nærmast dialekten hans. Samtidig kan det vere nærliggjande å tolke inn ein viss bygdepatriotisme som ein underliggende intensjon for både dialektbruk og skriftspråkval. Det er dette fenomenet Vikør (1997) er inne på når han snakkar om bygdepatriotisme som drivkraft til å halde nynorsken levande som skriftspråk (jf. s. 38).

6.1.2 Ole

Ole kjem frå same bygd som Kristian og har budd der sidan han var nyfødd. Mora er frå bygda, medan faren er innflyttar og har vakse opp i ein av sørlandsbyane. Også foreldra til Ole har bygd hus på garden til besteforeldra, men dei har ikkje ansvar for gardsdrifta. Ole ser ikkje bort frå at han kan få lyst til å drive gard sjølv ein gong i framtida, men viser likevel ei noko meir lunken haldning til dette enn Kristian gjer. Førebels går han andre året på

studiespesialisering, og han har planar om å ta ei høgare utdanning etterpå, kanskje innafor teknologiske fag. Ingen av foreldra har høgskule- eller universitetsutdanning. Sjølv meiner han at ei lang og god utdanning er den beste inngangsbilletten til ein interessant og godt betalt jobb. På dette punktet bryt han dermed med den dominerande trenden i bygda, der eit stort fleirtal av gutane går yrkesfagleg utdanning, tar fagbrev, gjerne innafor eit handverkarykke, og kjem seg raskt ut i arbeid.

Ole gir uttrykk for å vere svært knytt til heimstaden sin. Han tykkjer det er veldig viktig å få seg eit yrke som gjer det mogleg å bu i bygda, helst i nærleiken av barndomsheimen. Denne sterke tilknytinga til heimegarden forklarar han sjølv med at han har budd nokså avsides med få leikekameratar i nærleiken. Dermed har han brukt mykje tid ute i skog og hei, åleine eller saman med bestefaren. Ole brukar framleis naturen i lokalmiljøet til fiske og ulike tur- og friluftsaktivitetar, og gjennom både ordbruk og tonefall bekreftar han at dette er svært viktig for han:

Ole: det betyr veldig veldig mye = på vinteren spesielt [...] så eg har jo bare scooteren ståande rett utanfor på plenen = så bare køyre eg rett opp på heia = og inn til [...] = då føler eg liksom - - eg har jo løyve opp til [...] så eg køyre ikkje ulovlig nei (latter) då då føle eg messom at då = DRRR = frihetsfølelse = eg føler eg høyre heime der [...]

Ole har nett fått sertifikat og kjøpt seg bil. I motsetning til mange andre gutter i denne alderen har han ikkje kjøpt seg nokon typisk rånebil, men heller tenkt meir praktisk i forhold til dei behova han har. "Den spinn på vinteren, men ikkje på sommaren", småler han og fortel at bilen ikkje er viktig for han på *den* måten, og underforstått ligg kanskje at han ikkje identifiserer seg med dei typiske rånegutane som kjører BMW og kan spinne opp fleire sett med dekk i løpet av ei helg.

Bortsett frå slektingar har Ole svært lite kontakt med ungdom frå bymiljø. Han fortel at dei beste vennene er frå bygda, men at han også har mykje kontakt med ungdom frå nabobygdene på fritida. Mange frivillige organisasjonar samarbeider på tvers av bygde- og kommunegrensene, Hægebostad og Audnedal kommune har interkommunal ungdomsskule, og på dei to vidaregåande skulene i regionen møtest ein stor prosent av ungdommen frå indre bygder. Desse faktorane fører til at barn og ungdom i regionen blir kjent med kvarandre relativt tidleg. Dei får eit breiare aktivitetstilbod og eit større sosialt nettverk, og dette utvida fellesskapet trur eg er med på å gje innbyggjarane ein regional identitet. Eit styrka fellesskap og ein sterkare regional identitet kan på mange område gjere miljøet og personane der meir

motstandsdyktige for påverknad utanfrå, og då særleg kystbyane med Kristiansand i spissen.

Stort sett brukar Ole feriane sine i heimbygda. Økonomien set grenser for reising, og sommaren blir brukt til jobbing for å skaffe seg pengar. Elles seier han at han trivst godt med å vere i bygda i feriane, fordi det er mye å finne på saman med venner her. Sjølv om Ole gir uttrykk for å ha relativt lite erfaring og nettverk utanfor indre bygder, opplever eg han som ein open person som det er lett å kome i kontakt med. Eg spør korleis han likar å bli kjent med nye folk frå andre stader.

- Ole: ja eg tykkjer det er litt gøy eg på grunn av at eg ikkje er så veldig beskjeden av meg men =e= det blir mest sånn at viss ein reise ein gjeng med [...dølar] til ein annan plass der ein er ukjente så bli ein som ein eigen gjeng for seg sjølv = det er ikkje så mange som tor å stikke seg ut = eg pleier bare å gå bort å helsa på folk og sånn men =e= dei fleste bare sit og sånn og = ikkje tor å preike med andre
- Ingunn: er [...dølen] verre enn folk flest? (latter)
- Ole: =e= ja kanskje litt inngrødd litt sånn = dei preike jo om mye innavl i bygda og sånn (latter) ikkje veit eg men = men han er kanskje litt inngrødd i sjølve bygda

Her tar Ole eit noko anna perspektiv og ser ungdommen og folk i bygda med litt meir avstand i blikket, og han nyttar 3. person i staden for 1. person. Dette tykkjer eg er interessant, fordi det kan vere eit signal om at identifikasjonen til heimbygda og miljøet der ikkje er like sterkt på alle område. Som vi seinare skal sjå, kan han også oppfattast noko tvitydig når vi snakkar om dialekt og målform.

Når eg spør kva Ole legg i å vere eit moderne menneske, kjem han raskt opp med omgrepene teknologi og nemner bruk av datateknologi, moderne bilar og nettkjøp som eksempel før han avbryt seg sjølv: "Det er kanskje det eg tenkjer på først, men eg veit at du hintar til språket." Dette sitatet er eit godt eksempel på korleis intervjuobjekta ofte forsøker å tilpasse seg situasjonen og gje dei svara som dei trur blir forventa. Etter eit kort forsøk på å overtyde han om at eg helst er på leit etter kva *han* tenkjer, kjem han inn på at ulike meningar, haldningar og verdiar også kan vere meir eller mindre moderne, og nemner i den samanheng multikulturalisme og haldningar til innvandrarar. Her får eg inntrykk av at han blir dradd litt mellom det som er politisk korrekt og det han eigentleg meiner. Når eg spør om han ser på seg sjølv som eit moderne menneske, blir han noko usikker på kvar han vil plassere seg, men han uttrykkjer at han kanskje er "sånn midt på treet".

Samanlikna med dialekten til Kristian, opplever eg Oles talemål noko meir modifisert, spesielt i morfologien har han mindre av dei tradisjonelle (eldre) formene.

- Ingunn: korleis ser du på din eigen dialekt?
 Ole: = e= ja det var det =e= eg vil jo helst preika [bygdedialekten] = e = det er jo det som liksom- eg kje- stamme jo frå [bygda] og bu i [bygda] og vil ha den dialekten som bestefar hadde og alt sånn =e= men det er vanskeleg òg for du går på skulen med alle slags andre folk =eg la meg eigentleg ikkje påverka noko særleg men = men du har jo - - e pappa kjem frå [ein sørlandsk småby] og mamma frå [bygda] = det var messom litt sånn blanding opp igjennom og då blei det liksom kanskje litt finare enn [bygdedialekten] eg har kanskje ikkje dei verste uttrykka og sånn
 Ingunn: verste?
 Ole: (latter) ok dei mest [typiske] uttrykka = men eg har jo = har jo lyst til å preika så [...dølsk] som muleg [...] eg er jo [...døl], men kanskje [ei] meirnymoderne [utgåve]

Ole gir fleire eksempel på endingar som han etter tradisjonen "burde bruke" (hans uttrykk), for eksempel skilje mellom sterke og svake hokjønnsord i bunden form eintal, men konkluderer sjølv med at så lenge han held fast på a-endinga (verb i infinitiv og svake hokjønnsord i ubunden form eintal (jf. pkt. 2.4.1), så er han innafor akseptabel dialektbruk. Han fortel at nokre ungdommar i bygda har begynt å bruke e-ending, og det tykkjer han er dumt, fordi det er eit tydeleg skilje som er viktig å halde på. Måten Ole formulerer seg på her, kan tyde på at han i prinsippet støttar opp om den utbreidde norske dialektideologien der talemålet er sterkt knytt til identitet og genuinitet, og noko ein er moralsk forplikta til å ta vare på. Samtidig brukar han uttrykket "verste" om dei mest særegne dialektorda og bøyingsformene, og viser dermed ei noko tvitydig haldning. Det er vanskeleg å avgjere om dette spraket er eit resultat av å ytre politisk korrekte haldningar, særleg i samtale med eit språkmenneske, eller om han kanskje er litt ambivalent her, dradd mellom prinsipp og praksis.

På spørsmålet om korleis han trur andre ser på dialekten hans, fortel han at i byen kallar nokon han for "bondeknøl" og seier at det er vanskeleg å forstå talemålet hans, og at han derfor av og til må "oversetje". Samtidig som han gir uttrykk for ikkje å bry seg om karakteristiken "bondeknøl", verkar han noko provosert av at dei ikkje forstår kva han seier, fordi han trur dette handlar meir om haldningar enn om reell språkforståing. "Det er jo ikkje så forskjellig, det er ikkje så mange ord som er vanskelege", meiner han.

Ole skriv bokmål i alle samanhengar med unntak av sidemålsoppgåver på skulen og tekstmeldingar, der han brukar dialekt. Fleire gonger grunngir han dette valet ut frå at bokmål er mest utbreidd og at det er den målforma dei fleste forstår.

- Ole: [...] og eg vil liksom ikkje = eg tenkjer eg treng ikkje å gjera det verre enn det er med å skriva språk som kanskje = folk frå andre land og folk med därlege språkkunnskapar ikkje forstår = det er kanskje vanskelegare å forstå nynorsk enn bokmål for folk som

har utanlandsk bakgrunn så eg skriv berre bokmål fordi det føler eg er lettast å forstå og det er lettast å skrive òg = for min del iallfall

Her uttrykkjer Ole i stor grad vilje til å tilpasse seg omgjevnaden, i langt større grad enn ved dialektbruk. Sjølv om han gjentar dette fleirtalsargumentet, forklarar han valet sitt også ut frå eigen skriftspråkleg kompetanse. Norskfaget er eit av favorittfaga til Ole. Han er svært glad i å skrive, særleg innafor skjønnlitterære sjangrar, og det er viktig for han å få gode karakterar i dette faget. Sjølv om han kan vise til flotte resultat både i hovudmål og sidemål, opplever han at det er lettare å skåre høgt på bokmål, fordi rettskrivinga gjerne blir best her. Grammatikken er grei på nynorsk, meiner han, den kan ein pugge seg til, men det er ordtilfanget han tykkjer er vanskeleg. Han bekreftar dermed det som mange har gitt uttrykk for i spørjeundersøkinga.

Ole kjenner godt til bakgrunnen for at vi har to målformer i Noreg og uttrykkjer forståing for nynorskbrukarane sine synspunkt og argument. Når eg spør korleis han opplever nynorsk, får eg likevel inntrykk av at det er eit lite sprik mellom kunnskap og haldninga her, noko som blant anna kjem til uttrykk ved ord som "burde" og "eigentleg".

Ole: [...] du får jo ein følelse av gammalt med ein gong du høyrer nynorsk
men = det er jo = det er jo norsk skriftspråk så du burde jo eigenleg ikkje få det for det
er jo like moderne som bokmål sånn sett = det er jo eit nyare språk enn bokmål òg
kanskje

Ole fortel at far hans er motstandar av at skulen i bygda skal ha nynorsk som opplæringsmål, fordi denne målforma er så lite utbreidd elles, og han irriterte seg over at sonen på barneskulen fekk feil på ord som var rette på bokmål, men altså ikkje var gangbare på nynorsk. Faren brukar sjølv bokmål, og etter kvart som Ole vart eldre, tok også han til å bruke stadig meir bokmål utanfor skulen.

Ingunn:	når tid begynte du å skifte over til å bruke bokmål i dei fleste samanhengar?
Ole:	det var vel eigentleg sånn = femte sjette sjunde når eg begynte å forstå eit grann (latter) heldt eg på å seie
Ingunn:	OK så tidleg ja
Ole:	ja for e= pappa skreiv bokmål = så såg eg på han og så tykte eg det var så mye lettare og så = så skreiv eg det = så fekk eg så mange færre skrivefeil

Ein kamerat fekk likevel overtalt han til å halde fram med nynorsk som hovudmål på ungdomsskulen, ut frå at det var viktig å lære dette språket skikkeleg sidan ein må ha det på vidaregåande skule også. Dette meiner Ole var eit strategisk godt val, fordi bokmål likevel "går av seg sjølv". Når eg spør om farens haldninga har påverka hans eige val av målform i

vidaregåande skule, svarar han følgjande:

- Ole: nei det trur eg ikkje = for = han ville jo ikkje at det skulle vere nynorsk på barneskulen ein gong = eg er glad for at det var [nynorsk] på barneskulen = sjølv om eg ikkje meiner at bokmål - altså eg meiner vi berre burde ha eitt språk = i Noreg men =e=
- Ingunn: og det burde vere bokmål = det kunne ikkje ha vore nynorsk?
- Ole: jau for all del men det er så lite utbreidd at kvifor ikkje ta det som alle forstår heldt eg på å seie
- Ingunn: mm
- Ole = så = ja= så derfor vil eg heller ha bokmål

Sjølv om Ole er glad for nynorskbakgrunnen sin, er det tydeleg at han deler synspunkt med faren på korleis skriftspråksituasjonen eigentleg burde vere. I kva grad farens synspunkt og haldninga har påverka sonen, er sjølvsagt vanskeleg å fastslå.

6.1.3 Samanlikning av Kristian og Ole

Etter intervjuet med Kristian og Ole har eg fått eit meir nyansert syn på kva og korleis dei tenkjer i forhold til dialekt og skriftspråk enn det eg fekk gjennom spørjeskjema, og nokre skilnader har eg lyst til å trekke fram her som moglege forklaringar på at dei har plassert seg i kvar sin ende av skriftspråkskalaen.

Dei to gutane ser noko ulikt på samanhengen mellom talemål og skriftspråk. Kristian brukar dialekten som utgangspunkt for å argumentere for eit nynorsk skriftspråk, medan Ole, som også meiner at talemålet hans er nærrare nynorsk enn bokmål, set eit tydeleg skilje mellom bruk av talemålet og det språket han brukar når han les og skriv. Ole meiner her at han ikkje tenkjer på dialekt når han skal formulere seg skriftleg, men at han tenkjer i skriftspråkvendingar. For han blir då bokmål den lettaste målforma å tenkje – og skrive på:

- Ole: når eg les ei bok = ikkje sant = så tenker ikkje eg på dialekt, eg tenker jo det det står = når det står bokmål så tenker jo eg bokmål = og då er det mykje lettare å skrive- så tenker eg bare bokmål og så flyt det som bare det [...]

Både Kristian og Ole er svært knytte til heimstaden, men eg opplever at Kristian i større grad enn Ole har ein bygdeidentitet som er i opposisjon til det og dei som representerer det urbane. Medan Kristian argumenterer sterkt for å skilje seg ut og ta vare på eigne særtrekk, er Ole meir fokusert på tilpassing. Ole tar ofte utgangspunkt i fleirtalet og andre når han skal argumentere for skriftspråket sitt, og ein viss grad av akkommodasjon til fleirtalet viser seg

også i talemålet hans. Eg har inntrykk av at Kristian brukar både talemålet og skriftspråket til å markere ei tilhørsle til bygdemiljøet, og avstand til det urbane. Ole er svært knytt til heimstaden, og kanskje er sjølve staden meir viktig enn kulturen og verdiane som bygdemiljøet representerer. Dette *kan* vere ei forklaring på at han ikkje har behov for å bruke språket til å markere avstand, kanskje snarare tvert imot, i allfall når det gjeld skriftspråket.

6.2 Urbant orienterte jenter

Rebekka og Frøydis er to av dei informantane som gjennom spørjeskjemaet gir inntrykk av å vere blant dei mest urbant orienterte og som heilt klart ikkje ønskjer å slå seg ned på heimstaden. Medan Rebekka brukar bokmål i dei fleste samanhengar, har Frøydis valt nynorsk som hovudmål, og ho brukar nynorsk også i mange situasjonar utanom skulen.. Sjølv om dei skårar nokså likt totalt sett på dei sosiokulturelle variablane (sjå fig. 5.22 og 6.2), er det stor skilnad på korleis dei har svart, og før intervjuet har eg ei oppfatning av at språkvalet er styrt av svært ulike faktorar.

6.2.1 Rebekka

Rebekka kjem frå ein akademisk familie og går første året på studiespesialisering. Ho planlegg å ta dei to neste åra ved ein annan skule, og kjem då til å flytte ut av bygda, der ho har budd heile livet sitt. Skulen ho har valt, ligg i ein by, og tilgangen til eit meir urbant miljø har vore ei medverkande årsak til skuleval. Nå bur ho heime hos foreldra, i nærleiken av besteforeldra sine, litt i utkanten av bygda. Mora har vakse opp i bygda, medan faren kjem frå ein liten stad i eit av nabofylka.

Planane til Rebekka er å studere vidare ved ein høgskule eller eit universitet, og ho ser ikkje føre seg at ho kjem til å flytte heim att etter fullført utdanning. Ho er ein av dei få som i spørjeskjemaet svarer at ho ønskjer å slå seg ned i ein by, og i intervjuet grunngir ho dette med at bymiljø har eit større tilbod på dei fleste områda. Sjølv om ho er veldig klar for å flytte ut av bygda nå, gir ho uttrykk for at ho er glad for å ha vakse opp der, at ho trivst og at fritidstilboda har passa godt til hennar behov. Vennene sine har ho stort sett frå bygda og nabobygdene, og mesteparten av nær familie har ho også i nærleiken eller på andre småstader

i nabofylka. I motsetning til Kristian og Ole trivst ikkje Rebekka spesielt godt på heia, og feriane sine vil ho heller bruke i utlandet.

Sjølv om Rebekka alltid har budd i eit lite bygdemiljø og har lite kontakt med byungdommar, er ho samanlikna med dei andre i informantutvalet, relativt urbant orientert. Sjølv seier ho at ho har identiteten sin knytt til landsbygda, men at det kanskje vil forandre seg når ho får meir erfaring med bymiljø. Ho er opptatt av å følgje med i tida, vere moderne og ikkje henge etter.

- Ingunn: er det viktig for deg å vere eit moderne menneske?
Rebekka: mm ja = det er det
Ingunn: på kva måte =e= ønskjer du å vere moderne?
Rebekka: eg ønskjer å vere moderne ved måten eg kler meg på snakkar haldningar kanskje òg = faktisk =e= ja
Ingunn: kva er moderne haldningar?
Rebekka: det er å vere litt =e= vere ganske tolerant på mange ting =e= for eksempel - - det kan jo kanskje vere forskjell på bygd og by= med haldningar = om ein tolererer forskjellige ting
Ingunn: opplever du = byen som meir moderne i haldningar eller er det landsbygda som er mest moderne tenkjer du då?
Rebekka: (latter) eg trur kanskje byen er litt meir moderne
Ingunn (latter) ok då = Korleis opplever du [heimbygda di] = e= toleranse?
Rebekka: =e= kanskje ikkje fullt så mykje toleranse =e= kanskje det er sånn at du skal vere sånn og sånn og går du utanfor det idealet så blir du - - du blir kanskje tolerert men sett litt annleis på = og mens i byane har du meir forskjellige folk og då finn du på ein måte alltid din plass

Både her og fleire andre stader i intervjuet gir Rebekka uttrykk for at ho tykkjer bygda heng etter i utvikling samanlikna med bymiljø. Gjennom tonefall og mimikk viser ho at utsegna "eg trur kanskje byen er litt meir moderne", er ei sterkt underdriving. Sidan ho nemner at måten ein snakkar på er ein del av det å vere meir eller mindre moderne, er det naturleg å spørje om korleis ho ser på dialekten sin:

- Rebekka: min dialekt er vel ganske typisk for der eg kjem frå = e =eg snakkar ikkje veldig breitt men eg snakkar sånn typisk [bygdedialekten] på ein måte =e= [...] men det er jo mange ungdommar som snakkar mykje meir breitt enn det eg gjer = for eg syns det blir litt rart å snakka veldig breitt når eg er så ung (latter) men det er jo mange som gjer det
Ingunn: tenkjer du på = at brei dialekt blir =e= gammal?
Rebekka: ja eg tenkjer eigentleg det = men eg tykkjer dialekten min er veldig fin = eigentleg = det er jo sørlandsk på ein måte og eg er jo stolt over dialekten min men eg merkjer det at når eg kjem ut blant andre = som snakkar litt meir =e= by på ein måte så kan eg faktisk bli litt flau over den for den er jo litt annleis sjølv om eg synst dialekten min er veldig fin = så eg er jo stolt over den men = eg kan merke det at = av og til så- -
Ingunn: kva er det som gjer at du er flau over den?
Rebekka: nei det er jo = kanskje noen ord tonefall =e= eg synst meir sørlandsk meir -- nærmare Kristiansand = eg synst det er faktisk litt finare =e= enn sånn eg snakkar (latter)

Når Rebekka ler litt av det ho seier her, så opplever eg at ho ser noko sjølvmotseiande i sine eigne utsegn, at det er eit sprik mellom det ho meiner er fornuftig og logisk, og dei haldningane og kjenslene ho legg for dagen. Ho er litt usikker på kvifor ho i enkelte situasjonar kan føle seg flau over dialekten sin, men er inne på at det kan ha å gjere med korleis folk utanfrå oppfattar henne når ho snakkar (jf. språk som identitetshandling pkt. 3.2.2). Ho kan likevel aldri hugse å ha fått negative kommentarar på dialekten sin.

Rebekka fortel at på slutten av barneskulen så tykte ho at nynorsk var "teit". Då ho begynte på ungdomsskulen, valte ho bokmål fordi det var "lettare og finare".

- Ingunn: kva er det som gjer bokmål finare?
Rebekka: =e= det er jo litt meir byen og eg tenkjer at byen er litt finare (latter)
Ingunn: og kva meiner du med fint?
Rebekka: nei men liksom - - det er på ein måte måten ein skriv og snakkar på = eg føler nynorsk sånn- - i mitt hovud så er nynorsk litt gammalt og bokmål er litt meir moderne og det blir for meg finare (latter) viss du skjørnar

Også her flirer Rebekka litt småflau over seg sjølv, og kanskje forsterka av det ho trur eg måtte meine om dette. Det er tydeleg at ho brukar språket for å fortelje omgjevnadene kven ho vil vere og kven ho vil identifisere seg med. Samtidig uttrykkjer ho ein viss sympati for nynorsk og tykkjer det er trist viss denne målforma skulle forsvinne, "[...] den er jo ein del av landet vårt, så det at det er obligatorisk [med nynorsk som sidemål], trur eg er berre lurt". Kanskje tyder denne utsegna på at ho likevel identifiserer seg med noko av det ho meiner nynorsken representerer, men det kan sjølv sagt også vere uttrykk for ei meir generell, og politisk korrekt, haldning til å ta vare på det mangfaldet som finst i det norske språket og i språkhistoria vår. Iallfall er ho svært tydeleg på at det er bokmål som er hennar skriftspråk, både nå og i framtida, og at det er denne målforma som er naturleg for henne. På same måte som Ole, ser ho skriftspråket isolert frå talespråket, og sjølv om ho uttrykkjer eit ønske om å ta vare på dialekten sin, så ser ho ikkje noko poeng i at skriftspråket skal spegle talemålet.

6.2.2 Frøydis

I spørjeundersøkinga er det to informantar som skil seg ut ved at dei er kategoriserte som relativt urbane og samtidig nyttar nynorsk i større grad enn bokmål (jf. fig. 5.22). Den eine har utanlandsk bakgrunn og er innflyttar i bygda, den andre er Frøydis som vi skal bli litt

betre kjent med i dette portrettet.

Frøydis går tredje året på studiespesialisering og har budd 17 av dei 18 åra sine i heimbygda. Eitt år har ho budd i utlandet. Begge foreldra er frå heimkommunen, og ho bur med familien i utkanten av bygda, men ikkje på gard. Gardsdrift er heller ikkje noko ho sjølv kan tenkje seg i framtida. Faren har høgare utdanning, mora har gått på vidaregåande skule og har ein kontorjobb. Sjølv har ho planar om å gå på høgskule eller universitet, men ho er usikker på kva retning. Ho tykkjer språk er veldig spennande, og kan kanskje tenkje seg å studere lingvistikk.

Med unntak av musikk- og kulturskulen er Frøydis lite aktiv i organiserte aktivitetar i lokalmiljøet. Ho tykkjer tilbodet er litt snevert på heimstaden, iallfall ut frå sine interesser, som blant anna rettar seg mot musikk, litteratur og språk. Litteraturen og musikken blir ofte ein innfallsport til å lære seg meir om både framande språk, kulturar og eldre mytologi. For å finne nokon å dele interessene sine med, søker ho gjerne kontakt med folk utanfor bygda og frå andre delar av landet, både på nettet og ved å delta på ulike arrangement. Gjennom spørjeundersøkinga og intervjuet får eg inntrykk av at Frøydis er lite knytt til heimstaden og at ho gjerne kunne ha tenkt seg å bu på ein større stad. Ho er glad i å reise, og ho er open for å slå seg ned i utlandet, då helst i ein by.

Frøydis gir uttrykk for å vere lite opptatt av å følgje trendar. For henne er det viktigare å finne fram til kven ein sjølv vil vere og ikkje bli konform. Frøydis er elles opptatt av ikkje å setje folk i bås eller la fordommane styre inntrykka ein får av personar. Dette nemner ho først med utgangspunkt i kvinnas stilling i samfunnet, men også i tilknyting til dialekt:

- | | |
|----------|---|
| Frøydis: | det same med å dømme på dialekten = men det har eg ein tendens til å gjere sjølv |
| Ingunn: | ja ein har (vel --) |
| Frøydis: | (ja) det er derfor eg tenkjer at eg høyrest ut som ein bondeknøl = eg høyrest mindre intelligent ut (latter) |
| Ingunn: | er bønder mindre intelligente= er det det du seier? |
| Frøydis: | nei men man tenkjer liksom sånn på typisk bondeknøl = mindre intelligent = det det er ein sånn stereotype ein har |

Frøydis meiner ho snakkar ein dialekt som er nokså typisk for staden der ho bur, men ikkje så "brei" som ein del andre. Sjølv om ho ikkje vil bli assosiert med verken bønder eller mindre intelligente, meiner ho at ho i liten grad legg om når ho snakkar med folk frå andre stader, og ho vil gjerne halde fram med å bruke dialekten sin. Når eg spør henne om samanhengen

mellan dialekt og skriftspråk, er det ikkje ord- og bøyingsformene ho fokuserer på, men heller klangen i språket. Ho skildrar eigen dialekt med adjektiv som "rund" og "mjuk", og "[...] det er liksom det som gjer at den er mykje meir nynorsk enn bokmål". Nynorsk er eit poetisk språk med runde kantar, medan bokmål er polert og vaska, meir hardt, meiner ho. Kommunen som Frøydis bur i, er språknøytral, og eg lurer på kva for ei skriftmålsform ho tykkjer passar best å bruke i heimbygda si?

Frøydis:	eg ser = eg ser [kommunen] som ein nynorskkommune = sånn sett = det er vel eigentleg det den er òg = fordi vi har det såpass mykje men =e= sånn = e eg klarar ikkje- - eg klarar ikkje å ta det eine framfor det andre= i mitt hovud er begge to norsk = ennå = så det er litt det då
Ingunn:	mm
Frøydis:	men men det er litt liksom sånn at når eg = mailar med = heldt på å seie autoritetspersonar er det automatisk nynorsk uansett kvar dei er ifrå
Ingunn:	åja kvifor det?
Frøydis:	nei eg veit ikkje eg synst det er gøy= dei dei dei må svare på nynorsk er det ikkje noe sånn
Ingunn:	= eh= jo du har krav på å få svar på den målforma du brukar
Frøydis:	så så det er eigentleg litt sånn på pur faen (latter)
Ingunn:	ja så det er litt for å provosere
Frøydis:	ja
Ingunn:	men men kvifor ønskjer du å provosere =e= altså vi snakka i stad om dette å vere i forsvar for minoritetsspråk = føler du at du må forsvare nynorsken
Frøydis:	det trengs jo heldt eg på å seie = så på ein måte så er det det = det andre er eigentleg berre at eg likar å pooke folk for å sjå reaksjonar

Det siste spørsmålet mitt her er nok litt leiande, og det er vanskeleg å fastslå om Frøydis' ønske om provokasjon grunnar i eit slags behov for merksem, på meir generelt grunnlag, eller om ho gjer det for å minne andre om at dei to målformene er likestilte og at det dermed ligg eit meir språkpolitisk motiv bak. Kanskje er det ein kombinasjon av dette, men ordet "ennå" i det første sitatet her, kan tyde på at ho er fokusert på framtida for nynorsken. Elles nemner Frøydis fleire gonger at ho har valt nynorsk som hovudmål blant anna for å skilje seg ut:

Frøydis:	det er liksom - - det er jo ikkje noko gøy å vere lik alle andre = det er aldri gøy så så då – det er såpass få som har nynorsk = så kvifor ikkje = og i og med at eg eigentleg ikkje ser forskjell på dei to så er det like greitt å ha nynorsk
----------	--

Samtidig understrekar ho at ho føler begge språka er like naturlege for henne, noko avhengig av situasjon, og at ho meistrar begge målformene like godt. Men i nokre situasjoner, spesielt innafor skjønnlitteratur, vel ho gjerne nynorsk fordi ho tykkjer dette språket er veldig fint, vel og merke viss det blir skrive korrekt.

6.2.3 Samanlikning av Rebekka og Frøydis

I spørjeundersøkinga peikar Rebekka og Frøydis seg ut som dei mest urbant orienterte, både når det gjeld haldningar og framtidsplanar. Begge bur i utkantstrøk, og dei blir dermed tydelege eksempel på at folk frå utkantane kan vere like urbant innstilte som dei frå sentrum. Rebekka og Frøydis gir uttrykk for at nærleik til heimstaden er uviktig når dei skal velje vidare studiar og yrke. Eg opplever likevel at dei har ei noko ulik innstilling til heimstaden og miljøet der. Rebekka har funne seg godt til rette og er aktiv i miljøet, men gir uttrykk for at bygdemiljøet blir for snevert på sikt. Ho er noko kritisk til dei verdiane og den kulturen som er dominerande i bygda, og vil ut for å oppleve andre og større miljø. Frøydis gir uttrykk for at heimbygda nok kan vere ein fin stad for dei som trivst i små miljø, men tykkjer at aktivitetane som ungdom deltar på, i stor grad handlar om sport, kristendom eller festing. Ho saknar alternative tilbod og personar i lokalmiljøet som ho kan dele interessene sine med, og kanskje er det grunnen til at ho i større grad enn Rebekka har eit kontaktnett utanfor lokalmiljøet. Av dei sosiokulturelle variablane i spørjeundersøkinga er skilnaden størst mellom dei to når det gjeld motar og trendar. Intervjuet forsterkar inntrykket av at Rebekka vil vere "up to date", og for henne representerer bymiljøet det moderne i større grad enn det landsbygda gjer. Frøydis er som nemnt lite opptatt av motar. I staden for å følgje trendar ønskjer ho å skilje seg ut og finne sin eigen stil.

Både Rebekka og Frøydis meistrar godt begge dei skriftlege målformene, og det er ingen ting som tydar på at språkvanskars har vore ein medverkande faktor for val av hovudmål. Synet på nynorsk er likevel nokså ulikt for dei to. I motsetning til Rebekka er det vanskeleg å sjå at Frøydis assosierer nynorskspråket med gamle dagar og landsbygda. For henne har nynorsken ein estetisk verdi, spesielt innafor skjønnlitterære sjangrar, men elles opplever eg at ho ser på dei to målformene som likeverdige, der begge er dugande som skriftspråk. Samtidig er ho tydeleg klar over at nynorsken blir brukt av eit mindretal og av den grunn blir sett på som ei avvikande form. Frøydis spesielle språkinteresse og intensjon om å skilje seg ut frå fleirtalet kan vere ei av årsakene til at ho i så stor grad vel å bruke nynorsk.

For Rebekka kan tilpassing sjå ut til å vere ei viktig drivkraft for språkvalet, ikkje tilpassing til det lokalmiljøet ho er i nå, men tilpassing til det miljøet ho ønskjer å vere ein del av, eit urbant og meir moderne miljø. Sidan nynorsken for henne representerer noko gammalt og umoderne, er det nærliggjande å tru at bokmål, i allfall delvis, blir brukt som ein identitetsmarkør.

6.3 Gjennomsnittet representert ved Eirik

Den siste informanten, Eirik, vart valt ut fordi han plasserte seg nokså nær gjennomsnittet både på den språklege og den sosiokulturelle skalaen. Eirik er elev i første klasse på studiespesialisering. Han har budd på same staden heile livet, faren kjem frå bygda, medan mora er frå ein større by. Dei bur på gard eit stykke unna sentrum, men foreldra driv ikkje garden, og Eirik har heller ikkje noko ønske om gardsdrift seinare i livet. Mora har høgare utdanning, faren har utdanning frå vidaregåande skule og har kontorjobb. Sjølv har han tenkt seg vidare på høgskule eller universitet. Han lurer litt på å ta ingeniørutdanning i Trondheim, men er open for andre retningar også. Han ønskjer å jobbe innafor ei større bedrift, og ser helst føre seg ein jobb i eit bymiljø. Samtidig ser han fordelar ved å bu på ein liten stad, utan at han dermed vil seie at han sjølv kjem til å slå seg ned på landsbygda. Pendling kan vere eit alternativ, viss forholda legg seg til rette for det, meiner han. Eg opplever Eirik som ein fleksibel person som tilpassar seg omgjevnadene, og han gir uttrykk for å kunne trivast i ulike typar miljø, både landlege og meir urbane strøk. Han er glad for å ha vakse opp i bygda si og skryt av eit godt oppvekstmiljø, både på skulen og i fritida. Fritidstilboda er nokre snevre, tykkjer han, spesielt nemner han at det er liten breidde i aktivitetstilbodet innafor idrett.

Dei fleste vennene til Eirik er frå bygda og bygdene rundt, men han har også ein del kontakt med familie og enkelte venner frå andre stader, og nemner både Kristiansand og Haugesund. Eirik likar å bli kjent med nye menneske og tykkjer av den grunn det var gøy å begynne på ny skule. Han er elles veldig glad i å reise, og han synst det er spesielt spennande å reise til land som er veldig forskjellige frå Noreg, land med andre kulturar og tradisjonar. Eg får inntrykk av at Eirik er ein lite stadbunden person, med mykje fokus utover det som finst i lokalmiljøet. Slik sett har han meir til felles med Rebekka og Frøydis enn dei to gutane. Ein skilnad synest likevel nokså klart. Medan Rebekka og Frøydis signaliserer at lokalmiljøet er for lite, og til ein viss grad er noko i opposisjon til den kulturen og dei verdiane ein finn der, er det vanskeleg å spore denne haldninga til heimbygda hos Eirik. Samtidig uttrykkjer han heller ingen store motsetnader mellom by- og bygdeungdom, slik særleg Kristian gjer.

På same måte som Ole knyter Eirik omgrepet moderne til teknologi. Å vere moderne, meiner han, er særleg å utnytte teknologien. Ut frå denne definisjonen ser han på seg sjølv som eit ganske moderne menneske. Eit anna uttrykk for moderne menneske som han nemner, er klesmotar, men dette er han langt mindre opptatt av.

Eirik har ein dialekt som avvik nokså mykje frå det som elles er vanleg i bygda, og meiner

sjølv at det er fordi han har ei mor som er utanfrå. Både behovet for å legitimere at han brukar ein avvikande dialekt og avsnittet under, kan tyde på at det ligg ein viss grad av språkleg-sosial kontroll i miljøet.

- | | |
|---------|---|
| Ingunn: | har du nokon gong fått kommentar på dialekten din = positive eller negative? |
| Eirik: | =e= ja det er noen som kommenterer litt at eg har liksom litt sånn bydialekt sånn av og til sånn som at eg seier <i>ikke</i> = det er noen som kommenterer det av og til |
| Ingunn: | så det er folk herifrå som kommenterer negativt? |
| Eirik: | ja =e= det er ikkje negativt akkurat men liksom komm- le litt av det = men eg har jo ikkje noe imot det eg = eg tar ikkje det så tungt meiner eg korleis vil du beskrive dialekten din? Tykkjer du den er fin? |
| Ingunn: | eg har ikkje noe imot den iallfall (latter) nei=e tenker ikkje så nøyne åssen dialekt om dei er fine eller ikkje = det er helst bare - - ja = noen er grusomme å høyre på (latter) |
| Eirik: | kva er grusomt å høyre på for eksempel? |
| Ingunn: | =e= rogalandsk [...] og så = bærumsk eller noe sånn =e= det er litt for mye korleis det? |
| Eirik: | nei nei det blir litt sånn litt for= litt for femi nesten liksom (latter) = føler eg da |
| (...) | |
| Eirik: | ja = kan eg bare legge til ein ting til på det eg sa i stad= at bærum - - eg føler det bli litt sånn offisielt å snakke sånn = dei snakkar litt sånn offisielt liksom = eg likso- eg snakkar litt meir sånn vanlig bare = sånn avslappa |

I slutten av dette utdraget gir Eirik uttrykk for at det som mange gjerne tenkjer på som ein slags standard, representerer noko han ikkje kan identifisere seg med. I avsnittet under skal vi sjå at han har liknande assosiasjonar når det gjeld bokmål som skriftspråk:

- | | |
|---------|--|
| Eirik: | Egentleg så er eg litt imot å skrive på bokmål for eg synst det er så = liksom noen ord = sånn som hoppet og sånn = eg kan ikkje fordra å skrive såinne ord =eg føler at det er = ja= altfor = ja = bysk |
| Ingunn: | Er det det du meinte då du skreiv =ja at du opplevde bokmål til ein viss grad litt snobbete? |
| Erik: | ja |
| Ingunn | akkurat |
| Eirik: | eg føler det er litt snobbete å snakke - - |
| Ingunn: | ja |
| Eirik: | så derfor = men på den andre sida så synst eg nynorsk til tider kan bli litt sånn = litt gammeldags på ein måte |

På spørsmålet om nynorsk passar for alle eller om han føler at ein som skriv nynorsk må ha spesielle eigenskapar eller ei spesiell gruppetilhørsle, svarar han følgjande: "Åssen du skriv har ikkje så mykje å seie for åssen du er, egentleg". Dette harmonerer til ein viss grad med det inntrykket eg har fått av Eirik gjennom samtalen , at det ikkje betyr så mykje for han kva for ei målform han skriv. Samtidig gir han uttrykk for at han ikkje er komfortabel med å bruke ord og bøyingsformar som ligg fjernt frå talemålet eller kanskje vekkjer assosiasjonar til

bestemte sosiale grupper i samfunnet, enten det er med bøyingsendingar som i ordet *hoppet* på bokmål eller "gammaldagse" ord og uttrykk på nynorsk.

Det noko ambivalente forholdet Eirik har til dei to skriftformene, får meg til å lure på om det ligg praktiske eller strategiske årsaker til grunn for at han har valt nynorsk som hovudmål. I spørjeskjemaet skriv han at han var svært usikker på kva målform han skulle velje dette skuleåret. Sjølv meiner han at han skriv bokmål og nynorsk omtrent like godt, men at det gjerne tar litt tid å kome inn i nynorsk viss han har skrive mykje på bokmål like før. Han fortel at han nok helst valde nynorsk fordi det var det han var vant med, og derfor var mest naturleg å halde fram med. Mange andre i klassen valde nynorsk, men han trur ikkje det har påverka han i særleg grad. Norskkarakterane betyr elles ikkje så mykje for han dette året, sidan dei ikkje har avsluttande vurdering i faget før siste året. Når eg spør om foreldras haldning til dei to målformene, fortel han at mora er positiv til nynorsk, men han er usikker på kva faren eigentleg meiner.

- | | |
|---------|--|
| Ingunn: | har du nokon gong diskutert val av målform med dei [foreldra]? har dei råda deg til noko? |
| Eirik: | =e= eg trur mamma vil at eg skal ta nynorsk men - - |
| Ingunn: | ja fordi at-? |
| Eirik: | (latter) nei fordi ho liker det = vil at ein skal oppretthalde nynorsk |
| Ingunn: | tykkjer du det er viktig = for deg = er det viktig for deg? |
| Eirik: | e=e eg føler at det kanskje er litt viktig at nynorsk fortsatt er eit levande språk
ei levande skriftform men = det er ikkje det som er det viktigaste for meg =
men eg har tenkt på det |
| Ingunn: | men kvifor er det viktig i så tilfelle = viss det er viktig? |
| Eirik: | = e= det er liksom - - det er liksom ein del av Noreg - kulturen og Noreg |

Dette utdraget kan tyde på at Eirik er lært opp til at språk og kultur heng saman, og at nynorsk er ein viktig del av den norske kulturarven som ein bør ta vare på, utan at desse haldningane er særleg djupt forankra i han sjølv. Kanskje har den nemnte støtta til nynorsk som han får frå mora, vore medverkande til at han har landa ned på nynorsk som hovudmål.

Etter intervjuet med Eirik har eg eit inntrykk av at han framleis er litt på leit etter kva målform han kjenner seg mest heime i. Han verkar lite orientert eller bevisst på dei ulike formene ein kan velje mellom i skriftspråka, og som i nokre tilfelle kanskje ville ha gjort at Eirik fann ei form som han var komfortabel med. Kanskje er avstanden til eit "snobbete bokmål" noko større enn til den "litt gammaldagse" nynorsken, eller kanskje er det lettare å halde fram med det kjente enn å bytte over til noko nytt. Dersom eg treff Eirik igjen ein gong i framtida, kjem eg nok til å spørje han om kva målform han då brukar mest.

6.4 Oppsummering av intervjua

Intervjuet stadfestar inntrykket av Rebekka og Frøydis som relativt urbant orienterte, og som representantar for det Skjekkeland (2009) kallar *homo dynamicus* (jf. pkt. 3.6 s. 36). Kristian og Ole vil eg seie representerer gruppa *homo domesticus*. Litt vanskelegare er det å plassere Eirik, men etter samtalet er inntrykket av Eirik som ein "homo dynamicus" forsterka. Han viser positive og sterke relasjonar til det lokale, men samanlikna med dei to andre gutane er han i mykje større grad orientert utover. Han verkar open og nysgjerrig på det som finst i andre miljø og andre kulturar, og er ikkje avhengig av å bu nær heimstaden ved framtidige studiar og yrkesval.

Dersom det hadde vore ein fullstendig positiv korrelasjon mellom skriftmålsorientering og livsstil/livsorientering, ville Rebekka, Eirik og Kristian ha plassert seg langs regresjonslinja i det språklege og sosiokulturelle landskapet (jf. fig. 5.22). Slik er det ikkje, regresjonslinja har ei sterkare dreiling mot bokmål enn det Eirik og Kristian har. Likevel meiner eg at desse tre er tydelege representantar for den tendensen og det mønsteret ein finn i materialet: samanhengen mellom å vere orientert mot nynorsk og å uttrykkje ei tradisjonell og lokalorientert livsverd. Frøydis og Ole er derimot blant dei informantane som plasserer seg lengst borte frå regresjonslinja, og dermed avvik sterkt frå mønsteret og viser ei språkleg åtferd som er annleis enn forventa ut frå denne hypotesen eller tendensen.

Både Kristian og Rebekka brukar språket som tydelege identitetsmarkørar. Rebekka vel bokmål, som for henne signaliserer det moderne og urbane, i motsetning til nynorsken som ho vurderer som "litt gammaldags" og lite framtidsretta. For Kristian representerer nynorsken bygdenoreg og det avvikande. Slik eg tolkar han, brukar han nynorsk nettopp som ei markering av opposisjonen mellom by og bygd og retten til å velje annleis enn fleirtalet.

Eg har tidlegare vore inne på Vikørs seks faktorar for den nynorske identitetten (jf. pkt. 3.7 s. 37 ff.). Dersom ein vurderer dei tre mest nynorskorienterte informantane opp mot desse, er det klare skilnader i kva for faktorar som er meiningskapande for den språklege praksisen hos dei fem informantane. Hos Kristian er det nærliggjande å tolke bygdepatriotisme som forklaringsfaktor for dei språklege handlingane, både når det gjeld dialektbruk og skriftspråk. Han nemner mange gonger at bygdekulturen og verdiane der står i opposisjon til dei meir urbane og dominande straumdraga i samfunnet. Gjennom heimstaddialekten og nynorsken, som han ser på som ein representant for det lokale og rurale, markerer han retten til å vere annleis og fremje andre verdiar enn det som kjenneteiknar storsamfunnet.

Hos Frøydis finn vi også eit tydeleg behov for å skilje seg ut og markere dette gjennom bruk av skriftspråket. Her er det ikkje bygdepatriotismen som er drivkrafta, men nynorsken blir uttrykk for eit personeleg val og ein personleg identitet. Etter Vikørs kategoriinndeling vil Frøydis vere ein representant for *individualisme*. Samtidig kan det verke som Frøydis er opptatt av å sikre nynorsken *felleskulturvern*. Ho ser kvalitetar i sjølve språket og den nynorske litteraturen som er verd å halde levande. Frøydis er genuint interessert i språk, og slik eg oppfattar henne, har ho i større grad ei akademisk tilnærming til norsk skriftspråk enn det ein finn hos dei andre informantane.

Det er mindre tydeleg kva for faktorar som ligg til grunn for Eiriks val av nynorsk, men både *felleskulturvern* og *nasjonalhistorisme* kan nok vere medverkande faktorar. Grunnlaget desse faktorane byggjer på, verkar i liten grad integrerte i han sjølv, noko som kanskje gjer den språklege åtferda mindre motstandsdyktig for påverknad utanfrå. Elles trur eg nynorsk som *dialektuttrykk* også kan ha påverka Eirik i nokon grad, sjølv om han kanskje ikkje finn seg heilt til rette i nokon av skriftmålsformene, der bokmål er for "snobbete" og nynorsk er litt "gammeldags".

Dei to bokmålsorienterte informantane, Ole og Rebekka, uttrykkjer også ein viss sympati for nynorskens verdi som historisk-nasjonal identitet med band tilbake til norrøn tid. Men sjølv om dei, kanskje gjennom skulen, har blitt flaska opp med kultur- og nasjonalhistoriske argument for nynorsken, har ikkje dette vorte avgjerande for deira vidare språkval, her illustrert med følgjande sitat frå Rebekka: "Det er fint at nokon tek vare på nynorsken, berre eg slepp å bruke den sjølv."

Gjennom dei fem informantportretta har eg forsøkt å gi eksempler på intensjonar som ligg bak ulik språkleg praksis, og då først og fremst i valet mellom nynorsk og bokmål. Dei fem personane kan nok representera ulike typar, men eg vil understreke at portretta på ingen måtar verken gir eit fullstendig bilet av røyndommen eller representerer heile spekteret av ulike typar og kategoriar. Kanskje er det meir rett å seie at dei fem informantportretta synleggjer at språkbruk er eit komplekst fenomen som det vil ligge mange og ulike intensjonar bak.

7 SAMANFATNING OG KONKLUDERANDE MERKNADER

I dette siste kapittelet vil eg forsøke å samanfatte dei resultata eg har kome fram til i denne studien. Undervegs i avhandlinga har eg hatt førebelse oppsummeringar etter kvart som dei ulike analysane har blitt presenterte og drøfta. For å unngå for mange gjentakingar her viser eg til oppsummering av argumentasjonen for val av målform i avsnitt 5.1.6, resultata etter den kvantitative analysen av samanhengen mellom skriftspråklege variablar og livsorientering i avsnitt 5.4.5, og til slutt informantportretta og den kvalitative analysen i avsnitt 6.4.5. I det følgjande vil eg gjere ei samanfatning av dei mest sentrale funna og vurdere desse opp mot problemstillingane som er presenterte i kapittel 1. Heilt til slutt vil eg kommentere resultat frå denne studien av samanhengen mellom skriftspråkleg praksis og livsverd samanlikna med avhandlingar om talemål og identitet/livsverd.

7.1 Resultat i høve til problemstillingane

I innleiinga presenterte eg følgjande to problemstillingar:

- I kva grad er det samanheng mellom å halde fram med nynorsk som skriftleg målform og å uttrykkje ei tradisjonell, lokalforankra og rural livsverd?
- Kva for argument brukar ungdom med nynorsk som opplæringsmål i grunnskolen for val av hovudmål i vidaregåande skule?

Den kvantitative analysen av spørjeundersøkinga viser at det er ein moderat positiv korrelasjon mellom å halde fram med å bruke nynorsk som skriftleg målform og å uttrykkje ei tradisjonell, lokalforankra og rural livsverd. Samanhengen er ikkje like tydeleg på alle dei undersøkte sosiokulturelle variablane, og haldningsaspektet viser ein sterkare korrelasjon enn erfaring-/handlingsaspektet. Spesielt tydeleg er dette innafor indeksane lokal tilhørsle og dialekt. Korrelasjonar til skriftspråkleg orientering er relativ svak både når det gjeld deltaking i lokale aktivitetsfelt og eigenrapportert bruk av den lokale dialekten. Ser ein på haldningsaspektet innafor desse to indeksane, viser samanhengen seg derimot å vere langt sterkare. Både haldningar til heimstaden og haldningar til den lokale dialekten viser ein tydeleg samvariasjon ved at informantane som er positive til heimstaden og den lokale

dialekten i større grad orienterer seg mot nynorsk, medan informantar med mindre positive haldningar til heimbygd og lokalt talemål heller orienterer seg mot bokmål.

Sjølv om korrelasjonen mellom språkorientering og livsorientering er tydeleg på gruppenivå, er det store individuelle variasjonar. Resultata viser at fleire informantar som føretrekker bokmål, er både lokalt og ruralt orienterte og dermed uttrykkjer ei meir tradisjonell livsverd. Eksempel på det motsette, urbant orienterte informantar med ei sterk orientering mot nynorsk, er nokså fråverande i materialet mitt, sjølv om to av dei tre informantane med mest urban og minst lokalorientert innstilling, avvik frå mønsteret ved å ha nynorsk som hovudmål. Avvika frå mønsteret tydeleggjer at det er både mange og samansette årsaker som ligg til grunn for val av målform i ulike samanhengar, og at intensjonen bak språkhandlingane vil variere frå person til person. Nokre av desse intensjonane vert synleggjort gjennom den kvalitative analysen av djupintervju med fem av informantane.

Dei fem informantane er valt på eit strategisk grunnlag ved at dei plasserer seg i ulike område i det språklege og sosiokulturelle landskapet ut frå resultata på spørjeundersøkinga (jf. fig. 5.22). Sjølv om framstillinga i kvar enkelt informantportrett må vurderast som *eksempel* på intensjonale språkhandlingar og forholdet mellom språk og livsverd, kan dei fem informantane i nokon grad også tene som representantar for ulike typar. Tre av informantane stadfestar hovudtendensen i den kvantitative analysen, medan dei to andre bryt med mønsteret.

Når resultata på gruppenivå viser positiv korrelasjon mellom å bruke nynorsk som skriftspråk og å uttrykke ein tradisjonsorientert livsstil, kan det tolkast som ei støtte for oppfatninga om nynorsk som representant for det tradisjonelle og rurale. Denne haldninga til nynorsken kjem også fram hos fire av dei fem informantane. Ein av desse, Rebekka, meiner eg klart tar avstand frå målforma fordi ho ikkje ønskjer å identifisere seg med tradisjonelle og rurale verdiar. I den motsette enden av skalaen finn vi Kristian som brukar nynorsk til å markere opposisjonen til byen og det konforme i samfunnet. Frøydis, som er urbant orientert og brukar dei to målformene om lag like mykje, uttrykkjer ei spesiell interesse for språk og er meir opptatt av kvalitetar i sjølve språket enn kva språket representerer av sosiokulturelle verdiar.

I den kvantitative analysen fann eg ingen tydelege samanhengar mellom foreldras (språk)geografiske bakgrunn og val av hovudmål. Gjennom intervjeta får eg i nokon grad eit anna inntrykk. I informantportretta ser vi at Ole har tydeleg støtte i heimen for å bruke

bokmål. Også dei andre fire informantane er inne på at foreldre gjennom eigen skriftspråkbruk og meir eller mindre uttrykte haldningars støttar opp om den målforma som er valt som hovudmål, men langt frå like tydeleg som det som kjem fram hos Ole. Unn Røyneland (2005) gir fleire eksempel på at foreldrebakgrunn og sosial bakgrunn betyr meir for den språklege tilpassinga enn det sosiokulturell orientering og framtidsplanar gjer. Kanskje kan dette også spele inn på skriftspråklege val, og eventuelt forklare noko av det sterke "avviket" som Ole viser i si skriftspråksorientering.

Eit anna interessant trekk som kjem fram i intervjuet, er synet på forholdet mellom skriftspråk og talemål. Medan Kristian og Eirik signaliserer sterke band mellom desse, ser dei tre andre talemålet og skriftspråket meir uavhengige av kvarandre, der skriftspråket har referanse til andre skrivne tekster og ikkje til det munnlege språket. Det kan forklare at ein person kan føle nynorsk som naturleg, medan den andre, med tilnærma same dialekt, føler at bokmål er det mest naturlege. Det dei omgir seg med dagleg, blir naturleg, og for dei fleste er bokmål som skriftspråk meir dominante i kvardagen enn nynorsk.

Vi har sett at det ikkje alltid er ein tydeleg samanheng mellom handlings- og haldningsaspektet på dei ulike sosiokulturelle indeksane. Når ein derimot ser på språkorienteringsindeksen, viser resultata ein sterk positiv korrelasjon mellom bruk av og haldning til dei to målformene. Alle informantane har hatt nynorsk som opplæringsmål, og ser ein bort frå fritida, har dei erfart målforma i om lag same mengde. Når samvariasjonen mellom bruk og haldning er så tydeleg, kan det tyde på at haldningane i stor grad er styrande for kva målform ein vel å bruke i ulike situasjonar. Her må det igjen presiserast at haldningsaspektet i denne undersøkinga byggjer på informantanes eigne opplysningar og på eit snevert utval av indikatorar, der meistringsaspektet er viktig. Mest tydeleg er samvariasjonen mellom haldning og bruk hos dei som har valt bokmål som hovudmål. Hos nynorskinformantane er haldningane noko meir sprikande. Informantar med ei positiv haldning til nynorsk, vel gjerne å halde fram med denne målforma i mange og ulike samanhengar. Men det finnsta også ein del informantar som har mindre positive erfaringar med nynorsk, og likevel brukar målforma på fleire område. Dette meiner eg at delvis kan forklarast gjennom argumentasjonsanalysen (jf. delkapittel 5.1). Fleire av desse informantane skriv at dei vel nynorsk fordi dei treng mengdetrenings for å halde rettskrivinga ved like. Også bokmålsinformantane argumenterer ut frå eit nyteperspektiv, men då ikkje ut frå trenings- og drilling av den målforma dei tykkjer er mest vanskeleg, men ut frå kva fleirtalet brukar og kva dei ser som mest relevant i verda utanfor klasserommet.

Resultata av argumentasjonsanalysen viser elles at det er bokmålsinformantane som har den mest praktiske og pragmatiske tilnærminga i argumentasjonen. Dei tilpassar seg i noko større grad til omgjevnaden, og 24 av 25 bokmålsinformantar grunngir val av hovudmål ut frå at det er bokmål dei meistrar best. Nynorskinformantane brukar i større grad argumentasjon som byggjer på kulturelle verdiar og positive haldningars til målforma, argument som handlar om tilhøyrsla og identitet, estetikk og språkpolitikk.

Argumentasjonsanalysen forsterkar altså i nokon grad inntrykket av at det er ein samanheng mellom å vere nynorskorientert og å uttrykke ei tradisjonell livsverd. Det betyr ikkje at alle bokmålsinformantane nødvendigvis ser på nynorsk som uttrykk for det tradisjonelle og gammaldagse. Dei fleste bokmålsinformantane opplever nynorsk som ei vanskelegare språkform, og i den kvantitative undersøkinga er det vanskegrad, ikkje nynorskens tilknyting til det tradisjonelle og rurale, som er det mest brukte argumentet.

7.2 Skriftspråk og livsverd

Underveis i avhandlinga har eg referert til fleire talemåsstudiar der samanhengen mellom språkbruk og livsverd har blitt undersøkt. Studien min tyder på at mange av dei same språklege strategiane som ligg bak valet av ulike talemålsvariantar, også gjeld ved val av skriftleg målform. Både talemål og skriftspråk er individuelt motiverte handlingar der eit individ gjennom språklege val synleggjer si tilhøyrsla og sine sosiale roller. Sjølv om eg ikkje har lagt vekt på å samanlikne styrken i drivkreftene bak talemål- og skriftmålshandlingar, er det fleire moment i studien som kan tyde på at skriftspråket i mange situasjonar ikkje har ein like sterk relasjon til identitet og livsverd som talemålet har. Ein del informantar uttrykkjer eit meir praktisk og pragmatisk forhold til skriftspråket, og vel målform av strategiske grunnar som ikkje nødvendigvis er direkte knytt til identiteten deira.

Enkelte observasjonar kan elles tyde på at når skriftspråket, og ikkje talemålet, er referanse for kva målform som er naturleg å bruke, er det lettare å velje bort opplæringsmålet. Dette kan òg ha ein samanheng med at nynorsk i ulik grad blir opplevd som eit uttrykk for den lokale eller regionale identiteten i Indre-Agder. Den kvantitative analysen viser at fleire nynorsk-enn bokmålsinformantar både ser på nynorsk som ein del av den lokale kulturen og meiner at nynorsk bør vere opplæringsmål i heimbygda. I kor stor grad nynorsken blir sett på som ein

del av den lokale eller regionale kulturen, vil ikkje berre variere mellom individ og grupper, men også vere avhengig av både alderstrinn og geografiske område.

Menneskelege handlingar må alltid tolkast inn i ein bestemt historisk, sosial og politisk kontekst. Studien min har blitt utført på ei lita gruppe ungdommar i Indre-Agder våren 2012, der bestemte konvensjonar og førestellingar er dominerande. Likevel håper eg at arbeidet mitt har overføringsverdi og kan vere eit bidrag til kunnskap om strategiar i valet mellom nynorsk og bokmål, og om relasjonen mellom skriftleg målform og livsverd generelt. Dei ulike oppfatningane vi ber med oss, vil alltid vere gjenstand for forhandlingar, og etablerte haldningar og idear vil kunne endrast over tid. Kunnskap om kva for mekanismar eller strategiar som ligg bak forskjellige språkval, og korleis ulike språkvarietetar kan ha ulik verdi på den lingvistiske marknaden, er ein viktig føresetnad for både å forstå og utfordre det som ligg nedfelt i habitus.

SAMANDRAG

Ingunn Kleggetveit

Eg eller jeg?

- **Ein studie av forhold som kan påverke valet mellom nynorsk og bokmål hos ungdom i Indre-Agder**

Mastergradsavhandling ved Institutt for nordisk språk og litteratur

Universitetet i Agder

Våren 2013

Denne mastergradsavhandlinga er ein studie av val av skriftleg målform blant ungdom som har hatt nynorsk som opplæringsmål i barneskulen. Ungdommar frå åtte ulike kommunar i Indre-Agder, alle elevar i vidaregåande skule, har deltatt i undersøkinga. Målet med studien er å utforske årsaker til val av målform og relasjonen mellom ungdommens språkval (nynorsk/bokmål) og korleis dei konstituerer livsverda si. Problemstillinga er utforma som to spørsmål:

- I kva grad er det samanheng mellom å halde fram med nynorsk som skriftleg målform og å uttrykkje ei tradisjonell, lokalforankra og rural livsverd?
- Kva for argument brukar ungdom med nynorsk som opplæringsmål i grunnskolen for val av hovudmål i vidaregåande skule?

I studien min har eg brukt ein kombinasjon av kvantitative og kvalitative metodar. Første del av feltarbeidet er ei undersøking utført på 49 informantar ved hjelp av eit elektronisk spørjeskjema. På bakgrunn av resultata frå denne undersøkinga har eg gjennomført eit djupintervju med fem informantar som kvar på sin måte kastar lys over kva intensjonar som kan ligge bak ulike språkhandlingar.

Motsetninga mellom modernitet og tradisjon er ein sentral dimensjon i studien min, og dei makrososiologiske teoriane til Anthony Giddens og Pierre Bourdieu har vore nyttige innfallsvinklar for arbeidet mitt. Medan Giddens er opptatt av korleis individet i eit moderne samfunn blir fristilt frå tradisjonelle rammer og kan ta individuelle val, har Bourdieu fokus på korleis ulike sosiale og samfunnsstrukturelle forhold er med på å avgrense desse vala.

Analysen av informantane argumentasjon viser at elevar med bokmål som hovudmål i større grad har eit instrumentelt forhold til skriftspråket, medan nynorskinformantane har ei

